



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Meld. St. 18

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre
land for 2010 og fisket etter avtalane
i 2008 og 2009





DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Meld. St. 18

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre
land for 2010 og fisket etter avtalane
i 2008 og 2009

Innhald

1	Samandrag	7	3.2	Det vitskaplege arbeidet som ligg til grunn for sette kvoter	27
1.1	Innleiing.....	7	3.3	Noregs rolle i ICES.....	29
1.2	Kvoteartalane for 2010, deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar.....	7	3.4	Kvoteartalane for 2010.....	29
Del I	Bakgrunn	11	Del III	Tilstanden til dei viktigaste bestandane Noreg fiskar på	49
2	Overordna hovudliner i fiskerisamarbeidet med omverda	13	4	Bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltingsplanar	51
2.1	Noreg som havnasjon	13	4.1	Bestandsutrekning og rådgjeving	51
2.2	Det havrettslege rammeverket	13	4.2	Bestandsutrekning.....	51
2.3	Norsk arbeid for å redusere utkast av fisk	14	4.3	Metodar for utrekning av bestandsstorleik	52
2.4	Internasjonale havmiljøprosessar	16	4.4	Forvaltingsplanar og rådgjeving	53
2.5	Arbeid mot illegalt, urapportert og uregulert fiske.....	17	4.5	Rådgjeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES).....	55
2.6	Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde	22	4.6	Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn.....	55
2.7	Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde	22	Del IV	Fisket etter avtalane i 2008 og 2009	77
2.8	Kontrollsamarbeid.....	24	5	Fisket etter avtalane i 2008 og 2009	79
Del II	Dei ulike fiskeriavtalane for 2010	25	5.1	Den felles forvaltninga.....	79
3	Dei ulike fiskeriavtalane for 2010	27	5.2	Norsk hausting av kvotar	79
3.1	Bakgrunn.....	27	5.3	Utanlandsk hausting av kvotar i norske havområde i 2008 og 2009	86

Forklaringar på forkortingar

ACOM	Advisory Committee on Fisheries Management/ICES sin rådgjevande komité for fiskeriforvaltning.	IWC	International Whaling Commission/ Den internasjonale kvalfangstkommissjonen. IWC skal ta vare på oppgåvene til Konvensjonen for regulering av kvalfangst, ICRW. Oppretta i Washington DC i 1946. Noreg vart medlem i 1948.
CCAMLR	Commision for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources/ Kommisjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. Konvensjonen vart vedteken i 1980 og vart gjeldande frå 1982. CCAMLR, vart oppretta i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane.	OSPAR	The Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic/Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege atlanterhavsområdet. Konvensjonen vart opna for signatur den 22. september 1992. OSPAR-konvensjonen var gjeldande frå 25. mars 1998. Noreg underskreiv avtalen i 1992.
COFI	The Committee on Fisheries/Fiskerikomiteen. FAO sin fiskerikomité etablert i 1965. Mellomstatleg forum der fiskeri og havbruk vertvert diskuterte.	NAMMCO	North Atlantic Marine Mammal Commission/Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen. Avtalen om samarbeid om forskning, bevaring og forvaltning av sjøpattedyr i Nordatlanten vart inngått av Færøyane, Grønland, Island og Noreg i 1992.
FAO	Food and Agricultural Organization/ FN si matvareorganisasjon. FAO vart etablert i 1945 og Noreg vart medlem same år. Organisasjonen arbeider blant anna med å utvikle internasjonale retningslinjer innan alle deler av fiskerinæringa.	NAFO	NorthWest Atlantic Fisheries Organization/Den nordvestatlantiske fiskerionorganisasjonen. Oppretta i 1979, signert av Noreg same år.
ICCAT	International Convention for the Conservation of Atlantic Tunas/ Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk. Vedteken i 1966 og vart gjeldande frå 1969. Noreg har vore medlem sidan 2004.	NEAFC	North East Atlantic Fisheries Commission/Den nordaustatlantiske fiskerikommissjonen. NEAFC behandlar reguleringstiltak for bestandar i Nordaust-Atlanten. Oppretta i 1959.
ICES	International Council for the Exploration of the Sea/Det internasjonale råd for havforskning. ICES er ein uavhengig, vitenskapleg organisasjon som gjev råd om forvaltninga av det marine miljøet og dei marine ressursane. Oppretta i Danmark i 1902. Noreg vart medlem same år.	RFMO	Regional Fisheries Management Organisation / Ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon
IUCN	International Union for the Conservation of Nature/Verdas naturvernunion. Organisasjonen vart grunnlagd i 1948 og har til formål å bevare naturen og fremme ei berekraftig utnytting og bevaring av naturressursane. Noreg har vore medlem sidan 1970.	SEAFO	South East Atlantic Fisheries Organization/Den søraustatlantiske fiskerionorganisasjon. Etablert 20. april 2001, Noreg vart medlem i 2004. SEAFO er ein regional fiskerionorganisasjon som arbeider for langsiktig utnytting av ressursane.
IMO	Den internasjonale sjøfartsorganisasjon. IMO er FN sitt spesialiserte kontor som er ansvarlege for å betre maritim sikkerheit og forhindre forureining frå skip.	TAC	Total Allowable Catch/totalkvote
		UUU	Ulovleg, urapportert og uregulert fiske
		WTO	World Trade Organisation/Verdas handelsorganisasjon. Arbeider for eit ope og ikkje-diskriminerande handelssystem samtidig som ein tek vare på miljøomsyn. Noreg har vore medlem sidan opprettinga i 1995.



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Meld. St. 18

(2009–2010)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2010 og fisket etter avtalane i 2008 og 2009

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 4. juni 2010,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Innleiing

Fiskeri- og kystdepartementet legg med dette fram ei melding til Stortinget om dei fiskeriavtalane Noreg har med andre land. Ei slik melding skal leggjast fram årleg. Meldinga vart for første gong lagt fram i 1995. Vi viser i den samanheng til St.meld. nr. 49 (1994-95) om dei årlege fiskeriavtalane Noreg inngår med andre land. I denne meldinga la Fiskeridepartementet vekt på å gje ei omtale av det rammeverket som vart inngått i tilknytning til utvidinga av den norske økonomiske sona på 1970-talet, og som ligg til grunn for dei årlege kvoteforhandlingane. Desse avtalane er ikkje særskilt omtalte i denne meldinga.

Denne meldinga omtalar kvoteavtalane for 2010, og norsk deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar. Vi gjer vidare greie for bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar for dei viktigaste bestandane som Noreg deler med andre land. Meldinga omtalar også dei kontrolltiltaka som er sette i verk for å kontrollere norsk og utanlandsk fiske på avtalte kvotar, i

tillegg til kontrollsamarbeidet med andre land og tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Til sist gjev meldinga ei oversikt over i kva grad norske og utanlandske fiskarar har utnytta kvotane sine i 2008 og 2009, og kva slags fartøygrupper som fiskar på dei kvotane Noreg har i sonene til andre land.

Kvoteavtalane for 2010 finst på Fiskeri- og kystdepartementet sine heimesider: <http://www.regjeringen.no/fkd>

1.2 Kvoteavtalane for 2010, deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar

I fiskeriforhandlingane med Russland om ein kvoteavtale for 2010 har partane bestemt ein totalkvote for nordaust-arktisk torsk på 628 000 tonn, som er ein auke frå i 2009. Denne kvoten inkluderer òg kysttorsk. Partane har justert den etablerte forvaltningsstrategien ved at det er lagt inn ein ny mekanisme som skal sikre at kvotefastsetjinga

også tek høgde for periodar med sterk vekst og oppskrivning av bestanden. Det er sett av ein torsekvote til tredjeland på 83 910 tonn. Med overføring av ein del av den russiske kvoten til Noreg, er den samla norske kvoten av torsk nord for 62°N på 271 045 tonn.

Hysbestanden er i god forfatning, og totalkvoten er auka frå 194 000 tonn for 2009 til 243 000 tonn for 2010. Den norske kvoten er på 118 400 tonn etter overføring frå Russland, det vil seie 25 350 tonn meir enn i 2009.

Ei hovudsak for samarbeidet mellom Noreg og Russland om forvaltning og kontroll i Barentshavet i 2009 har, som i 2008, vore arbeidet for ein styrka kontroll med uttak og omlasting av fisk i Barentshavet. I samband med forhandlingane om ein kvoteavtale for 2010 vart partane einige om å halde fram arbeidet for å halde overfisket i Barentshavet og Norskehavet i sjakk, og vidareføre og implementere ei rekkje av dei tiltaka partane tidlegare har vore einige om. Partane vart også samde om å opprette ei arbeidsgruppe for harmonisering av tekniske reguleringar for delte bestandar i Barentshavet, med sikte på å gjere det enklare å halde og kontrollere reglane, samstundes som fiskeria er berekraftige og gjev langsiktig rasjonell utnytting. Torskebestanden i nord er i god forfatning, og for 2009 vart det ikkje registrert noko overfiske i Barentshavet.

I forhandlingane om ein kvoteavtale mellom Noreg og EU for 2010 vart kvoten på torsk i Nordsjøen sett til 33 552 tonn. Det er ein auke frå 2009. Dette er i tråd med den reviderte gjenoppbyggingsplanen. Kvoten må også sjåast i samband med arbeidet for å betre beskatningsmønsteret for i praksis å redusere det reelle uttaket av torsk. I tråd med forvaltningsplanane er totalkvoten for hyse redusert til 35 749 tonn og seikvoten til 107 044 tonn. Kvotingkvoten på 12 897 tonn er ein nedgang frå 2009. Kvoten for raudspette er auka frå 2009 til 2010.

For makrell lykkast partane enda ikkje å einast om ein avtale for 2010. Noreg og EU inngjekk ein bilateral avtale og har starta arbeidet med forhandlingar om ein ny kyststatsavtale som inkluderer Færøyane og Island, med Russland som observatør.

Noreg har for 2010 inngått kvoteavtalar med EU om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen. Noreg har vidare inngått tosidige kvoteavtalar for 2010 med Færøyane og Grønland. Det er for 2010 også utveksla kvotar med Island i tråd med «Smottholsavtalen» og den tilhøyrande tosidige

avtalen, medan også trepartsavtalen er vidareført mellom Noreg, Island og Grønland om regulering av lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen.

Det vart også i 2009 gjennomført fempartsforhandlingar om norsk vårgytande sild mellom Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland, og ein firpartsavtale for kolmule vart underteikna for 2010.

Partane i NEAFC er einige om reguleringstiltak for fiske av uer i Irmingerhavet og Norskehavet i 2010, og har forplikta seg til ikkje å fastsetje større kvotar enn tidlegare år. Noreg har ikkje fiska på kvoten i 2009.

Noreg har også i 2009 vore representert i ulike møte i globale og regionale fiskeriforvaltnings- og verneorganisasjonar som CCAMLR (Konvensjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis), ICCAT (Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk) og SEAFO (Den søraust atlantiske fiskerierorganisasjon).

Noreg har også i 2009 vore aktiv i ulike møte i både IWC (Den internasjonale kvalfangstkommissjonen), og NAMMCO (Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen).

Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgevinga frå ICES. Rådgevinga frå ICES vert utarbeidd av ICES sin rådgevinge komite for fiskeriforvaltning, ACOM. ACOM hentar inn vitskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og arbeidsgruppa i ICES, og gjev årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanteren.

For alle dei viktigaste fellesbestandane har vi etablert langsiktige forvaltningsplanar.

Noreg har i ei årrekke hatt kontrollavtalar og avtalar om gjensidig satellittsporing med dei viktigaste samarbeidspartane i fiskerisektoren, mellom anna med Russland og EU-landa.

Frå 1. mai 2007 vart reglane om hamnestatskontroll i NEAFC sette i kraft. Desse reglane inneber at når fryst fisk som skal landast i land som er omfatta av NEAFC, må det stadfestast at fartøyet har kvote for den fangsten som skal landast. I 2009 er tilsvarende reglar innførte i NAFO.

Norske styresmakter har dei seinare åra innført ei rekkje tiltak for å hindre ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Eit sentralt tiltak har vore den såkalla «svartelistinga» av fartøy som har drive uønska aktivitet i område utanfor norsk jurisdiksjon. Fartøy som har delteke i ulovleg, urapportert og uregulert fiske i internasjonalt farvatn kan nekta lisens i Noreg si økonomiske sone. Ein kan vidare nekte desse fartøya å føre norsk flagg og under visse vilkår også nekte dei å lande fangst.

Norsk hausting av kvotar

Dei norske fartøya har nytta kvoten på fellesbestandane torsk og hyse nord om 62°N godt i 2008 og 2009.

I Nordsjøen vart dei norske kvotane av fellesbestandane makrell og sild hausta i 2008, men fisket etter makrell vart i 2009 sterkt hindra grunna EU sitt vedtak om å stengje si sone for fiske av norske fartøy. Seikvoten vart ikkje oppfiska, verken i 2008 eller 2009.

I EU sitt farvatn vart den norske kolmulekvoten utnytta godt begge åra, medan norske linefartøy utnytta store delar av botnfiskkvotane av blålange, lange og brosme både i 2008 og 2009. I færøyske farvatn har norske fartøy fiska 35 % av botnfiskkvoten i 2009, medan utnyttingsgraden var høgare i 2008 (46%).

På grunn av for låg gytebestand har det ikkje vore grunnlag for å opne loddefiske for sesongen 2008/2009 ved Island. I 2010 vert loddefisket opna ved Island. I Barentshavet vart det i 2009 opna for loddefiske for første gongen på fem år.

Det norske fisket i Skagerrak var i hovudsak konsentrert om reker og sild i 2008 og 2009.

Utanlandsk hausting av kvotar

Når det gjeld forvaltninga av norsk vårgytande sild vart kyststatane einige om å innføre kvotefleksibilitet over årsskiftet til 2008. Det vart opna for å føre over inntil 10 % av ubrukt kvote til neste år. Det vart også gitt tilgang til å forskottere inntil 10 % på neste års kvote. Alt fiske utover kvoten skal trekkjast frå kvoten neste år. Alle landa har, med unntak av Russland, fiska på forskot på 2010-kvoten. Dette skal trekkjast frå dei respektive kvotane for 2010.

Når det gjeld utanlandsk hausting av kvotar er det eit generelt trekk at kvotane av torsk, hyse og sei nord om 62°N er godt utnytta av dei landa som har kvoterettar i området.

Russland utnytta 38 % av torskekvoten i norsk økonomisk sone (NØS) i 2008, i 2009 utnytta dei 41 %. Russland hadde ei utnytting av sin kvote av hyse i NØS på 70 % i 2008. I 2009 fiska Russland heile hysekvoten sin i NØS. Dei fiska om lag 136 077 tonn og 112 929 tonn norsk vårgytande sild i NØS i 2008 og 2009.

Hovudtyngda av EU sitt fiske i Nordsjøen og Skagerrak skjer på botnfiskartar (torsk, hyse, sei o.a.), sild, makrell, kolmule og tobis. I følgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra hatt relativt god utnytting av torske- og seikvotane sine i Nordsjøen. Haustinga av dei fastsette kvotane i Skagerrak har også vore gjennomgåande høg for EU.

I 2008 fiska færøyske fartøy 115 tonn sei i Nordsjøen, medan dei i 2009 fiska 911 tonn. I høve til kvotane sine har Færøyane fiska mykje sild i NØS i Nordsjøen i 2008 og 2009, medan fangstane på makrell i Nordsjøen har gått ned frå 2008 til 2009. Dei utnytta sildekvoten nord om 62°N fullt ut i 2008, medan dei fiska noko mindre enn den fastsette kvoten i 2009.

Grønland har utnytta torske- og hysekvotane godt i 2008 og 2009. Grønlandske fartøy fiska 511 tonn sei i 2008, og 697 tonn sei i 2009.

Island hausta både torskekvoten og sildekvoten i NØS nord for 62°N i 2008 og 2009.

I hovudsak utnyttar Sverige dei bilaterale kvotane sine godt i norsk del av Nordsjøen. Fisket er i stor grad retta mot kvotane deira av torsk, sei, makrell, sild og reker.

Del I
Bakgrunn

2 Overordna hovudliner i fiskerisamarbeidet med omverda

2.1 Noreg som havnasjon

Som betydeleg havnasjon har Noreg eit stort ansvar for, og viktige interesser i, korleis det internasjonale samfunnet sitt forhold til bruk og vern av havet utviklar seg. Dei viktigaste utfordringane er å få gjennomslag for føre-var-prinsippet, prinsippet om berekraftig bruk og økosystembasert forvaltning. Det er derfor eit hovudmål for Noreg å ha ei internasjonal rolle som ivareteke våre interesser og vårt ansvar som havnasjon og kyststat på ein heilskapleg måte. Noreg har store og produktive havområde og betydeleg kunnskap om forvaltning av havmiljø og fiskeressursar. Derfor er det viktig å ha ein heilskapleg norsk havpolitikk og å få gjennomslag for norsk politikk internasjonalt. I botn for dette ligg at Noreg må bidra til berekraftig forvaltning av fiskeressursane internasjonalt.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noreg sin medverknad i dei ulike forhandlingsprosessar og internasjonale ressursforvaltningsfora.

- Å fremme norske prinsipp for forvaltning av levande marine resursar, i første rekkje prinsippet om berekraftig forvaltning basert på best tilgjengeleg vitskapleg kunnskap og prinsippet om økosystembasert forvaltning.
- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar, i første rekkje basert på sonetilhøyrseprinsippet.
- Å sikre ein tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltningsregime som Noreg deltek i.

Det er særleg tre saksfelt som har fått mykje merksemd dei seinare åra. For det første vil vi i dette kapittelet gjere greie for kampen mot ulovleg, urapportert og uregistert fiske. Dette er ei sak regjeringa har arbeidd med i fleire år, og dette arbeidet vil halde fram. For det andre har Noreg i 2008 og 2009 særleg sett utkast av fisk på dagsorden. Eit tredje område det er naturleg å omtale særskilt er internasjonale havmiljøprosessar der Noreg etter kvart har fått ei sentral rolle.

2.2 Det havrettslege rammeverket

Ei erklæring frå regjeringa, dagsett 26. september 1974, presenterte hovudlinene i fiskeripolitikken framover. Ved opprettinga av dei økonomiske sonene i tråd med det nye havrettsregimet, ønskte regjeringa å medverke til at nyordningane i fiskeria i verda ikkje skulle verke forstyrrende på forholdet til andre land. Den norske fiskeripolitikken skulle gjennomførast i kontakt med, og ved forhandlingar med, dei landa som vart påverka av dei norske utvidingstiltaka.

Regjeringa prøvde såleis å kome fram til ordningar med desse landa som bygde på byterelasjonar, nedtrapping av fiske over tid, og ordningar som tok omsyn til særlege interesser og vilkår.

Ein omfattande del av norsk fiske skjer på bestandar som vi deler med andre land. Dette var bakgrunnen for at regjeringa forhandla fram rammeavtalar som gav fiskekvotar til dei landa som utvidinga til økonomiske soner på 200 nautiske mil fekk verknad for frå 1. januar 1977, og som tok vare på tradisjonelle norske fiskeinteresser i dei økonomiske sonene til andre land.

Etter FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982 har kyststatane suverene rettar til å utnytte ressursane i havet innanfor dei økonomiske sonene. Dei kyststatane som deler ein eller fleire fiskebestandar skal samarbeide om regulering og vern av bestandane.

Utvidinga av nasjonal fiskerijurisdiksjon til 200 nautiske mil på slutten av 1970-talet førte såleis til ein overgang frå fleirsidige forhandlingar innanfor ramma av NEAFC til tosidige forhandlingar mellom dei kyststatane som saman har suverene rettar til fiskebestandane. Dette inneber at såkalla tredjeland, som ikkje har kyststatsrettar i det aktuelle området, ikkje tek del i avgjerder om forvaltninga av bestandane slik dei gjorde tidlegare.

Kyststatane har ei plikt til å fremje ei forsvarleg ressursforvaltning som samstundes skal ta omsyn til dei økonomiske behova til kystbefolkninga. Norske styresmakter legg vekt på dette når den norske fiskeripolitikken vert utforma. I tråd med dette fører Noreg årleg tosidige og fleirsidige forhandlingar med ei rekkje land om for-



Figur 2.1 viser dei ulike sonene under norsk jurisdiksjon og dei internasjonale havområda Smottholet i Barentshavet og Smotthavet i Norskehavet.

valtning og vern av fiskebestandar, om gjensidig fangstløyve og fiskekvotar, og om einssidig løyve for fiskarar i nokre land til å fiske i dei norske 200 nautiske mil-sonene. Noreg har inngått ulike typar fiskeritavtalar som opnar for utanlandsk fiske i norske havområde. Noreg har mellom anna inngått avtalar om forvaltning av felles fiskebestandar og kvotebyte på eksklusive bestandar med Russland og EU og avtalar om gjensidige fangstrettar med Færøyane, Grønland og Island (for meir informasjon om rammeavtalanane, sjå St.meld. nr. 49 (1994-95)).

Stortinget gav 11. juni 1996 samtykke til ratifikasjon av FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982 og FN-konvensjonen av 4. desember 1995 om fiske på det opne hav, som supplerer FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982. FN-avtalen om fiske på det opne hav forpliktar også til samarbeid om forsvarleg forvaltning av vandrane og langt migrerande bestandar. Noreg har

derfor i aukande grad teke del i samarbeidet i ulike relevante internasjonale organisasjonar.

Ved kgl. res. av 17. desember 1976 vart Noreg si økonomiske sone på 200 nautiske mil oppretta med verknad frå 1. januar 1977. Vidare vart det ved kgl. res. av 3. juni 1977 oppretta ei fiskevernsona på 200 nautiske mil rundt Svalbard med verknad frå 15. juni 1977. Ved kgl. res. av 23. mai 1980 vart ei fiskerisone på 200 nautiske mil rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980.

2.3 Norsk arbeid for å redusere utkast av fisk

I mange år har den største utfordringa i forvaltningssamarbeidet mellom Noreg og EU vore at partane til dels forvaltar nordsjøbestandane på ulik måte. Noreg har eit utkastforbod i sine fiskerireguleringar, og har innført reguleringar for å

unngå uønskt bifangst. Fiskarar frå EU er derimot *pålagde* å kaste ut fisk som er under gjeldane minstemål, fiska i strid med gjeldande bifangstreglar eller er av ein art der kvoten allereie er oppfiska.

Undersøkingar viser at fisk som vert kasta ut berre unntaksvis overlever. Utkast av fisk er derfor å sjå på som ei sløsing med ressursar. I tillegg vil ikkje fisken som vert kasta ut verte registrert i fangststatistikken, noko som gjev havforskarane eit mangelfullt talgrunnlag å basere bestandsestimata sine på.

Noreg innførte eit utkastforbod allereie i 1987. I starten omfatta forbodet kun torsk, men det har sidan blitt utvida til å gjelde alle kommersielt viktige bestandar. Årsaka til utkastforbodet var bestandssituasjonen for torsk i Barentshavet. Etter fleire svake årsklassar fekk ein i 1983 ei sterk årsklasse. Erfaring frå tidlegare viste at sterke årsklassar vart kraftig reduserte på grunn av utkast, noko ein ville unngå ein gong til. Første steg var etablering av eit program for midlertidig stenging av felt. Dermed lukkast det i åra 1984-1986 å få den sterke 1983-årsklassa gjennom den sårbare yngel- og ungfiskperioden. Då fisken nådde minstemålet oppstod eit anna problem, nemleg utsortering (high-grading). Ved store fangstratar vart fiskarane freista til å behalde berre den største fisken medan dei kasta småfisken på havet. Dette var tillete under dåverande lovgjeving. Alle, inkludert fiskarane, såg på dette både som ressursløsing og som moralsk gale. Forbodet verka med ein gong inn på fiskarane si åtferd. Styresmaktene innsåg likevel at utkast av fisk ikkje opphøyrer på grunn av eit forbod. Det har difor i åra etter vorte utvikla ei rekkje tiltak for å unngå utkast.

Utkastforbodet vart vidareført i lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova), som gjev heimel for eit pålegg om at all fangst av fisk skal førast i land. Ilandføringsplikta går fram av forskrift om utøving av fiske i sjøen av 22. desember 2004.

Dette inneber at all fangst av fisk skal førast i land, med unntak av levedyktig fisk som er fanga i strid med føresegnar gitt i eller med heimel i havressurslova. Slik fangst skal straks sleppast på sjøen.

I dag omfattar forbodet mot utkast ei lang rekkje artar. Lista vart seinast utvida i samband med at havressurslova tok til å gjelde. Forbodet har dei siste 20 åra medverka til å sikre eit berekraftig fiske, og har påverka fiskarane sine haldningar til utkast og skadeverknader.

Det er utfordrande å handheve utkastforbodet. Fiskeriforvaltninga arbeider difor ut i frå ei heil-

skapleg tilnærming om å regulere fiskeria, slik at potensiell utkastfisk ikkje kjem med i fangstane. Dette kan vere fisk under minstemål, bifangst, som overstig tilleten innblanding, eller fisk som fiskarane ikkje har kvote på, eller som det er forbode å fiske. Reguleringane som medverkar til å redusere risikoen for utkast, kan klassifiserast i fire kategoriar:

- Kvotegrunnlag
Forvaltninga må vurdere dei enkelte fiskeria etter det kvotegrunnlaget som er nødvendig og etter venta fangstsamansetning. Dette inneber at dei ulike fartøygruppene må tildelast kvotar på artar som ein ventar vil inngå i fangsten.
- Bifangst
 - bifangstkvotar
 - bifangstprosent
 - selektive reiskapar
- Skifte av fiskefelt
Om fangstsamansetninga ikkje er i samsvar med det kvotegrunnlaget eller det høvet til bifangst som er fastsett, pliktar fartøyet å skifte fiskefelt.
- Stengde område
Hovudårsaka til stengde område er vern av yngel og småfisk. Norsk fiskeriforvaltning opererer med ulike former for stenging.

Det er eit viktig element i det norske utkastregimet at det ikkje er ulovleg å lande ulovleg fanga fisk, men forvaltninga reagerer mot ulovleg fanga fisk med administrativ inndraging av fangst. Om forholda er meir alvorlege, det vil seie om fiskarane har vore aktlause eller fiska ulovleg med føreset, vert det reagert med vanlege straffereaksjonar som lovbrotsgebyr, førelegg eller fengselsstraff.

Dei to siste åra har Noreg meir enn før retta merksemda mot utkast i andre land, særleg utkast frå EU-fartøy. Målet har vore å redusere risikoen for utkast og bidra internasjonalt med våre erfaringar i samband med eit utkastforbod. Dette viste seg særleg i forvaltningssamarbeidet mellom Noreg og EU for 2009, der partane vart einige om ei rekkje tiltak som straks og på lengre sikt vil redusere utkastproblemet, særleg i Nordsjøen.

Tiltaka inkluderer blant anna introduksjon av «Real Time Closure» i Nordsjøen. Dette er eit system der område kan stengjast av for å verne yngel og småfisk. EU har i tillegg for første gong innført eit forbod mot utsortering (high-grading), og det må vi rekne som første steg mot eit utkastforbod. Tiltaket blei sett i verk frå 1. september 2009 og partane vil i 2010 evaluere systemet og eventuelt

gjere det betre. Noreg og EU vil også arbeide for å innføre meir selektive fiskereiskapar.

Innsatsen mot utkast vil truleg prege det alle-reie tette forvaltningssamarbeidet mellom partane i åra framover, sidan EU er i gong med å revidere sin felles fiskeripolitikk (Common Fisheries Policy). I denne samanhengen vil EU vurdere å innføre eit utkastforbod i eigne farvatn, det er derfor viktig at Noreg opprettheld presset for å innføre utkastforbod dei neste åra.

Samtidig har Noreg teke initiativ for å få denne saka på dagsorden globalt. Det første initiativet var under forhandlingane om fiskeriresolusjonen i generalforsamlinga i FN hausten 2008. Etter eit norsk forslag vart det her semje om ein paragraf om ein handlingsplan mot utkast. Generalforsamlinga til FN bad FAO sin fiskerikomiteé (COFI) i 2009 om å vurdere ein handlingsplan mot utkast.

Dette la grunnlaget for at Noreg på FAO sitt fiskerimøte (COFI) i mars 2009 kunne foreslå at ein utarbeider ein slik handlingsplan for globale retningslinjer for å redusere utkast. Sjølv om ein del land har etablert lovgiving for å redusere utkast, er framleis utkast av bifangst stort sett uregulert og urapportert på globalt nivå. Det blei gjennomført ein ekspertkonsultasjon i COFI i november 2009 og det vert lagt opp til tekniske konsultasjonar i 2010. Målet er å få på plass retningslinjer i 2011. Noreg er initiativtakar i denne prosessen.

Noreg ønskjer også å fremje liknande tiltak i regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar. Eit viktig steg i den retninga var at årsmøte i den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC) i november i 2009 vedtok utkastforbod i internasjonalt farvatn på dei viktigaste artane som regulerast av NEAFC. Vedtaket er eit viktig steg mot ei berekraftig og ansvarleg forvaltning av fiskebestandar i internasjonalt farvatn.

2.4 Internasjonale havmiljøprosessar

Havmiljøprosessar generelt

Noreg er ein framstående havnasjon, og den internasjonale utviklinga har mykje å seie for oss. Samtidig har vi også eit ansvar for å ta vare på interessene våre på internasjonalt nivå. utfordringane består mellom anna i å få gjennomslag for grunnleggjande prinsipp, til dømes slike prinsipp som vart vedtekne på utviklingstoppmøtet i Johannesburg i 1992. Dei omfattar mellom anna innarbeiding av føre-var-prinsippet, prinsippa om berekraft-

tig bruk og ei økosystembasert forvaltning. Det å bruke marine netteværk av verneområde som eit verkemiddel for å verne marine ressursar, er no i utvikling i dei to næraste fiskeri- og havmiljøorganisasjonane våre (NEAFC, OSPAR).

Rammeverket for internasjonalt samarbeid om havspørsmål ligg til FN sin havrettskonvensjon frå 1982. Konvensjonen gjev kyststatane suverene rettar over naturressursane innanfor ei økonomisk sone, og etablerer og vidareutviklar globale rettslege rammeværk for ei rekkje saksfelt, medrekna levande marine ressursar, kontinentalsokkelen, djuphavsbotnen, forskning og havmiljøet.

Hovudtrekka i fiskeriregimet er at kyststaten får kontroll over ressursane innanfor den økonomiske sona og at desse rettane er balanserte av plikter til å bruke og forvalte ressursane på optimalt vis. I tillegg skal statane søkje å samarbeide om forvaltninga av bestandar som er delt mellom fleire lands soner. Eit veksande fiske på det opne havet på 1980-talet viste at regimet ikkje var konkret nok til at ein kunne få til dekkjande reguleringar av verksemda utanfor 200 nautiske mil-sone-ne.

Dette førde til at FN-konferansen for miljø og utvikling i 1992 (UNCED) oppmoda om å forhandle fram ei presisering av det globale regimet om fisket utanfor dei økonomiske sonene. Under generalforsamlinga vart det i 1993-1995 framforhandla ein FN-avtale om fiske på det opne havet (UN Fish Stocks Agreement). Forvaltningsprinsippa i avtalen gjeld også innanfor dei økonomiske sonene. Avtalen pålegg statane å bruke ei føre-var-tilnærming i fiskeriforvaltninga og viser til omsynet til bevaring av biodiversitet og økosystembasert forvaltning. Føre-var-tilnærminga skal skjje ved å innføre referansepunkt i form av mål for bestandsstorleik for ulike bestandar. I det nordaustatlantiske området har ICES leia dette arbeidet. Forvaltninga av dei viktigaste kommersielle bestandane skjer i dag ut frå referansemål på bestandsstorleik og beskatningsgrad. FN-avtalen pålegg vidare statane å delta i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrande fiskebestandar.

Generalforsamlinga i FN vedtek årlege resolusjonar om havmiljø og fiskerispørsmål som mellom anna gjev overordna retningslinjer for korleis statar og regionale organisasjonar bør forvalte det marine miljøet. Eit tema som har blitt diskutert i mange fora internasjonalt sidan hundreårsskiftet, er fiske ved og øydelegging av sårbare økosystem (f.eks. korallar). Generalforsamlinga vedtok i 2006 ein resolusjon som bad partane ta auka omsyn til sårbare botnhabitat. Dette resulterte i ret-

ningslinjer frå FAO for fiske ved sårbare djuphavshabitat, som dei regionale fiskerierorganisasjonane og statane innarbeider i sine regelverk. Hausten 2009 skal generalforsamlinga gjennomgå implementeringa av FN-resolusjonen. Noreg bidrog aktivt i utforminga av både FN-vedtaket og i FAO sitt utviklingsarbeid.

Marine spørsmål vert diskuterte i aukande grad i globale miljøavtalar. Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD), avtalen om handel med trua dyreartar (CITES) og konvensjonen om migrerende artar (Bonnkonvensjonen) er alle eksempel på globale miljøavtalar som kan gjere vedtak knytt til forvaltninga av kommersielle fiskarar.

Det vert lagt føringar for norske fiskeri gjennom vedtak og reguleringar i dei regionale organisasjonane for fiskeriforvaltning, mellom anna i den nærmaste organisasjonen i Nordaust-Atlantaren, NEAFC. I tillegg har Konvensjonen om vern av havmiljøet i Det Nordaustlege Atlanterhavsområdet (OSPAR) eit generelt havmiljøansvar. Både NEAFC og OSPAR arbeider med oppretting av marint verna område i internasjonalt farvatn. Ein nyleg inngått avtale mellom dei to organisasjonane skal hjelpe til å konkretisere oppfølgingsansvaret der NEAFC har ansvar for fiskeriregulering aktivitetar. Dette er ei oppfølging av FN sin regjeringssjefkonferanse i 2002 (Johannesburg), der det vart vedteke å opprette eit nettverk av marine verneområde både innanfor og utanfor statane sine økonomiske soner innan 2012.

2.5 Arbeid mot illegalt, urapportert og uregulert fiske

Kunnskap, heilskap og handling

Ulovleg, urapportert og uregulert (UUU) fiskeriaktivitet er ei global, regional, nasjonal og lokal utfordring for ei forsvarleg utnytting av fiskebestandane og for marine økosystem. UUU-fiske skjer ikkje berre på bestandar som Noreg som kyststat har eit forvaltningsansvar for. Den overnasjonale karakteren som UUU-aktiviteten har gjer at vi må ha ei brei tilnærming til desse spørsmåla. Konsekvensane for økonomi og miljø er reelle og svært alvorlege i mange område. Dette ser vi tydeleg både i direkte ulovleg fiske og i større uregulerte fiskeri. Samtidig kan urapportert fiske og juks i form av meir eller mindre systematisk underrapportering, sjølv i mindre kystfiskeri, vere ei betydeleg utfordring. Med andre ord er UUU-verk-

semd ein fellesnemnar for aktivitetar som spenner frå «storhundre» ved levering frå mindre fartøy til eit industrielt fiske langt utover kvote eller direkte utanfor kvote. Sidan operatørane medvete prøver å skjule slik verksemd, og fordi verksemda omfattar mange ulike former og grader av regelbrot, er det utfordrande å innrette kontroll og sanksjonar på ein passende måte.

Det er difor avgjerande i arbeidet mot UUU-aktiviteten å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere kva tiltak som skal setjast i verk. Det er mellom anna difor departementet gir økonomisk støtte til uavhengige analysar av konkrete problemstillingar, stør oppretting av analysegrupper og samarbeider med russiske styresmakter for å kartleggje det urapporterte fisket i Barentshavet. God og tidsrett kunnskap er grunnlaget for den heilskaplege vurderinga til styresmaktene av aktuelle handlingsalternativ. På denne måten kan styresmaktene velje dei målretta tiltaka som ein meiner gir størst effekt. Målet er å stoppe UUU-fisket.

Vi kan sjå på UUU-fiske som ein operasjon langs ei tidslinje med fleire, til dels overlappende fasar som omfattar meir enn sjølve fangstinga. For å gjennomføre eit fiske trengst det finansiering og andre ressursar for å utstyre fartøyet for fiske. Vidare blir fangst ofte omlasta til havs eller i hamner, og deretter blir råstoff bearbeidd og omsett i fleire ledd gjennom verdikjeda. Det er karakteristisk at tradisjonell fiskerikontroll hovudsakleg har lagt vekt på sjølve fangstinga og landinga av fisk, og i mindre grad hatt ressursar til å etterprøve eigarskap, omsetning og bearbeiding.

Tiltak eller handlingar må veljast etter ei heilskapleg vurdering, og ofte i samarbeid på tvers av faglege linjer og styresmakter. Vi må til dømes ta med i vurderinga at enkelte av UUU-aktørane er ein del av eit større nettverk. Desse nettverka omfattar fartøy med fordelsflagg (bekvemmelighetsflagg), selskap oppretta i skatteparadis, kjende og ukjende leiarar og andre skjulte bakmenn. All erfaring med slike kriminelle nettverk tilseier at dei er omstillingsdyktige. Vi endra til dømes spelereglane i NEAFC-området gjennom hamnestatskontrollen og innføringa av svartelisting. No ser vi teikn til at aktørane omstiller seg og finn andre ruter. Ei løysing på dette kan vere å utvide svartelistingssystemet og opprette eit globalt regime for hamnestatskontroll.

Kjernen i arbeidet er å tenkje heilskapleg – også utanfor eigen organisasjon og nasjonale grenser. Det er på den måten vi finn dei beste og mest verknadsfulle verkemidla. Dynamikken mel-

lom UUU-verksemd og mottiltak inneber ein prosess der aktørane bak den ulovlege verksemda heile tida vil søkje å omgå eller tilpasse seg styresmaktene sine tiltak for å setje opp barrierar mot UUU-verksemd. Erfaring frå dette og frå andre område vi kan samanlikne med, viser at eit avgjerande kriterium for suksess er at offentlege styresmakter opptre koordinert, handlekraftig, proaktivt og hurtig.

I ressurskontrollen både nasjonalt og internasjonalt, blir det no lagt større vekt på fleire ledd i verdikjeda, særleg gjeld det omsetningsledd. Det gjer det nødvendig å intensivere arbeidet på tvers av ulike etatar, og det blir stadig meir aktuelt å samarbeide med politiet, skattestyresmaktene og toll- og avgiftsdirektoratet.

Det gjeld å ha klart for seg dei ulike etatane sine myndighetsområde. Til dømes skal ikkje fiskeristyresmaktene drive straffeprosessuell etterforskning, men hente inn opplysningar og kartlegge sakstilhøve i konkrete saker på ein slik måte at dette materialet kan nyttast av politiet under ei eventuell etterforskning. Den konkrete grensa mellom etterforskning og fiskeristyresmaktene si sakshandsaming vil variere frå sak til sak og kan utviklast i dialog mellom etatane. Samtidig er det viktig å understreke at usikkerheit om ansvarsområda ikkje må bli eit hinder for initiativ og proaktiv åtferd, og initiativ må ikkje ta former som gjer at slikt samarbeid blir skadelidande.

Sjølv om det grovt sett blir sett skilje mellom nasjonalt og internasjonalt arbeid så er det ei kjensgjerning at ein del av desse problema er grenseoverskridande, og difor må vi i stor grad samarbeide med styresmaktene i andre land. Kontrollavtalane vi har med andre statar er til dømes komne på plass først og fremst for å støtte det nasjonale kontrollarbeidet vårt.

Noreg er den største havnasjonen i Europa og har store interesser i at havressursane i verda blir forvalta på ein berekraftig måte. Ved å delta i ei rekkje regionale fiskerioranasjonar, og i andre regionale og globale fora, får Noreg høve til å markere seg internasjonalt i desse spørsmåla.

Fiskeri- og kystdepartementet sitt arbeid mot UUU-fiske har ein rekke tiltak som er gruppert ut frå om dei hovudsakleg er retta nasjonalt, bilateralt, regionalt eller globalt.

Nasjonalt arbeid

Havressurslova

Den nye havressurslova tredde i kraft 1. januar 2009. Det er eit sentralt mål og eit viktig tiltak å få

innarbeidd denne lova i fiskeriforvaltninga gjennom forskriftsarbeid. Utfordringar som skal løysast er mellom anna å sikre at internasjonale avtar er tilstrekkeleg innarbeidd i den nasjonale lovgivinga. Særleg gjeld dette pliktene våre gjennom fiskeriforvaltningsorganisasjonane NEAFC, CCAMLR, NAFO, ICCAT, SEAFO og dei bilaterale avtalane med Russland og EU. Eit viktig element er å lage eit forskriftsverk som gjer det mogleg å bruke dei nye heimlane mot UUU-verksemd som finst i havressurslova.

Den nye lova inneheld også nye heimlar i kampen mot UUU-fiske. Til dømes opnar lova for å kunne straffe eigne borgarar og juridiske personar sine handlingar i andre land sine jurisdiksjonsområde. Lova innfører også tvangsmulkt og lovbrotsgebyr som er ei ny sanksjonsform for bruk i fiskeriforvaltninga.

Utkastforbodet

Vi har gjort framsteg i arbeidet for å redusere utkast av bestandar som er forvalta i fellesskap av EU og Noreg. Det er vedteke ei rekkje tiltak som har vorte satt i verk i løpet av 2009 og 2010. Forbodet mot utkast av fisk har vore høgt prioritert, og skal følgjast opp nasjonalt gjennom utøvingsforskrifta.

Forsterke nasjonal inspeksjonsverksemd

Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Norges Råfisklag og Norges Sildesalgslag utarbeider nasjonale strategiske risikovurderingar for kontrollstyresmaktene. Slik sikrar vi at kontrollressursane blir sette inn der det er mest sannsynleg at det skjer lovbrøt og der følgjene av lovbrøt er størst. Risikovurderingane er også eit viktig hjelpemiddel for å samordne innsatsen til dei tre sentrale aktørane i ressurskontrollen i fiskeria; Fiskeridirektoratet, Kystvakta og salslaga.

Den nasjonale inspeksjonen skal forsterkast. Vi vil auke talet på inspeksjonar av norske fartøy, vere meir til stades og gjennomføre effektive omsetningskontrollar. Vi vil leggje særleg vekt på lovbrøt i torskefiskeria nord for 62°. Det vil også bli utarbeidd eit system for meir effektiv bruk av kontrolldata. Det er nødvendig å halde fram med kontrollen med hummarfiske og fritidsfiske langs Skagerrakkysten. Fiskeristyresmaktene skal styrkje bruken av mobile inspeksjonsgrupper. Dette kan gjennomførast med leigefartøy eller mindre hurtiggåande båtar som er knytte til nye kystvaktfartøy. Mobile inspeksjonsgrupper kan flytte seg

raskt, setjast inn på kort varsel der det er fare for lovbrøt og komme overraskande både under fangst og landing.

Salslaga

Det skal leggjast til rette for at kontrollane til salslaga blir gjennomførde og dokumenterte på ein slik måte at materialet kan brukast i kontrollstatistikk og inspeksjonsdatabasar. Det blir ei viktig oppgåve for salslaga i tida som kjem å følgje opp arbeidsoppgåvene som følgjer EU sine fangstsertifikat. Dette gjer det nødvendig med eit nært og fortruleg samarbeid mellom salslaga og Fiskeridirektoratet. Målet er å styrkje samarbeidet med salslaga, og å arbeide mot meir framtidsretta verk-tøy for å sikre korrekt informasjon og effektiv ressurskontroll.

Støttesystem i ressurskontrollen

Innføringa av elektronisk fangstdagbok skal samordnast med å senke kravet om satellittsporing (VMS) av fiskebåtar ned til 15 meter. Det skal også arbeidast med å forenkle rapporteringsreglane.

Å overvake aktiviteten i Barentshavet er høgt prioritert og det blir difor laga ei løysing som kan koordinere risikovurderingar i sann tid i dette området. Dette skjer i samarbeid mellom Kystvakta, Forsvaret, Fiskeridirektoratet og Russland.

Frå 1. januar 2009 har Fiskeridirektoratet igjen hatt i drift ein tips- og beredskapstelefon. Dette tiltaket skal gjere det mogleg å melde frå om mistenkjelege aktivitetar og rapportere direkte til fiskeristyresmaktene om eventuelle lovbrøt.

Kontroll- og overvakingssenteret til Fiskeridirektoratet (FMC Norway) vart sett i drift 29. mai 2009. Her er det bemanning heile døgnet og senteret samordnar ei rekkje kontroll- og overvakingsoppgåver.

Sporings- og rapporteringssystem

Noreg rår over ei rekkje maritime sporings- og rapporteringssystem under ulike etatar. Desse systema må vi sjå i samanheng, og dei må utnytast for å oppnå maksimal verknad. Det er eit klart mål å få så godt oversyn over UUU-fisket som mogleg. Difor skal vi følgje utviklinga av VMS, AIS, LRIT, SafeSeaNet og andre aktuelle sporingssystem og sjå samanhengen mellom dei. Satellittsporing av fiskefartøy er svært viktig og det blir arbeidd for å få på plass ein fast avtale om utveksling av sporingsdata med Russland.

Sporing av fisk og fiskevarer

EU vedtok ei rådsregulering den 29. september 2008 om å etablere eit system for å nedkjempe UUU-fiske. Reguleringa tredde i kraft 1. januar 2010. Dette inneber mellom anna at det må skrivast ut fangstsertifikat for villfanga fisk som skal eksporterast til EU. Sertifikatet skal følgje produktta heilt til dei blir omsette i marknaden. I 2009 meinte Noreg at det var nødvendig å gi høgste prioritet til arbeidet med å oppfylle dei krava som EU stilte frå og med 2010. Det nasjonale systemet for å sikre krava til fangstsertifikat vil også kunne brukast til betre sporing gjennom fleire ledd i verdikjeda. Etter kvart vil dette gi kontrollstyresmaktene betre høve til å gjennomføre omsetningskontrollar.

Følgje pengestraumar og transportruter for UUU-fisk

Fisk representerer økonomiske verdier for UUU-aktørane. For å nedkjempe UUU-fisket er det viktig å følgje pengestraumen. I dette arbeidet gjeld det å få på plass gode rutinar og godt samarbeid mellom Fiskeridirektoratet, Økokrim, Skattedirektoratet og Toll- og avgiftsdirektoratet.

Fisken blir transportert frå fiskefeltet til ei bedrift og så ut i marknaden. Å få kunnskap om kva for ruter og på kva måte UUU-fisken blir transportert, vil gi oss eit meir heilskapleg bilde av UUU-aktørane. Fiskeri- og kystdepartementet støttar difor eit pilotprosjekt der Transportøkonomisk institutt skal kartleggje transportruter til torsk fanga i Barentshavet. Prosjektet blir kontinuerleg fulgt opp av fiskeriforvaltninga.

UUU-fartøy med uklare eigartilhøve

Ved å kombinere fordelsflagg og fiktive firma oppretta i skatteparadis så greier dei reelle eigarane bak UUU-aktivitetar å skaffe seg bortimot full anonymitet. Den nasjonale kampen mot skatteparadis og økonomisk kriminalitet bør også gjelde problema som knyter seg til bruk av fordelsflagg. Vi vil prøve å vidareutvikle samarbeidet med andre nasjonale styresmakter for å nedkjempe anonymitet i UUU-verksemnda slik at vi får avdekka dei reelle eigarane bak operasjonane.

Den strategiske analysegruppa

Kystvakta og Fiskeridirektoratet har i ei årrekke samarbeidd i ei eiga analysegruppe om å kartleg-

gje fiskerikriminalitet i Barentshavet. Dette arbeidet skal halde fram, og politiet og tollstyresmaktene skal inviterast til å delta. Arbeidet omfattar systematisk innhenting av informasjon knytt til mogleg grenseoverskridande fiskerikriminalitet der aktørar med ulik nasjonalitet, inklusive norsk, er involverte. Fiskeri- og kystdepartementet meiner at det etter kvart kan få store positive verknader at fleire etatar blir direkte med i prosjektet.

Bilateralt arbeid

Russland

Det bør vere eit mål å styrkje den reelle dialogen og samarbeidet med Russland om korleis vi saman kan redusere overfisket i Barentshavet ned mot null. Arbeidet med å få ei varig, utvida satellittsporingssavtale for fiskerifartøy i Barentshavet er høgt prioritert. Dersom det ikkje lukkast å få på plass ein bilateral avtale skal FKD vurdere å ta spørsmålet opp i eit breiare forum, til dømes i NEAFC. Det er også viktig å vidareføre samarbeidet om inspeksjon av fiskefartøy i NEAFC sitt reguleringsområde og i Gråsona.

Arbeidet i analysegruppa under det permanente utvalet (DPU) under Den blanda norsk-russiske fiskerikommissjon for å kunne vurdere omfanget av overfisket i Barentshavet må styrkast og metodediskusjon må slutførast. Dette er viktig både for å kunne bli samde om tal for overfiske og for å følgje opp enkeltsaker og fartøy. Vi legg stor vekt på å komme vidare i arbeidet i arbeidsgruppa for harmonisering av tekniske reguleringar, fordi dette kan redusere faren for regelbrot.

Arbeidet i underutvalet under DPU skal prioriterast for å få fleire kontrollstyresmakter og påtalemakter i begge land med i arbeidet mot UUU-fiske i Barentshavet. Det kan mellom anna skje ved at desse etatane får meir kunnskap om kontrollverksemd og straffeprosessuelle krav i begge land. Det er også ønskjeleg å utveksle inspektørar som observatørar i samband med landingskontroll av eigne fartøy.

Det er eit mål å ha direkte kontakt mellom norske og russiske kontrollstyresmakter i andre russiske hamner enn Murmansk og hamner i andre NEAFC-land. Det er også eit behov for å følgje det russiske landingsmønsteret etter at det nye russiske tollklaringsregelverket er komme på plass. Riksrevisjonens parallellrevisjonsprosjekt i samarbeid med russisk riksrevisjon har gitt positive resultat.

EU

For å lukkast i arbeidet mot urapportert fiske er det viktig at EU endrar utkastpraksisen sin, som inneber stor uregistert fiskedød. Dette er eit sentralt punkt i samband med fiskeriforhandlingane og politiske diskusjonar og eit viktig norsk innspel til reforma av EUs felles fiskeripolitikk, som føregår no.

I samband med innarbeidinga av EUs forordning om UUU-fiske er det inngått ein avtale (MoU) med EU om fangstsertifikat. Denne MoUen er meint som ei plattform for vidare utvikling av kontrollsamarbeid med kommisjonen og aktuelle medlemsland. Det blir også lagt vekt på å samarbeide om vidareutvikling av mellom anna VMS. Elektronisk fangstdagbok vil bli innarbeidd i regelverket i store deler av Europa i løpet av 2010.

Vi vil prioritere å vedlikehalde og utvikle det gode kontrollsamarbeidet på operativt nivå mellom EU-kommisjonen og norske kontrollstyresmakter. Dette arbeidet skal styrkast gjennom regelmessig kontakt og dialog på politisk nivå. Det skal oppmuntrast til utplassering av nasjonale ekspertar i FCA.

Det er eit mål å få i stand eit samarbeid med EU-organet Community Fisheries Control Agency (FCA) i Vigo. Vidare er det viktig å oppretthalde eit godt samarbeid med EU-land som Nederland, Storbritannia, Danmark, Spania og Portugal.

Enkelte statar har ikkje tilfredsstillande sporing av fartøy som er med i fiske. For norske styresmakter er det viktig å finne praktiske løysingar slik at desse fartøya kan sporast. Sjølv om sporing er eit flaggstatsansvar så vil innføringa av LRIT (langtrekkande havovervåking av skip) kunne vere med å dekkje del av norske kontrollstyresmakter sine behov.

Andre statar

Kontrollavtalar er nyttige verktøy i kampen mot UUU-fiske, og Noreg ønskjer å inngå nye avtalar med Senegal og Kina. Det er også ønskjeleg å følgje opp eksisterande avtalar med Tyskland, Frankrike, Polen, Irland, Grønland, Island og Færøyane. Særleg viktig er det å utveksle kompetanse og utvikle gode rutinar for handtering av risikoobjekt knytt til UUU-fiske.

Det finst også generelle fiskeripolitiske avtalar (MoUar) med Canada, USA, Sør-Korea, Kina og Japan og det bør vurderast om kontrollsamarbeid med desse statane kan utviklast under dei eksisterande avtalane.

Regionalt arbeid

Regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar

Gjennom NEAFC ønskjer vi å styrkje regelverket om landingskontroll og sporing av fisk og fiskeprodukt. Eit anna viktig spørsmål som må drøftast i NEAFC er svartelistingssystemet for NEAFC-medlemsstatar. Det er ønskjeleg å få oppslutning i den nordatlantiske fiskeriministerkonferansen (NAFMC) om opne nasjonale databasar om kvotar, fangst og landingar. Sett i lys av dei gode erfaringane vi har med forsøksprosjektet for utvida satellittsporingssutveksling med Russland, bør vi også vurdere liknande ordningar i ei slik regional ramme. Dette er særleg aktuelt dersom det viser seg vanskeleg å få til ein permanent avtale med Russland.

Det er eit mål å oppnå gjensidig anerkjenning av svartelister over UUU-fartøy mellom dei ulike regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane. På regionalt nivå er det også viktig å arbeide for eit utkastforbod. Også som medlem av ICCAT, SEAFO, NAFO og CCAMLR ønskjer Noreg å leggje særleg vekt på UUU-spørsmål i desse organisasjonane.

Det nordatlantiske kystvaktforumet (NACGF)

Fiskeri- og kystdepartementet tek del i forumet sine ekspertmøte om fiskerihandheving. Målet med å delta er å medverke til betre og meir effektiv overvakning og kontroll av fiskeressursane i det nordlege Atlanterhavet. NACGF skal studere sambandslinjene mellom UUU-aktivitet og organisert kriminalitet. Noreg må følgje opp dette arbeidet.

Oppsynsfartøy i samarbeid med land i det vestlege Afrika

Det blir planlagt eit bistandsprosjekt der Noreg driftar eit skip som skal nyttast til fiskerikontroll og opplæring av kontrollstyresmakter i statar i det vestlege Afrika. Det er positivt både med omsyn til bistand og ressursforvaltning å medverke til at desse landa kan kontrollere fiskeriaktiviteten betre.

Globalt arbeid

Nedkjemping av grenseoverskridande fiskerikriminalitet

Å nedkjempe kriminalitet er komplisert og involverer både politiet, påtalemakta og kontrollstyres-

maktene. Systematiske UUU-aktivitetar i stor skala er prega av enkelte store internasjonale kriminelle aktørar. I arbeidet mot desse nettverka må det leggjast til rette for samarbeid mellom politiet i seljar- og kjøparland for å etterforske eventuelle kriminelle tilhøve.

I generalforsamlinga i FN sin fiskeriresolusjon frå 2008 blir det peika på at det kan vere sambandslinjer mellom UUU-verksemnd og annan grenseoverskridande organisert kriminalitet. For å ha ei heilskapleg tilnærming til UUU-spørsmåla må vi ta dette poenget med i vurderinga av framtidige tiltak.

FAO-konsultasjonar om hamnestatskontroll og flaggstatskriterium

Målet er å få globale reglar etter modell av NEAFC sine hamnestatskontrolltiltak. Noreg håpar at det gjennom dei tekniske konsultasjonane i FAO kan bli semje om ein tekst, slik at ein avtale kan opnast for signering seinast i 2010.

Det har vore arbeidd med å lage kriterium for flaggstatsansvar. Dette kom i gang etter eit canadisk initiativ i FAO. Det er ønskjeleg å følgje opp dette initiativet.

Utkast og FAO

Det ønskjeleg å setje utkastsaka på dagsorden internasjonalt, både regionalt, globalt og bilateralt. Dette er gjort, mellom anna gjennom COFI-initiativet om ein IPOA (International Plan of Action) eller Technical Guidelines, som Noreg finansierer. Målet er eit globalt forbod eller ein kraftig reduksjon av utkast og bifangst av fisk. Dette arbeidet skal prioriterast og må følgjast tett i FAO.

IMO

I 2007 var det eit arbeidsmøte mellom IMO (FNs sjøfartsorganisasjon) og FAO om korleis dei to organisasjonane kan samarbeide for å nedkjempe UUU-fiske. Vi ønskjer å følgje opp rapporten og tilrådingane frå møtet. Målet er å etablere reglar om IMO-nummer på alle fiskefartøy og at dei eksisterande sporingssystema for skipsfarten også skal gjelde for fiskefartøy.

Den internasjonale koden for sikring av skip og hamneterminalar (ISPS-koden)

Omlasting av fisk mellom eit fiskefartøy og eit lasteskip kan vere brot på ISPS-koden. At enkelte

UUU-aktørar har samband med annan organisert kriminalitet gjer at sikkerheitsbrotet i ISPS-koden er meir alvorleg. Det er ønskjeleg både for kampen mot UUU-fiske og for hannesikkerheita, at det blir erkjent internasjonalt at fartøy som har eller er involvert i UUU-fiske kan vere ein fare for hannesikkerheita og at det difor må innførast krav om dokumentasjon ved omlastingsoperasjonar.

MCS Network

MCS (Monitoring, Control and Surveillance) Network arrangerte i august 2008 ein «fisheries enforcement workshop», der ei rekkje land deltok. Formålet med MCS Network er å lette kontrollarbeidet i kampen mot UUU-fiske. Både formelle og uformelle kontakter vi får i dette nettverket må nyttast. Neste konferanse er i Mosambik i 2010. Norske fiskeristyresmakter skal utvide den norske innsatsen i MCS-nettverket. Samarbeidet vårt innan nettverket skal bli meir operativt ved at det blir enklare å utveksle informasjon på operativt nivå med samarbeidande statar. Slik informasjonsutveksling er eit godt eksempel på at vi kan få nyttig informasjon om aktørar som driv fiske i våre farvatn, og at vi på tilsvarende måte kan gi nyttig informasjon tilbake til samarbeidspartnarar.

2.6 Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde

Det er eit generelt forbod mot fiske i Noreg si økonomiske sone og i fiskerisona rundt Jan Mayen for fiskarar som ikkje er norske statsborgarar. Regjeringa kan likevel fastsetje forskrifter som opnar for eit regulert og avgrensa utanlandsk fiske i samsvar med dei fiskerieravtalane som er inngått med andre land.

I forskrift av 13. mai 1977 «om utlendingars fiske og fangst i Noregs økonomiske sone» er det fastsett detaljerte reglar for utøvinga av fisket. Det er krav om lisens for utanlandske fartøy som skal fiske i norsk sone for å sikre at fangstinnstansen er i samsvar med dei tildelte kvotane, og for å gjere det mogleg med ein effektiv kontroll. Utanlandske fartøy skal sende fangstrapportar til norske styresmakter i samsvar med særskild forskrift.

I forskrift av 23. desember 1980 «om utlendingars fiske og fangst i fiskerisona ved Jan Mayen» er det fastsett detaljerte reglar for utanlandsk fiske i fiskerisona rundt Jan Mayen. Dette regelver-

ket er i hovudsak samanfallande med reglane for utanlandsk fiske i Noreg si økonomiske sone.

Forskrifter for fiskevernsona ved Svalbard er sette i verk på eit ikkje-diskriminerande grunnlag for både norske og utanlandske fartøy. Det er fastsett forskrifter for rapportering av fangstar, bruk av reiskapar, reglar om minstemål og område med forbod mot fangst for å verne om ungfisken. Frå 1986 er det fastsett årlege kvotereguleringar i fiskevernsona for fiske etter norsk-arktisk torsk. Frå og med 1995 har ein av omsyn til bestandssituasjonen fastsett forbod mot fiske etter blåkveite, sild, lodde, og frå 1997 vart det også innført eit forbod mot fiske etter uer.

I forskrifter av 19. juli 1996 vart rekefisket ved Svalbard regulert gjennom fastsetting av grenser for innsats i fisket. Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard delta i dette fisket med eit avgrensa tal på fartøy (Canada, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg, Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, vart rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa også regulert med fiskedøgn. Av same årsak vart maksimalt tal for tilletne fiskedøgn redusert med 30 % frå 1. januar 2006.

2.7 Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde

I St. prp. nr. 1 (2008-2009) heiter det: «Norge skal bidra til at global og regional forvaltning av marine ressurser skjer i tråd med anerkjente prinsipper som blant annet bærekraftig bruk, føre-var-prinsippet og økosystembasert forvaltning. Bærekraftig forvaltning i samsvar med etablerte folkerettslige rammer er sentralt for Norge. Dette gjelder i våre egne fiskerisoner, på det åpne hav og i andre nasjoners fiskerisoner». For å kunne nå dette målet for ressursforvaltninga, trengst det informasjon om og kontroll med alt ressursuttak i norske jurisdiksjonsområde. Fysisk kontroll med all fiskeaktivitet er ein sentral del av det norske systemet for kontroll og handheving. Dette inneber kontroll på alle nivå, til havs, under landing og ved omsetning av fiskefangstar.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for ressurskontrollen saman med Kystvakta og salslaga. Kontrollverksemda til fiskeristyresmaktene vart gjennomført av Kontrollseksjonen i Fiskeridirektoratet og den ytre etaten til direktoratet med sju regionkontor, inklusive eit inspektørkorp langs kysten.

Kystvakta er underlagt Forsvarsdepartementet, og har ansvaret for ressurskontrollen på havet. Frå 1996 er Kystvakta utvida med ei indre kystvakt som skal gjennomføre fiskerioppsynet innanfor grensa for sjøterritoriet på 12 nautiske mil. Fiskerioppsynstenesta til den indre kystvakta skal etter planen kombinerast med ei rekkje andre oppgåver, bl.a. for politi-, toll- og miljøstyresmaktene.

EU vedtok den 29. september 2008 ein forordning som skal forebyggje, avverge og stanse ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Dette betyr at all import og landingar av fisk i EU frå tredjeland skal ha eit fangstsertifikat etter 1. januar 2010. Avtalen betyr òg at Noreg skal utstede eit norsk fangstsertifikat og at dette skal leggjast med alle norske landingar/eksportforsendelsar til EU etter 1. januar 2010. Dei norske fiskesalgsloga skal etter deira myndighetspålagte kontrollfunksjon som har hjemmel havressurslova utstede og godkjenne norske fangstsertifikatar. Salsloga har i tillegg hovedansvar for all førstehandsomsetning av fisk i Noreg, og dei utfører ein viktig del av kontrollarbeidet.

I internasjonale samanhengar vert det norske systemet med nært samarbeid mellom Fiskeridirektorat, Kystvakt og salslag ofte framheva som ein særskild modell for god ressurskontroll.

Fiskeridirektoratet står for kontroll ved landing av fangstar, og har også ein viss kontroll på sjøen i særlege område og i spesielle fiskeri. Direktoratet har også ansvar for kvotekontrollsystemet både for utanlandske og norske fartøy. Dei ulike salsloga har eit kontrollansvar i samband med omsetning og eksport av fisk. Utanlandske styresmakter har kontrollansvaret når norske fartøy leverer fangst i utanlandske hamner og når norske fartøy fiskar i jurisdiksjonsområda til desse landa. Det nye opplegget for hamneskontroll som vart innført i NEAFC frå 1. mai 2007 og i 2009 i NAFO, gjev norske styresmakter eit kontrollansvar når det gjeld å verifisere fangst ved norske fartøy sine landingar i NEAFC-landa og i NAFO-landa sine hamner. Noreg skal også hente inn slik verifisering ved utanlandske landingar i Noreg.

Ein viktig del av kontrollen går føre seg under utøvinga av fisket. Det vert kontrollert at fisket skjer med rette reiskapar, til rett tid og på rett område. Også samansetjinga av fangsten vert kontrollert, likeeins at det ikkje går føre seg dumping eller neddreping av fisk. Under kvalfangsten var det frå 1993 til og med 2003 inspektørar på alle fartøy under heile fangstperioden. Med verknad frå 2004 er inspektørordninga på kvalfangstfartøya halvert.

Inspektørbasert kontroll vert no gjennomført på stikkprøvebasis på kvalfangstfartøya. I andre

fiskeri har Fiskeridirektoratet sett i verk ei ordning der dei har inspektørar om bord på enkelte norske og utanlandske fartøy i kortare eller lengre periodar. For å få løyve til å delta på selfangst er det vilkår om at fartøyet må ha inspektør om bord under heile fangsten. Det er ein viktig del av kontrolloppgåva å sjå til at avlivinga skjer i samsvar med regelverket.

På enkelte artar går det føre seg eit omfattande fiske i indre norske farvatn. Det er derfor ei ordning der inspeksjonsfartøy frå Fiskeridirektoratet er til stades på desse fiskefelta. Ved landing vert fangstsamansetjinga kontrollert, og oppfiska kvantum vert belasta kvoterekneskapen.

For å føre kontroll med utanlandsk fiske i NØS etablerte Fiskeridirektoratet i 1977 eit kvotekontrollsystem som inneber at utanlandske fiskefartøy må sende ei rekkje ulike rapportar i samband med fiske i norske farvatn. På grunnlag av desse rapportane held Fiskeridirektoratet ved like databasen som mellom anna inneheld opplysningar om fiske- og fangstaktiviteten til utanlandske fartøy. Denne databasen er ein viktig reiskap for kontroll i norske jurisdiksjonsområde.

Utanlandske fartøy som får løyve til å fiske i norske jurisdiksjonsområde er pålagde å rapportere fangstane til Fiskeridirektoratet. Denne rapporteringsplikta inneber at når fartøya kjem inn i norsk sone skal dei melde frå om kor mykje fangst fartøyet har om bord (melding om fiskestart). Fangstane skal meldast i kilo rund vekt og i dei enkelte fiskeslag. I tillegg må fartøyet kvar veke rapportere kor mykje som er fanga i sona av dei ulike fiskeslag (fangstmelding). Når fartøyet avsluttar fisket i NØS, må det før det seglar ut sende melding om dette til Fiskeridirektoratet og gi opp kor mykje fisk som er teken etter den siste fangstmeldinga (melding om avslutting av fiske). Alle desse meldingstypane vert kontinuerleg lagde inn i kvotekontrollsystemet, og gjev dermed Fiskeridirektoratet ei oppdatert oversikt over det utanlandske fisket i norske jurisdiksjonsområde. Det gjeld kor mange fartøy som deltek i fisket, kvar dei fiskar og opplysningar om fangst per fartøy og per nasjon. Systemet inneheld såleis også dei opplysningane som er kravde for å stanse utanlandsk fiske når dei tildelte kvotane er oppfiska.

Frå 2000 har Fiskeridirektoratet gjennom satellittsporing også kunnskap om kvar fartøya oppheld seg i norsk jurisdiksjonsområde og kan derfor setje i verk meir målretta kontroll.

Kystvakta har direkte tilgang til dei opplysningane som er lagra i databasen i kvotekontrollsystemet og satellittsporingdatabasen. Opplysninga-

ne vert under kontroll på feltet haldne opp mot opplysningane som går fram av fangst dagboka til fartøyet, eventuelle sluttsetlar og innhaldet i lasterommet eller lastetankane på fartøyet. Når desse opplysningane ikkje er i samsvar med kvarandre kan Kystvakta reagere med åtvaring, fartøyet kan haldast tilbake, eller saka kan meldast til politiet, alt etter kor grov krenkinga er. Kvotekontrollsystemet og satellittspøringsopplysningane er såleis særskilt viktige reiskapar i det kontrollarbeidet Kystvakta gjennomfører.

Utanlandske fartøy skal når fiske vert avslutta i NØS nord om 62°N, melde seg til Kystvakta for kontroll på eitt av sju kontrollpunkt. Som ein del av rapporteringsordninga i dette området skal fartøya sende melding om framstilling for kontroll (kontrollpunktmelding) tolv timar før dei kjem til kontrollpunktet. For ringnotfartøy er fristen fire timar. Ordninga vart innført for å sikre generelt betre kontroll med fangstuttaket i NØS nord om 62°N, og fordi norske styresmakter visste at det gjekk føre seg kvoteunndragingar frå utanlandske fartøy som fiska i NØS nord om 62°N.

På grunn av behovet for betre kontroll med makrellfisket i NØS sør om 62°N, vart ei tilsvarande ordning sett i verk 19. juli 1995 for makrellfisket i Nordsjøen. Av omsyn til råstoffet må eit kontrollregime i Nordsjøen utformast noko annleis enn ordninga nord om 62°N. Etter regelverket skal utanlandske fartøy med makrellisens melde seg for kontroll i eitt av tre nærare definerte område, med ei varslingsstid på fire timar før fartøya kjem til kontrollområdet, eller før fartøyet kjem til landingsstad i Noreg. Ordninga gjeld også når eit fartøy med makrellisens fiskar annan pelagisk fisk, så som nordsjøild. I 2005 vart ordninga utvida til å også gjelde for utanlandske fartøy som er lisensierte for fiske etter sild sør for 62°N i den perioden makrellfisket er ope.

Erfaringane syner at ordningane med sjekkpunkt sør og nord om 62°N i NØS har medverka positivt til å redusere kvoteunndragingane frå utanlandske fartøy.

2.8 Kontrollsamarbeid

Kontroll med ressursuttaket på felles fiskebestandar krev eit nært samarbeid mellom dei landa som deler ressursane. Eit slikt samarbeid er inngått med begge dei to partane som Noreg deler viktige fiskeressursar med: Russland og EU. Noreg har også inngått avtalar om kontroll direkte med enkelte medlemsland i EU og fleire andre

Statarar. Noreg har kontrollavtalar med Irland, Danmark, Sverige, Nederland, Storbritannia, Frankrike, Tyskland, Polen, Portugal, Litauen, Russland, Færøyane, Island, Grønland, Canada og Marokko.

Kontrollavtalen som vart underteikna mellom Noreg og Portugal 16. februar 2006, representerer ei oppdatering av slike avtalar, og er den første avtalen Noreg inngår som også omfattar gjensidig rapportering av landingar av fisk frå tredjelands fartøy. Etter dette tidspunktet er eksisterande avtalar reviderte etter tur for å få med tredjelands fartøy. Dette er frå norsk side eit viktig bidrag i arbeidet med å få kontroll over det ulovlege fisket i Barentshavet og over landingar av fisk til europeiske hamner. Den nye generasjonen av kontrollavtalar inneber og at partane skal samarbeide om å kjempe mot ulovleg fiske. Bilateralt samarbeid har vore viktig for den nedgangen i urapportert fiske som har skjedd i 2008 og 2009.

Satellittsporing av fiskefartøy er eit viktig framsteg i kontrollarbeidet. Det ligg no føre satellittspøringsavtalar mellom dei landa som har felles fiskeriinteresser i Nordaust-Atlanteren.

Fiskeridepartementet innførte frå 1. juli 2000 satellittovervaking av alle norske fiske- og fangstfartøy over 24 meter, og i løpet av 2010 blir dette gjeldande for alle fangstfartøy over 15 meter. Desse fartøya er underlagte sporing i område både under norsk og utanlandsk fiskerijurisdiksjon. Vidare vil alle norske fartøy, uansett storleik, sporast ved fiske i internasjonalt farvatn. Det er også krav om satellittsporing av alle fartøy i NEAFC-området og i NAFO-området. I NAFO-området er det vidare eit krav om observatør.

Utvida sporing og elektronisk fangsrapportering er viktige element i kontroll generelt og i kampen mot ulovleg fiske. Noreg og EU signerte 23. februar 2010 ein avtale om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata ved fiske i kvarandre sine soner.

Avtalen inneber at fartøy over 24 meter blir pålagt å rapportere fangst- og aktivitetsdata elektronisk ved fiske i kvarandre sine soner frå og med 1. juli 2010. Tilsvarande vil fartøy over 15 meter frå og med 1. januar 2011 bli pålagt å rapportere elektronisk ved fiske i kvarandre sine soner. I tillegg har alle norske fartøy som ønskjer å rapportere elektronisk ved fiske i EU-sona muligheit til gjere dette frå 1. juli.

Hensikta med avtalen er også å harmonisere rapporteringsforpliktelsane i norske farvatn og EU-farvatn så langt som mogleg.

Del II
Dei ulike fiskeriavtalane for 2010

3 Dei ulike fiskeriavtalane for 2010

3.1 Bakgrunn

I tråd med dei etablerte rammeavtalane fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land.

Dei viktigaste tosidige forhandlingane for 2010 er førte med Russland, EU, Færøyane og Grønland. Det er også ført forhandlingar med EU på vegne av Danmark og Sverige om fiske i Skagerrak og Kattegat, og med EU på vegne av Sverige om ein avtale om svensk fiske i Noreg si økonomiske sone.

Noreg har i 2009 også samarbeidd med Island og Grønland om gjennomføring av trepartsavtalen om regulering av lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen og med Island om kvotebyte og oppfølging i tråd med Smottholsavtalen.

Det vart også i 2009 gjennomført fempartsforhandlingar om norsk vårgytande sild mellom Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland. tidleg på hausten i 2009 vart det undertekna ein kyststatsavtale for 2010.

Noreg tek vidare del i årlege kyststatsforhandlingane om makrell og i forhandlingane om internasjonale makrellreguleringar. Noreg har også vore med i kyststatsforhandlingane som, etter fleire år, endeleg førte til ein avtale om eit internasjonalt forvaltningsregime for kolmule. Avtalen er vidareført mellom Noreg, Island, Færøyane og EU i 2010, og Russland har slutta seg til reguleringa av kolmule i NEAFC-området.

Noreg er medlem av, og tek del i, dei årlege møta i dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane NAFO (Northwest Atlantic Fisheries Organization) og NEAFC (North East Atlantic Fisheries Commission). Noreg deltek også i samarbeidet i IWC (International Whaling Commission) og NAMMCO (North Atlantic Marine Mammal Commission) om forvaltninga av kval. Som medlem i CCAMLR (Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources) er Noreg representert på møta til organisasjonen. Noreg tek også del i det internasjonale fiskerisamarbeidet innan organisasjonen ICCAT (International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas), og i den regionale fiskeriforvaltningsorgani-

sasjonen SEAFO (South East Atlantic Fisheries Organization).


Det ligg ei balansert vurdering til grunn for Fiskeri- og kystdepartementets utnemning av delegasjonar til dei forskjellige fiskeriforhandlingane som Noreg deltek i. Vurderinga byggjer i hovudsak på at dei partane forhandlingane vedkjem skal vere representerte, at delegasjonen må ha ein handterleg storleik, og dessutan forhandlingstaktiske omsyn. Tradisjonelt har delegasjonane bestått av representantar frå Fiskeri- og kystdepartementet, Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Norges Fiskerikarlag, Norsk Sjømannsforbund, Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening og Norges Kystfiskerikarlag. Dei seinare åra har Kommunanes Sentralforbund og Sametinget vore medlem av delegasjonen for dei bilaterale forhandlingane med Russland. Kven forhandlingane kan seiast å vedkome vil like fullt kunne vurderast på sjølvstendig grunnlag frå år til år.

Før forhandlingane med andre land om forvaltningsspørsmål startar, held Fiskeri- og kystdepartementet konsultasjonar med organisasjonane i næringa. På desse møta gjer ein greie for tilrådingane frå ICES, og opplegget for forhandlingane med dei enkelte landa vert drøfta. Her legg ein grunnlaget for kva som skal vere instruksen til forhandlingsdelegasjonen. Den endelege klareringa av instruksen er det fiskeri- og kystministeren som har ansvar for. Dersom særlege omsyn talar for det, rådfører fiskeri- og kystministeren seg med resten av regjeringa.

3.2 Det vitenskaplege arbeidet som ligg til grunn for sette kvoter

Noreg er medlem i Det internasjonale råd for havforskning, ICES. ICES er ein ubunden, vitenskapleg organisasjon som gjev regionale fiskeri- og miljøorganisasjonar, EU og statane ved Nord-Atlanteren råd om forvaltninga av dei marine ressursane og det marine miljøet i området.

ICES vart danna så tidleg som 1902, og sekretariatet ligg i i København. Per i dag har ICES 20



Figur 3.1 Dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i si rådgjeving

medlemsland inkludert blant anna Canada, Island, USA, Russland og Spania. I tillegg har ICES fleire observatørarland, og dei er Australia, Chile, Hellas, Peru, og Sør-Afrika. Miljøvernorganisasjonar med formell observatørstatus er Worldwide Fund for Nature og BirdLife International.

ICES har eit nettverk som består av meir enn 1600 forskarar frå 200 instituttar, som har mandat frå ICES konvensjonen som er vedteken av medlemmane i ICES. Forskarane samlar informasjon og forskning. ICES publiserar vitenskapleg informasjon og rådgjeving i rapportar, publikasjonar (mellom anna ICES Journal of Marine Science), og på ICES sine heimesider.

ICES er delt inn i følgjande underliggjande delar: The council, the bureau, the advisory committee, the science committee, the finance committee og fleire arbeids- og studiegrupper.

Arbeidet til Advisory Committee (ACOM) er nærmare omtalt i kapittel 4.5. ACOM hentar inn vitenskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og arbeidsgruppa til ICES, og gjev årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslagane i Nordaust-Atlanteren.

Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgjevinga frå ICES.

3.3 Noregs rolle i ICES

Nitti prosent av dei fiskebestandene Noreg haustar av er delt med andre statar. Internasjonalt samarbeid er difor avgjerande i det norske forvaltningssystemet. Norge søker heile tida gjennom forskning å vinne kunnskap om marint miljø og ressursar så vel som samspelet mellom dei ulike artane. Ressurskontrollen rettar seg mot heile produksjonskjeden; frå fisken blir fanga til den er eksportert utanlands.

Frå norsk side prøvar ein difor å sikre forvaltninga i tråd med anbefalingane frå ICES med eit totaluttak av fisk som vil vere bærekraftig over tid. Når det gjeld fordeling mellom land av totalkvoten er det norsk politikk at det skal leggjast stor vekt på ein fordeling som reflekterer landa sine «eigarandelar». Dette inneber kor mykje av fiskebestanden som oppheld seg i eit lands sone, og kor stor del av året den oppheld seg der.

I Noreg samarbeider fiskerinæringa og myndighetene om utforminga av reguleringene basert på anbefalingane frå ICES. Men det er verdt å merka seg at det er Fiskeri- og kystministeren som tek dei endelege forvaltningsvedtaka og fastset fiskeriforskriftane.

3.4 Kvotearvtalane for 2010

Noreg – Russland

Avtalar om gjensidige fangstkvotar

Dei viktigaste fiskebestandane i Barentshavet har eit utbreiingsområde som dekkjer norsk og russisk sone, og fiskevernsona rundt Svalbard. År om anna er det også mogleg å fiske torsk i internasjonalt farvatn.

I regi av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen fører Noreg og Russland årlege kvoteforhandlingar om totalkvoter for fellesbestandane i Barentshavet. Fellesbestandane er nordaust-arktisk torsk, nordaust-arktisk hyse og lodde. Partane vart i 2007 einige om å forvalte kongekrabbebestanden kvar for seg i sine respektive økonomiske soner frå og med 2007. Partane er også einige om at resultatane frå felles forskingsinnsats som gjeld bestandsvurderingar, migrasjon og innverknaden krabben har på økosystemet framleis skal drøftast på dei årlege sesjonane.

Partane avtalar også fordeling av kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Det er semje mellom partane om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter avsetjing til tredjeland

vert kvotane for nordaust-arktisk torsk og nordaust-arktisk hyse fordelte med 50 % til kvar av partane. Tredjelandskvoten av nordaust-arktisk torsk og hyse vert fordelt med 60 % til Noreg si økonomiske sone (NØS) og 40 % til Russland si økonomiske sone (RØS). Avtalen opnar for at partane kan fiske delar av sine kvotar på desse bestandane i sona til den andre parten. Loddebestanden er fordelt med 60 % til Noreg og 40 % til Russland.

Kvotearvtalen for 2010 mellom Noreg og Russland vart underskriven i Sotsji, Russland, 9. oktober 2009.

Partane vart samde om ein totalkvote (TAC) for nordaust-arktisk torsk på 628 000 tonn i 2010, medrekna både kysttorsk og murmansktorsk. Partane har i fordeling av kvotane for torsk i 2010 justert den etablerte forvaltningsstrategien ved at det er lagt inn ein ny mekanisme som skal sikre at kvotefastsetjinga også tar høgde for periodar med sterk vekst og oppskiving av bestanden.

Det er sett av ein torskekvote til tredjeland på 83 910 tonn. Av dette kan 23 720 tonn fiskast i fiskevernsona ved Svalbard. Resten av kvoten til tredjeland er fordelt med 35 013 tonn til NØS og 25 177 tonn til RØS. Med overføring av ein del av den russiske kvoten til Noreg, er den samla norske kvoten av torsk nord for 62°N på 271 045 tonn.

Avtalen med Russland har redusert kvoten til forskings- og forvaltningsformål frå 9 000 tonn i 2009 til 7000 tonn i 2010 for kvar av partane.

For nordaust-arktisk hyse har Noreg og Russland avtalt ein totalkvote på 243 000 tonn, inklusive forskingsfangst. Det er sett av ein hysekvote til tredjeland på 11 200 tonn, som er delt med 6 720 tonn til NØS og 4 480 tonn til RØS. Russland har overført 4500 tonn nordaust-arktisk hyse til Noreg i 2010. Etter overføring er den norske kvoten på 116 400 tonn og den russiske på 107 400 tonn.

Noreg har tradisjonelt gitt Russland tilgang til å fiske store delar av torske- og hysekvotane sine i Noreg si økonomiske sone. Dette er både av biologiske omsyn (større fisk lenger vest), og av kontrollomsyn som er betre med ei vestleg fordeling av fisket. Av omsyn til balansen i kvotearvtalen er Noreg og Russland også for 2010 samde om like høve til å fiske torsk og hyse i sonene til kvarandre. Såleis kan Russland fiske 140 000 tonn torsk og 30 000 tonn hyse av sine kvotar i Noreg si økonomiske sone, og Noreg har høve til å fiske det same kvantumet torsk og hyse i Russland si økonomiske sone.

Partane har kommet til einigheit om ein fordelingsnøkkel for blåkveite, som innebærer at Noreg får ein andel på 51%, Russland får 45% og 4% er sett

av til tredjeland for fiske i fiskevernsonen ved Svalbard. Partane har også sett fast ein totalkvote på 15 000 tonn per år i tre år framover. Fordelinga er basert på eit omfattande vitskapeleg arbeid av norske og russiske forskarar.

I perioden 1993-1999 var det ikkje loddefiske i Barentshavet. I 1999 opna ein for eit eksperimentelt fiske av lodde innanfor ein kvote på 80 000 tonn, og i 2000, 2001 og 2002 vart kvoten auka til høvesvis 435 000, 630 000 og 650 000 tonn. For 2003 vart det fastsett ein kvote på 310 000 tonn lodde. Loddebestanden har store naturlege svingingar, og partane er einige om ikkje å fastsetje TAC høgare enn at det er 95 % sannsynleg at 200 000 tonn får høve til å gyte. På denne bakgrunnen, og i tråd med beskatningsstrategien, har partane bestemt at det ikkje skulle drivast noko kommersielt loddefiske i perioden 2004-2008. I 2009 vart det i tråd med den vitskapelege rådgevinga, gjort vedtak om å åpne opp for fisket etter lodde, og for 2010 blei kvoten satt til 360 000 tonn, ein liten nedgang frå 2009.

I det russiske fisket på eksklusive norske bestandar i 2010, er Russland heller ikkje i år tildelt kvote for eit direkte fiske på snabeluer på grunn av den vanskelege situasjonen for bestanden. Russland sin kvote for bifangst av vanleg uer og snabeluer utgjer 3000 tonn for 2010. Vidare har Russland ein kvote på 15 000 tonn sei, 8000 tonn i bifangst ved fiske av torsk og hyse, og 7000 tonn i direkte fiske. Russland har også ein kvote på 4000 tonn steinbit som anten kan takast i eit direkte fiske eller som bifangst.

Russland kan i tillegg fiske 9 396 tonn kolmule i Noreg si økonomiske sone og i fiskerisona ved Jan Mayen utanfor 12 nautiske mil. Russland kan vidare fiske 3000 tonn andre artar som bifangst.

I det norske fisket på eksklusive russiske bestandar i 2010, har Noreg fått desse kvotane i russisk økonomisk sone: 2 500 tonn reker, 2 200 tonn steinbit, 500 tonn flyndre for både direkte fiske og bifangst og 500 tonn andre artar som bifangst. Den norske kvoten på grønlandssel i Austisen er sett til 7000 vaksne dyr i 2010.

Noreg og Russland vart under den 35. sesjonen samde om å forvalte bestanden av kongekrabbe kvar for seg frå og med 2007. Noreg informerte den russiske part om at den norske totalkvoten ikkje var fastsett då forhandlingane vart førde. Den russiske part orienterte om at den russiske kvoten av kongekrabbe førebels var fastsett til 2 690 000 individ for 2010. Partane vart einige om at resultat frå felles forskingsinnsats på bestandsvurderingar, migrasjon, og innverknaden krabben har på øko-

systemet framleis skal vere eit tema under dei årlege sesjonane. Partane anbefala at eit nytt treårig felles forskningsprogram for krabbe i Barentshavet vart vedteke i 2010. Norsk forvaltning av kongekrabbe er basert på St.meld. nr. 40 (2006-2007) Forvaltning av kongekrabbe, som mellom anna inneber ei todelt forvaltning på norsk side. I eit kystnært område aust for 26°Ø vart bestanden forvalta som ein ressurs og fangsten regulert, mens det utanfor dette området er utkastforbod og fri fangst av kongekrabbe. Den norske totalkvoten for reguleringsåret 2009/2010 i det regulerte området er på 1185 tonn hannkrabbar og 110 tonn hokrabbar. Dette vart berekna å tilsvare ca 474 000 hannkrabbar og 50 000 hokrabbar.

Kontroll

Innanfor ramma av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har Noreg og Russland dei seinaste åra gradvis utvida fiskerisamarbeidet til nye område. I 1992 vart partane samde om å innleie eit utvida samarbeid om forvaltnings- og kontrollspørsmål under fiskerikommisjonen. I 1993 vart dei samde om å etablere Det permanente utval for forvaltnings- og kontrollspørsmål på fiskerisektoren. Gjennom dette samarbeidet er ei rekkje konkrete tiltak sette i verk for å betre kontrollen med ressursane både på sjø- og landsida. Mellom anna er det etablert rutinar for eit auka samarbeid mellom kontrollstyresmaktene i dei to landa, inkludert utveksling av informasjon om fangst- og landingsdata.

Under den 38. sesjon, diskuterte partane fleire viktige saker for den felles fiskeriforvaltningafor året 2010, inkludert kontrollaktivitetar, UUU-fiske og kvotekontroll. Grunna mange effektive tiltak, så er UUU-fisket i Barentshavet og Norskehavet kraftig redusert dei siste åra. Dette viser at forvaltninga er god i området og at samarbeidet mellom Noreg og Russland fungerer.

Det er fleire tiltak som er implementert for å oppnå måla om ei berekraftig forvaltning. Mellom anna så har Noreg og Russland løpande utveksling av informasjon om omlastingar til havs og landingar i tredjelands havmer av fisk som utgjer fellesbestandar i Barentshavet og Norskehavet på fartøynivå.

Redusert overfiske

Russland og Noreg samarbeider også saman i NEAFC, og tek sikte på å vidareutvikle regimet for havnestatskontroll når det gjeld fiskeressursane i NEAFC sitt konvensjonsområde. Noreg og Russ-

land er òg enige om å fortsettje samarbeidet om ei gjennomføring av inspeksjonar av fiskefartøy i NEAFC sitt reguleringsområde og i Barentshavet. Begge landa gjev difor inspektørar frå kvarandre høve til å opphalde seg på den andre parten sitt fartøyer for å gjennomføra inspeksjonar av fartøyer med eigen stats flagg som driv fiske i NEAFC sitt reguleringsområde og i Barentshavet.

Både Noreg og Russland har understreka kor viktig det er at det blir ført kontrollar som er i samsvar med dei vedtatte tiltak i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen. Regelbrudd som avdekktast ved kontroll, vil i praksis medføra sanksjonar.

Noreg og Russland har og vorte enige om å vidareføre arbeidet i analysegruppen for 2010. Gruppa består av representantar frå Fiskeridirektoratet og Kystvakten på norsk side og Det føderale fiskeribyrået sin territoriale avdeling for Barentshavet og Kvitsjøen, og FSB sin grenseavdeling i Murmansk fylke på russisk side. Ekspertar kan engasjerast i gruppa sitt arbeide. Det vart bestemt at analysegruppa skal møtast etter behov i 2010, men at dette bør vere minst to gonger om året. Analysegruppa skal òg samarbeide for å samkjøyre informasjon på fartøynivå for norske og russiske fartøy. Dette bidrar til å avdekkje mulege brot på fiskerilovgivinga. Eit anna formål med arbeidsgruppa er å ta ein felles vurdering av totaluttaket av torsk og hyse for Noreg, Russland og tredjeland i Barentshavet og Norskehavet. Analysegruppa skal gjere ferdig berekningane av totaluttaket for torsk og hyse i Barentshavet og Norskehavet for 2009 før ICES startsr sitt arbeide med totalekvotetilrådingane for 2011, det vil si om lag april 2010. Analysegruppa rapporterar om sitt løpande arbeid på møtene i Det permanente utvalg.

Det bilaterale fiskerisamarbeidet med Russland har dei seinere åra oppnådd reell framgang innanfor fleire områder. Dette har blant anna gjeve konkret utslag i redusert overfiske. I følgje berekningar gjort av Fiskeridirektoratet har overfisket av torsk i Barentshavet vorte redusert med 84 % frå 101 300 tonn i 2005, til om lag 15 000 tonn i 2008. I 2010 tydar rapportane på at det ikkje har vorte overfiska eit einaste tonn torsk i Barentshavet.

Noreg – EU (fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland)

Strukturen i avtalane

På grunnlag av rammeavtalen med EU om fiskeri, har Noreg frå 1978 og fram til i dag inngått årlege

kvoteavtalar om Noreg og EU sitt fiske i Nordsjøen, Noreg sitt fiske vest av Dei britiske øyane og EU sitt fiske i Noreg si økonomiske sone i Barentshavet. Noreg vert også tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Avtalen inneheld føresegner om forvaltning av felles fiskebestandar og gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone. Partane har såleis eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen, mellom anna ved årleg å fastsetje største tillatne fangstmengder (totalkvotar) for desse bestandane. Det har frå 1979 vore semje mellom Noreg og EU om delinga av totalkvotane for fellesbestandane av torsk, hyse, sei, kviting og raudspette i Nordsjøen. Partane kom i 1997 også fram til ein avtale om fast fordeling av totalkvotane for nordsjøisild.

Eit anna element i kvoteavtalen er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vest av Dei britiske øyane. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane.

Nivået og omfanget av kvotebyttet har tradisjonelt sett vore ei vidareføring av tidlegare fiskemønster hjå partane, men nivået avheng også av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei seinare åra har det utvikla seg ein situasjon der torskekvoten Noreg tilbyr EU har auka mens bestandar EU gir Noreg som motyting minkar. Dette gjer at Noreg i 2010 hold tilbake 4500 tonn torsk.

I samarbeidet mellom Noreg og EU er det framleis område der det trengst felles tiltak for å betre fiskeriforvaltninga.

Etablering av forvaltningsplanar og betring av beskatningsmønsteret

Innanfor ramma av det bilaterale fiskerisamarbeidet er Noreg i ein prosess med EU i spørsmålet om langsiktige tiltak i forvaltninga av viktige kommersielle fiskebestandar i Nordsjøen. Det har vore ein tidkrevjande prosess frå einsidige norske merknader i dei årlege kvoteavtalane, til eit meir forpliktande samarbeid for å finne løysingar på problema. Partane har no på plass forvaltningsplanar for sild, sei, torsk og hyse som legg fast bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotar. Forvaltningsplanane skal ivareta omsynet til ei forsvarleg forvaltning og bidra til føreseielege rammer. Desse planane er no eit viktig verkty for forvaltarane.

I arbeidet med å forbetre beskatningsmønsteret i Nordsjøen er utkast av fisk eit særleg og samansett problem. Utkast skjer ofte når ein tek opp fisk som det ikkje er att kvote på, når fisken

er under gjeldande minstemål eller når fisken er teken i strid med gjeldande bifangstreglar. I tillegg vert det ofte fiska meir enn naudsynt, for å kunne velje ut den økonomisk sett mest verdfulle fisken (high-grading/utsortering). Resten vert kasta ut, og dette undergrev dei fastsette forvaltningstiltaka. Den utkasta fisken går ikkje inn som ein del av fangststatistikken, sjølv om han døyr i denne prosessen. Når fisken ikkje vert teken i land eller registrert som fangst, vert det naturleg nok eit avvik mellom registrert fiskedød og faktisk fiskedød. EU praktiserer eit utkastpåbod, medan utkast av fisk er forbode i Noreg. Ei løysing på utkastproblemet har vore ei hovudutfordring for Noreg og EU. I avtalen for 2009 blei det avtalt mange tiltak for å redusera utkast. Noreg hadde gjennom 2009 drøftingar med EU for å avtale i detalj desse tiltaka. Partane blei 3. juli 2009 einige om eit system for opning og stenging av felt for å beskytte yngel og småfisk. Dette har vore i gang sidan 1. september 2009 og skal evaluerast grundig i juni 2010. For Noreg blir det viktig at systemet er effektivt. EU innførte i 2009 eit forbod mot high grading av botnfisk i Nordsjøen. Noreg har lang erfaring i Barentshavet med å stenge fiskefelt med for stor innblanding av undermåls fisk. Den svært positive bestands-situasjonen for norsk arktisk torsk viser at slike tiltak, i kombinasjon med andre, er sentrale for å oppnå en berekraftig forvaltning.

Færøyane, Noreg og EU avtalte i juli 2009 også fleire tiltak for å redusere utkast i pelagiske fiskeri. Målet er å unngå utkast, high grading og slepping. Også her har EU har gått med på å innføre et såkalt «high grading» forbod. Forbodet gjelder i hele Nordaust-Atlanteren.

Partane blei også einige om å forby tekniske installasjonar om bord i fartøy som kan brukast til å sortere ut fisk som blir kasta ut. Det skal også innførast reglar som forpliktar fartøya å skifte felt dersom innblanding av småfisk er for stor.

I tillegg vil partane sjå på kva ein kan gjere med regelverket for å betre seleksjonen i fiske.

For botnfiskbestandane i Nordsjøen er det særskilt torsken som har vore i dårleg forfatning. Partane har derfor, i samsvar med råd frå ICES, blitt einige om ein ny gjenoppbyggingsplan for torsk, som igjen skal bringe bestanden opp på eit berekraftig nivå.

Kontroll

Arbeidet for skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket i Nordsjøen er ei viktig oppgåve.

Dette skjer til dømes gjennom utveksling av fangststatistikk og landingsdata, inklusiv fiskeaktivitet frå tredjeland, ved utveksling av observatørar som kontrollerer og overvakar og ved satellittsporing av fiskefartøy. Gjensidig satellittsporing vart innført 1. januar 2000.

Frå 1. februar 2004 vart det innført like proseydyrar for landing og veging av pelagiske fangstar og eit standard vassstrekk frå slike fangstar på 2 %. Basert på erfaringane frå innføringa av desse nye vegings- og vassstrekkprosedyrane i fleire EU-land, har Noreg, EU og Færøyane gjennom fleire år blitt einige om skjerping av kontrollen med sjølve fisket og med landingar av makrell. Ein er også einige om å fokusere meir på kontroll på havet. Som nemnt over har partane avtale ytterlegare tiltak i pelagisk sektor. På bakgrunn av det sterke fokuset på kampen mot UUU-fiske (ulovleg, urapportert og uregulert fiske) er kontroll no eit svært sentralt tema i samarbeidet mellom Noreg og EU. Arbeidsgruppa av kontrollektspertar som har arbeidd med kontroll av pelagiske fangstar, skal fortsetje sitt arbeid med ulovleg, urapportert og uregulert fiske.

2010-avtalen

Etter fire forhandlingsrundar underteikna Noreg og EU, i Brussel 26. januar 2010, ein kvoteavtale for 2010.

I tråd med forvaltningsplanane er totalkvotane for hyse og sei sett til 35 794 og 107 044 tonn i 2010. Kvitingskvoten på 12 897 tonn er ein nedgang frå 2009. Kvoten for raudspette er auka frå 2009 til 2010.

Bestanden av nordsjøsilde er bekymringsfull fordi det har vore sviktande rekruttering i fleire

Tabell 3.1 Følgjande kvotar er fastsett for fellesbestandane i Nordsjøen i 2010 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	33 552	5 704	27 848
Hyse	35 794	8 073	27 711
Sei	107 044	56 613	50 431
Kviting	12 897	790	12 107
Raudspette	63 825	4 268	59 557
Makrell	60 446	39 054	21 392
Sild	164 300	47 647	116 653

Tala inkluderer overføring av 150 tonn hyse, 500 tonn kviting og 200 tonn raudspette frå Noreg til EU og 950 tonn sei frå EU til Noreg.

Tabell 3.2 Etter avtalen kan Noreg og EU fiske følgjande kvantum fisk på andre fellesbestandar i 2010 (tonn):

Fiskeslag	Kvotar til Noreg i EU-sona	Kvotar til EU i norsk sone
Augepål	6000	1000
Kolmule	59900	2000
Tobis	20000	
Blålange	150	
Lange	6140	850
Brosme	2923	170
Kombinert kvote	140	
Reker		420
Hestmakrell	3600	
Andre artar	2720	5000
Tunge	50	
Breiflabb		1540
Sjøkreps		1200

år. I tråd med råd frå ICES reviderte partane derfor forvaltningsplanen hausten 2008, for å sikre at planen er berekraftig. Basert på den nye forvaltningsplanen vart kvoten for 2010 på 164 300 tonn.

Partane har høve til å fiske delar av dei enkelte kvotane i den andre parten si sone i Nordsjøen.

Avtalen inneheld detaljerte føresegnar om kvar desse kvotane kan fiskast og føresegnar om kva andre artar og mengder som kan inngå i fisket på dei enkelte kvotane.

Dei norske banklinekvotane (blålange, lange og brosmen) er omtrent på same nivå som i 2009. Kolmulekvoten til Noreg i EU-sona vart noko redusert frå 63 200 tonn i 2009 til 59 900 tonn i 2010. Breiflabbkvoten til EU i norsk sone er redusert frå 1550 tonn til 1540 tonn, og EU sin kvote på sjøkreps vart redusert frå 1210 tonn til 1200 tonn.

Mellom anna på grunn av reduksjon i kolmulekvoten og auke i torskekvoten, kunne ikkje EU gi Noreg full kompensasjon for deira torskekvote i

Tabell 3.3 EU er tildelt følgjande kvotar på eksklusive norske bestandar nord for 62°N i 2010 (tonn):

Fiskeslag	Kvote
Norsk-arktisk torsk	20 050
Norsk-arktisk hyse	2050
Sei	3000
Blåkveite (bifangst)	50
Anna (bifangst)	350

Tabell 3.4 Noreg er i 2010 tildelt desse kvotane på eksklusive EU-bestandar (inkludert bestandar i grønlandske farvatn) (tonn):

Fiskeslag	Kvote
Brisling (EU-sona)	10 000
Blåkveite (EU-sona)	350
Reker (Grønland si sone)	3100
Blåkveite (Grønland si sone)	1624
Uer (Grønland si sone)	1500
Kveite (Grønland si sone)	150
Skolest og isgalt (Grønland si sone)	120
Torsk (Grønland si sone)	500

Barentshavet. EU blei derfor tildelt 20 050 tonn av eit tilbod på 24 550 tonn.

EU sin kvote på torsk nord for 62°N for 2010 er noko auka frå 2009, medan hysekvoten er noko redusert. EU har tidlegare også vore tildelt ein kvote på uer gjennom kvotebyttet, men denne kvoten er teken ut av kvotebyttet. Noreg pliktar å gje EU ein tilleggskvote av uer på permanent basis utanom kvotebyttet i tråd med brevveksling av 2. mai 1992. Dette kvantumet er i 2010 på 1500 tonn. Uerkvoten kan berre takast som bifangst nord om 62°N.

I grønlandske farvatn er den norske kvoten på blåkveite, kveite og torsk på same nivå, kvoten på uer er kraftig redusert, medan kvotene på reke noko redusert. Den norske kvoten på brisling i EU-sona blei vidareført 10 000 tonn. Loddekvoten ved Grønland er tatt ut av kvotebyttet for 2010 som følgje av den vanskelege bestandssituasjonen.

Noreg – Færøyane

Dei årlege avtalane mellom Noreg og Færøyane opnar for eit gjensidig fiske i sonene til kvarandre. I forhandlingane med Færøyane vert det lagt vekt på at det skal vere ein godt balansert avtale, kor kvoten som Norge byter til seg frå Færøyane skal i hovudsak representere reelle høve for norske fartøy.

Kvotavtalen mellom Noreg og Færøyane for 2010 vart inngått i Oslo 13. januar 2010.

I NØS nord om 62°N fikk Færøyane i 2010 gitt 1 951 tonn nordaust-arktisk torsk, 1 460 tonn nordaust-arktisk hyse, 1 500 tonn sei og 100 tonn andre artar (uer og blåkveite) som bifangst. Kvoten på torsk er i 2010 auka med 293 tonn til 2 244 tonn, og hysekvoten er auka med 121 tonn. Færøyane sin seikvote skal også dekkje bifangst i fis-

ket etter torsk og hyse. Dei andre kvotene for 2010 er 1 125 tonn sei (reduksjon med 375 tonn) og 100 tonn andre artar (same nivå som i fjor).

Partane har òg bytta til kvarandre 2 000 tonn makrell kvar. Færøyane fikk samstundes 200 tonn hestmakrell, mens Noreg fikk 50 tonn av same fiskeslag, og dette fell saman med tala frå 2009. Det vart ikkje gjeve loddekvote for 2010.

I dei årlege avtalane mellom Færøyane og Russland får Færøyane kvotar på mellom anna nokre av dei artane som er nemnt ovanfor. For å sikre ei rasjonell utnytting av kvotane har Noreg i ei rekkje år gitt Færøyane høve til å fiske delar av dei kvotane dei har fått av Russland i Noreg si økonomiske sone. I 2010 kan Færøyane gjennom denne ordninga fiske 2 000 tonn nordaust-arktisk torsk og 200 tonn andre artar (uer, sei og blåkveite) i NØS nord om 62°N. I 2010-avtalen vart Norge og Færøyane enige om at ordninga med kompensasjon for soneadgang for dei artane nemt ovanfor skal fasast ut over ein tre-årsperiode, med start i 2010. Samstundes vil det ikkje bli moglegheit for Færøyane å overføre eit større kvantum av torsk og hyse enn dei tildelte kvotane av same artar i NØS nord for 62°N. Overføringa av kvoter frå russisk sone til fiske i NØS skjer elles etter russisk aksept. Kvotane kan heller ikkje takast i fiskevernsona ved Svalbard. I kvoteavtalen pliktar Færøyane å avgrense sitt totale fiske i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått gitt av Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor norsk eller russisk fiskerijurisdiksjonsområde.

I NØS sør om 62°N er Færøyane gitt 500 tonn brisling og 100 tonn andre arter. Kvotane omfattar og bifangst av andre artar, forutan sei, sild og augepål. Augepål kan i 2010 berre fiskast som uunn-gåeleg bifangst, som trekkjast i frå kolmulekvoten. Vidare kan færøyske fartøy fiske 50 tonn sei og 712 tonn sild. Kvotane omfattar og bifangst i andre fiskeri.

Den norske botnfiskekvoten i færøysk sone held seg på eit relativt stabilt nivå samanligna med 2009, med ein nedgang på omtrent 4 %. Dei norske kvotane i færøysk sone i 2010 er 2 425 tonn lange og blålange, 1 774 tonn brosme, 101 tonn sei og 855 tonn andre artar. Noreg sin intensjon er å gå tilbake til 2009-nivået på botnfiskekvotane i 2011.

Når det gjeld kolmule så har den norske kvoten auka med 15 % samanligna med fjorårets kvotestørrelse, frå 11300 tonn til 12 995 tonn.

Vidare har Noreg fått auka antal trålefartøy som kan opphalda seg samstundes på færøysk fiskerifelt frå 20 til 28 trålere i 2010.

Noreg og Færøyane er også samde om å videreføra eit felles pilotprosjekt for elektronisk fangst- og aktivitetsrapportering (ERS) i 2010. Noreg har målsetjing å innføra obligatorisk elektronisk fangstdagbok for færøyske fartøy i løpet av 2010.

Noreg – Grønland

Det har vorte forhandla fram årlege fiskerieravtalar mellom Noreg og Grønland sidan 1991. For norske fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite, uer og torsk av størst verdi. I tillegg til desse kvotane får Noreg mellom anna reker, blåkveite og uer frå EU i grønlandske farvatn.

Etter protokollen av 15. januar 2010 kan grønlandske fiskarar ta desse kvanta i norske jurisdiksjonsområde i 2010:

I NØS nord om 62°N: 1 400 tonn nordaust-arktisk torsk, 630 tonn nordaust-arktisk hyse, 1 000 tonn norsk-arktisk sei og inntil 260 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite). Torskekvoten kan òg fiskast i fiskevernsona ved Svalbard. Dette elementet gjeld så lengje trepartsavtalen om lodde står ved lag. Kvoten på hyse er nesten dobla i 2010. Samstundes har seikvoten har auka betraktelege med heile 270 tonn. Som ein del av avtalen kan Grønland fiske delar av dei torske- og hysekvotane som Grønland er tildelt av Russland i Noregs økonomiske sone nord om 62°N, under føresetnad av russisk aksept av ei slik ordning. Dette elementet gjeld òg så lengje trepartsavtalen om lodde står ved lag.

I avtalen forpliktar Grønland seg til å avgrense det totale fisket sitt i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått tildelt i avtalane med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noreg og Russland sine jurisdiksjonsområde.

Grønlands kvoter i Nordsjøen er fasa ut.

Dei reelle fiskemoglegheitene for norske fiskarar i Grønland si fiskerisone betra seg betydeleg samanligna med 2009. I 2010 kan Noreg fiske følgande kvanta i Grønland si sone:

Ved Vest-Grønland: 900 tonn blåkveite, noko som inneber ei auke på 28,5 %. Ved fiske etter blåkveite ved Vest-Grønland i 2010 kan trålfisket berre skje sør om 64°30'N.

Ved Aust-Grønland: 275 tonn blåkveite, 300 tonn uer fiska med pelagisk trål, 400 tonn uer fiska med botntrål/line, 235 tonn kveite og 150 tonn bifangst av andre artar. Kvotane av blåkveite ligger på same nivå som i 2009, medan kvotane av uer fiska med botntrål er økt med heile 300 tonn. Kvoten av uer fiska med pelagisk trål er tilsvaran-

de redusert med 300 tonn. Denne overføringa av uerkvoten som kan fiskes med pelagisk trål over til uerkvote som kan fiskes med botntrål gir betre tilgang på fisken for norske fiskarar. Kvoten av kveite er på same nivå som i 2009.

Under føresetnad av at norske fartøy senast innan 5. februar får løyve til å gjennomføre eit forsøksfiske etter torsk ved Vest-Grønland/ Aust-Grønland innanfor en kvote på 750 tonn torsk, vil Grønland få auka sin torskekvote i NØS nord for 62°N tilsvarande. Fisket kan gjennomføres på same vilkår som det øvrige fisket etter torsk nord for 62°N. Fisket på denne kvoten kan ikkje påbegynnes før betingelsene for det norske forsøksfiske er avklart.

Noreg og Grønland inngjekk ein avtale om kontrollsamarbeid 4. mars 2005. Avtalen skal søkjast vidareført i 2010. Noreg har også til hensikt å innføre obligatorisk elektronisk fangst dagbok for grønlandske fartøy i løpet av 2010.

Noreg – Island

Gjennom trepartsavtalen av 15. mai 1999 mellom Noreg, Island og Russland om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet (Smottholsavtalen), greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet (Smottholsavtalen er omtalt i St.meld. nr. 49 (1998 – 1999)). Den tosidige avtalen mellom Noreg og Island, også av 15. mai 1999, regulerer byttet av fisk mellom Island og Noreg.

Etter den tosidige avtalen kan Island i sesongen 2010 fiske 5 500 tonn nordaust-arktisk torsk i NØS nord om 62°N. For 2009 var tilsvarande tal 4 720 tonn. I tillegg kjem ein bifangstkvote av andre artar i torskefisket på 30 %. Som kompensasjon for den islandske torskekvote har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Islands økonomiske sone (IØS). Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst. Loddekvoten vert justert i takt med totalkvoten for norsk arktisk torsk. For sesongen 2008/2009 var loddekvoten 14 562 tonn, men ettersom det av biologiske grunner ikkje vart noe loddefiske fikk Noreg kompensasjon gjennom å overta Islands rekekvote på 334 tonn i NAFO område 3L. For 2009/2010 var loddekvoten 18 031 tonn og ifølgje avtalen har Noreg krav på 21 011 tonn lodde for fiske i 2010/2011. Utsiktene for bestanden er usikre og Noreg vil difor med bakgrunn i avtalen gå inn i forhandlingar om alternativ kompensasjon ved et bortfall av loddefiske ved Island.

Smottholsavtalen med tilhøyrende protokoll gjeld til utgangen av 2010, ettersom den automatisk vart forlenga for ein ny fireårsperiode fra 2007, då ingen av Partane i 2006 ønska å benytte avtalen sin moglegheit til å seie opp eller åpne for reforhandlingar av Smottholsavtalen. Partane kan anmode om revisjon av avtalen og/eller protokollene. Dette må i så fall skje innan 1. juli 2010. Ein part som har fremsatt anmodning om revisjon innan fristen kan eventuelt seinere seie opp avtalen, innan 1. oktober 2010. Dersom det ikkje blir bedt om revisjon innan fristen vil avtalen løpe ut 2014.

Noreg – EU (fisket i Skagerrak/Kattegat)

Dei årlege avtalane om fisket i Skagerrak/Kattegat har til no vore bygga på trepartsavtalen av 1966 mellom Noreg, Danmark og Sverige. EU forhandlar på vegne av Danmark og Sverige.

Avtalen fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Fordelinga av totalkvotane er basert på det tradisjonelle fiskemønsteret i området. Fordelingsmønsteret har vore stabilt. Det norske fisket utgjør ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

Noreg og EU vart 26. januar 2010 samde om reguleringane for fisket i Skagerrak og Kattegat i 2010.

Totalkvotane for torsk er noko auka, medan totalkvotane for hyse, reke og sild er noko redusert. Kvotane for kviting, raudspette og brisling er dei same som i 2009.

Etter den tosidige fiskeriavtalen mellom Noreg og EU kan visse norske fartøy fiske delar av den norske makrell- og seikvoten avsett for Nordsjøen også i Skagerrak. Etter den same avtalen kan svenske fiskarar ta eit kvantum på 1865 tonn makrell i Skagerrak og i Nordsjøen i 2010.

Tabell 3.5 Kvotane som gjeld for 2010 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	4793	155	4638
Hyse	2201	93	2108
Kviting	1050	19	1031
Raudspette	9350	187	9163
Reker	9800	4567	5233
Sild	33 855	4515	29340
Brisling	52 000	3900	48 100

Det skjer ei utveksling mellom sildebestanda- ne i Nordsjøen og Skagerrak/Kattegat. Det tidle- gare høge fisket etter ungsild frå nordsjøsilde- bestanden i ulike fiskeri med småmaska reiskapar i Skagerrak, er dei siste åra vesentleg redusert. Re- guleringane av sildefisket i Skagerrak følgjer av reguleringstiltaka for sild i Nordsjøen. Det er fast- sett ein bifangstkvote på totalt 7515 tonn nordsjø- sild i industritrålfisket og i brislingfisket i Skager- rak/Kattegat i 2010. Norske fiskarar kan i 2010 fis- ke inntil 20 % av den norske skagerrakkvoten på sild i norsk sone av Nordsjøen.

I følgje Skagerrak-avtalen, som er frå 1966, er havet utanfor 4 nautiske mil å sjå på som ope hav. I dag har Noreg 12 nautiske mils-territorialfarvatn og økonomisk sone utanfor det. Det finst såleis ikkje ope hav i Skagerrak. Noreg har difor starta ein prosess med sikte på å endre rammeverket, slik at det vert i tråd med moderne havrett. Som ein start på dette sa Noreg opp Skagerrak-avtalen i 2009. Overeinskomsten opphøyrar 7. august 2012.

Noreg – EU (Sverige)

Strukturen i avtalen med Sverige har vore stabil, og det har såleis ikkje vorte opna for nye fiskeri.

Kvotavtalen om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen i 2010 vart underskriven av No- reg og EU i Brussel 26. januar 2010.

Svenske fiskarar fekk desse kvotane i norske farvatn i 2010:

I NØS sør for 62°N: 382 tonn torsk, 707 tonn hyse, 880 tonn sei, 190 tonn samanlagt av lyr og kviting, 138 tonn reker, 846 tonn sild, 242 tonn makrell, 800 tonn industrifisk (av denne kvoten kan inntil 400 tonn vere hestmakrell) og andre fiske- slag på eit tradisjonelt nivå. Kvotane er ei vidarefø- ring av nivået frå 2009.

Forvaltninga av norsk vårgytande sild

Norsk vårgytande sild (NVG-sild) er den største fis- kebestanden i Nordatlanten og den største silde- bestanden i verda. Frå 1996 til 2003 inngjekk No- reg, EU, Færøyane, Island og Russland årlege kyst- statsavtalar om forvaltninga av silda. I desse fem- partsavtalane hadde Noreg ein eigardel på 57 %. Med basis i prinsippet om sonetilhøyring, la Noreg fram krav om ein høgare norsk del. Partane kom ikkje fram til nokon fempartsavtale i åra 2003-2006. Men i denne perioden inngjekk Noreg bilaterale avtalar med Russland, og for 2006 også med EU.

18. januar 2007 vart det på ny underteikna ein kyststatsavtale mellom EU, Færøyane, Island, No-

reg og Russland om forvaltning av NVG-silda for 2007. Denne avtalen gav Noreg 61% av NVG-silda. Avtalen inneheldt og ein langsiktig forvaltnings- strategi. Partane var også samde om bilaterale av- talar om sonetilgang.

For 2010 har kyststatane sett TAC til 1 483 000 tonn, som er noko redusert frå 2009. Noregs del på 61 % ligg fast og utgjer for 2010 heile 904 630 tonn. Sildebestanden er i svært god forfatning og vert hausta berekraftig, og reduksjonen av kvote- ne for 2010 skyldast ei svakare rekruttering etter 2004. Partane er fortsatt einige om å vidareføre den felles forvaltningsplanen frå 2007 som har til formål å sikre eit høgast mogleg langtidsutbytte. I følgje ICES er forvaltningsplanen i tråd med føre- var-prinsippet.

Etter semje mellom partane er det innført kvote- fleksibilitet frå årsskiftet 2010/2011. Dette gjev kvar av partane høve til å overføre 10 % av den na- sjonale kvoten til påfølgjande år. Det er også høve til å forskotere 10 % av kvoten for påfølgjande år. Alt overfiske (også utover 10 %) må likevel trek- kjast frå kvoten for det etterfølgjande året. Det var semje om at denne avgrensinga også gjer det mo- gleg å sanksjonere overfiske utover 10 %.

I tilknytning til kyststatsavtalen vart partane ei- nige om å vidareføre sonetilgangen i 2010 på same relative nivå som i 2009.

- Fartøy frå Island kan fiske 215 183 tonn sild i fiskerisona rundt Jan Mayen og i NØS nord for 62°N, men ikkje meir enn 40 041 tonn i NØS. Om Island skulle nytte mindre enn 29 660 tonn av dei 40 041, får Island ein tilleggskvotepå Noreg på 1 483 tonn. Norske fartøy kan fiske 101 273 tonn i islandsk økonomisk sone.
- b) Fartøy frå Færøyane kan fiske 45 185 tonn sild i norske jurisdiksjonsområde nord for 62°N, men ikkje meir enn 33 599 tonn i NØS. Norske fartøy kan fiske 34 758 tonn sild i Færøyanes fiskerisone.
- c) Fartøy frå EU og fartøy frå Noreg kan fiske 86 889 tonn i kvarandre sine farvatn nord for 62°N.
- d) Fartøy frå Russland kan fiske heile sin kvote i norske farvatn nord for 62°N.

Forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Ein trepartsavtale om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen vart underskriven 12. juni 1989. Rammavtalen om reguleringane i loddefis- ket er forhandla på nytt tre gonger: 25. juni 1992, 29. juni 1994 og 18. juni 1998. Dei mest sentrale

elementa i desse avtalane omhandlar kva prosentdelar dei tre partane skal ha av totalkvoten for lodde, og i kva omfang partane kan fiske av sin kvote i sonene til dei andre partane kvar loddessesong.

Island valde 30. oktober 2002 å seie opp trepartsavtalen med Noreg om regulering av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen. Avgjerda hadde verknad frå 1. mai 2003. På denne bakgrunnen opna nye forhandlingar mellom partane i juni 2003. Forhandlingane førde fram til ein ny avtale basert på hovudelementa i den tidlegare avtalen. Den nye avtalen vart underteikna 9. juli 2003. Hovudendinga var at avtalen gjeld for eitt år om gongen, framfor tre år i den gamle avtalen. Vidare vart artikkel 10 om satellittsporing teken ut, fordi punktet var forelda. Ingen av partane sa opp avtalen innan fristen i 2009, og avtalen gjeld dermed til og med 31. mai 2011. Neste frist for å seie opp avtalen er 30. november 2010.

Forvaltninga av kolmule

Noreg, EU, Færøyane og Island har inngått ein kyststatsavtale om forvaltninga av kolmule i 2010.

Sidan bestandssituasjonen for kolmule har vore dårleg dei seinare åra på grunn av sviktande rekruttering, så blei Kyststatane i 2008 samde om ein ny forvaltningsplan. Planen inneber ei gradvis nedtrapping av fisket over to år til eit berekraftig nivå. Dette har ført til ein reduksjon av kvotane for 2010, til 540 000 tonn. Innanfor denne kvoten har kyststatane gjennom NEAFC også lagt til rette for ei avsetning til andre lands fiske i internasjonalt farvatn. Frå 2011 skal fisket skje på føre-var-nivå.

Noreg og EU er einige om å oppretthalde den gjensidige sonetilgangen for 2010 på same nivå som i 2009. Dette inneber at norske fartøy kan fortsette å fiske 68 % av den norske kyststatskvoten i EU-sona. Norske fartøy kan i tillegg fiske 599 000 tonn kolmule i EU-sona i medhald av den bilaterale kvoteavtalen mellom Noreg og EU for 2010. Av denne kan Noreg fiske 148 602 tonn i EU farvatn.

I kyststatsavtalen har norske fartøy òg fått auka sonetilgang til færøysk sone i 2010. Tilgangen for norske fartøy i færøysk sone er noko auka for 2010. I tillegg har Noreg i medhald av den bilaterale avtalen med Færøyane fått ein kvote på 11 250 tonn. Norske fartøy kan såleis fiske inntil 22 515 tonn kolmule i færøysk sone i 2010.

Den norske totalkvoten er på 205 792 tonn kolmule i 2010. I kyststatsavtalen er det opna for kvotefleksibilitet frå eit år til eit anna på inntil 10 %.

Forvaltninga av makrell

På bakgrunn av ekspansjonen i det uregulerte makrellfisket i internasjonalt farvatn, fremma Noreg, EU og Færøyane eit felles forslag om regulering av makrellfisket i internasjonalt farvatn, på det ekstraordinære årsmøtet i NEAFC 8.-9. februar 1999. Forslaget vart vedteke mot stemmene til Russland og Island.

Med det felles forslaget aksepterte Noreg og EU implisitt at Færøyane er kyststat til makrellbestanden. Dette førte til at dei tre partane kunne starte forhandlingar om etablering av eit nytt forvaltningsregime for makrell. Drøftingane vart slutførte 19. november 1999 då dei tre partane underteikna ein avtale om forvaltninga av makrell i Nordaust-Atlanteren for 2000.

Trepartsavtalen inneheld ein sameint langtidsstrategi for forvaltninga av makrell som skal sikre at uttaket av bestanden skjer innanfor forsvarlege biologiske rammes. Avtalen vart revidert og endra hausten 2008 etter råd frå ICES. Dette vil gje grunnlag for eit berekraftig fiske og høgt langtidsutbytte.

Sjølv om partane har inngått avtalar om makrell i åra etter 1999, har det heile tida vore usemje mellom Noreg og EU om forvaltningsregimet for makrell. Hovudproblemet er deling av kvoten mellom partane. Til no har Noreg og EU berre avtalt årlege ad hoc-arrangement for makrellen.

Ut frå ei vurdering av utbreiinga til bestanden, tilgjenge og beskatningsmønster, har Noreg i mange år gjort framlegg overfor EU om å opprette eitt forvaltningsområde for makrell med ein TAC som skal fordelast mellom partane. Problemet har vore at EU fastset ein særskilt makrellkvote i det sørlegaste utbreiingsområdet til bestanden (Biscaya). Noreg og Færøyane har i alle år protestert mot dette og vist til at det ikkje er biologisk grunnlag for ein slik unilateral komponent. For at saka ikkje skulle sementerast heilt, varsla Noreg i forhandlingane om ein avtale for 2009, at vi ville etablere ein tilsvarande unilateral komponent, om EU ikkje gjekk med på å inkludere sin i forvaltninga. Forhandlingane gav difor som resultat at Noreg og Færøyane har etablert ein unilateral komponent som er lik EU sin unilaterale komponent.

Partane hadde fleire møter i 2009 utan at ein lykkast å komme nærmare kvarandre i saka. På hausten lykkast partane heller ikkje å bli einige om ein ny treparts-avtale for 2010. Noreg og EU inngjekk derfor ein bilateral avtale om forvaltninga av makrell 26. januar 2010. I denne avtala blei

ein einige om innfasing av den sørlege komponenten, fordeling mellom partane og tilgang til kvarandres farvatn for fiske etter makrell.

Ein har samtidig starta arbeidet for å få i stand ein ny kyststatsavtale som også inkluderer Færøyane og Island, og har Russland som observatør. Den første forhandlingsrunda blei gjennomført våren 2010. Slik det no ser ut vil dette bli ein krevjande prosess, kor fordelinga mellom partane og sonetilgang er dei mest kompliserte spørsmåla.

Forvaltninga av uer

Det finst tre artar av uer i det nordaustlege Atlanterhavet, der to er av kommersiell interesse. Det er størst merksemd knytt til snabeluer-bestandane i Irmingerhavet og i Norskehavet, som vert utnytta av fleire statar.

Snabeluer i Irmingerhavet

ICES sitt råd for 2010 var at ein ikkje skulle fange meir enn 20 000 tonn.

Partane i denne prosessen om fordeling og regulering av uer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane og ikkje-kyststatane EU, Noreg og Russland. Det er inga formell semje om fordelinga, men det finst ein ad hoc fordelingsnøkkel frå 1996, som nokre av partane delvis har basert seg på. I og med at enkelte statar fastsette større kvotar enn dei burde, vart det samla uttaket også i 2008 altfor høgt. EU og Noreg heldt seg til avtalen og fiska i samsvar med fordelingsnøkkel frå 1996. Noreg fiska ikkje på bestanden i 2009. I praksis er den gamle ordninga vidareført i 2010, med mindre justeringar i tid- og områdeavgrensingane. Det sistnemnte inneber eit noko betre vern av uerlarvar. I avtaleteksten heiter det at ingen av partane skal fiske meir enn dei kvotane partane fastsette for 2009. I praksis inneber dette at det samla fisket kan bli tre til fire gonger så stort som ICES tilrår, under føresetnad av at det er mogeleg å finne så mykje uer som kan fiskast.

Det ligg no føre ein førebels uoffisiell ICES-rapport som stadfester det kyststatane har hevda om at det eigentleg er tre ulike uerbestandar i Irmingerhavet, og to av dei finst i internasjonalt farvatn. ICES har også lukkast i å dele desse opp i tre ulike forvaltningsdelar. Denne rapporten kan danne grunnlaget for vurdering av sonetilhøyrsla, og dermed kanskje bidra til ei permanent fordeling av irmingerhavsuer, noko som i sin tur kan medverke til ei betre forvaltning av desse bestandane.

Snabeluer i Norskehavet

I 2005 starta eit nytt fiskeri etter uer i den internasjonale delen av Norskehavet. Denne uerbestanden er hovudsakleg i norsk sone, men dreg på næringsvandring til internasjonalt farvatn tre månader om hausten. ICES tilrår nullfiske i mangel av ein gjenoppbyggingsplan. Den norske haldninga var og er at det er viktig av omsyn til bestanden å få regulert dette fisket.

Ei uavhengig utgreiing vart sett i gang av NEAFC i 2008 med tanke på å etablere eit vitenskapleg fundament for ein fordelingsnøkkel. Rapporten konkluderte med at sonetilhøyrsla til Noreg ligg må minst 90 prosent. Noreg inviterte dei andre NEAFC-partane til drøftingar om fordeling hausten 2009, utan at ein vart samde.


Noreg fremma forslag i NEAFC om nullfiske i 2007, 2008 og 2009, men fekk ikkje gjennomslag. NEAFC vedtok derimot ein totalkvote på 15 500 tonn for 2007, 14 500 tonn for 2008 og 10 500 tonn for 2009. For 2010 vart totalkvoten sett til 8600 tonn. Fisket er regulert som eit «olympisk» fiske, der alle kappfiskar inntil totalkvoten er teken og fisket vert stogga. For 2010 vart fiskeperioden utvida til å gjelde frå 15. august til 1. desember, til sterke protestar frå Noreg.

NAFO

Det overordna målet til Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen (NAFO) er å bidra gjennom konsultasjonar og samarbeid, til langsiktig bevaring, optimal utnytting og rasjonell forvaltning av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NAFO har i 2010 12 medlemsland, mellom anna frå Nord-Amerika, Asia og Karibia. Fire av medlemslanda er kyststatar til konvensjonsområdet: USA, Canada, Frankrike (på vegner av St.Pierre eit Miquelon) og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland). NAFO-sekretariatet ligg i Dartmouth i Canada.

NAFO har i dei seinare åra lagt vekt på å modernisere organisasjonen, inkluderte naudsynte endringar av sjølve NAFO-konvensjonen, og har vedteke ein revidert konvensjonstekst. Den nye konvensjonen tek mellom anna omsyn til føre-var-prinsippet, økosystembasert forvaltning, etablering av ein mekanisme for tvisteløysing og strukturelle endringar av organisasjonen. Endringane av konvensjonen vart vedteke på årsmøtet i 2007. På årsmøtet i 2008 vart den reviderte konvensjonsteksten vedteken i plenum, men den har enda ikkje tredt i kraft.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2010 og fisket etter avtalane i 2008 og 2009



Figur 3.2 NAFO sitt konvensjonsområde.

Noreg har kvoterettar i NAFO sitt reguleringsområde på 9,25 % av torskekvoten i underområde 3M, og 30 % av totalkvoten for lodde i 3NO. Grun-

na den dårlege bestandssituasjonen for torsk og lodde har det lenge vore eit forbod mot eit direktefiske av desse artane i NAFO-området. Etter ti

år med moratorium på direktefiske etter torsk i 3M, anbefalte vitskapskomiteen på sitt møte i juni i 2009 ein gjenopning av direktefisket i 2010 innanfor ein kvote på 4 125 tonn. Noreg støtta denne anbefalinga, men fleirtalet av NAFO sine medlemsland gjekk inn for ein høgare TAC, som vart sett på 5 500 tonn. TAC vart fordelt etter den historiske fordelingsnøkkelen, noko som innebar at Noreg fikk behalda sin del på 9.25%. I praksis ga dette Noreg ein kvote i 2010 på 509 tonn.

Noreg har sidan 1993 fiska reker på Flemish Cap. Det føregår to separate rekefiskeri på Flemish Cap, eitt i område 3M og eitt i område 3L. Rekebestanden i område 3M er ikkje kvoteregulert, men vert regulert ved å avgrense talet på fartøy og fiskedøgn. Spørsmålet om å innføre kvoteregulering i staden for å regulere talet på delta-kande fartøy og fiskedøgn har vore drøfta fleire gonger, utan at partane hittil har klart å kome fram til ei endeleg avklaring. Spørsmålet om ei kvoteregulering i underområde 3M, vart drøfta på eit særskilt møte i mai 2008. Partane kom heller ikkje denne gongen fram til ei avklaring fordi dei ikkje vart samde om fordelinga partane imellom. Saka vart ikkje følgd opp seinare på årsmøtet. På årsmøtet hausten 2007 vedtok partane same regulering som tidlegare år, slik at norske fartøy også i 2008 kunne fiske i til saman 992 fiskedøgn i underområde 3M, og 32 norske fartøy kunne ta del i fangsten. I underområde 3L har totalkvoten lege jamt på 30 000 tonn i dei to siste åra. For Noreg inneber dette at kvoten vart vidareført frå 2009, og ligg difor på 334 tonn i 2010.

På årsmøtet i 2003 vart partane etter til dels lange og vanskelege forhandlingar einige om at dei over ein fireårsperiode skal trappe ned kvoten på blåkveite frå 20 000 tonn i 2004 til 16 000 tonn. Det var også semje om ein plan for å byggje blåkveitebestanden opp att. Planen gav ein kvote på 16 000 tonn for 2008. Heile kvoten er delt mellom dei som har fiska mest på blåkveite i NAFO-området dei siste åra. Noreg er ikkje blant desse landa, og kan ikkje fiske blåkveite før totalkvoten kjem opp på 30 000 tonn eller meir. På årsmøte i 2010 vart det vedteke ein blåkveitekvote på 16 000 tonn for 2010.

NAFO har dei siste åra arbeidd for å implementere fiskeriresolusjonen vedteke av FN i 2006 (UNGA 61/105) om å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem vert skåna. NAFO har og arbeidd med FAO sine retningslinjer for djuphavsfiske på ope hav. Ulike område i konvensjonsområdet er delt inn i tre kategoriar: noverande område, stengde område og nye fiske-

område. NAFO vedtok på årsmøtet i 2006 å stengje fire sensitive område i perioden 2007-2010 for fiske med botnreiskapar. Det er no i tillegg vedteke regelverk som regulerer botnfiske og fartøya sine handlingar ved samanstøyt med sårbare marine økosystem (når utrekningar viser 100 kg korallar og/eller 1 000 kg svamp per fangst) i noverande område og nye område. Det er stilt strenge krav når det gjeld rapportering og plikt til å ha ein vitskapleg observatør om bord i nye område. Fartøyet pliktar ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst 2 nautiske mil frå staden med sårbare marine økosystem.

Hamnestatskontrollregimet for NAFO vart vedteke på årsmøtet i 2008. Teksten baserer seg i stor grad på NEAFC sitt system. NAFO si svarteliste vart på NEAFC sitt årsmøte i 2007 inkludert i NEAFC si svarteliste. Vidare finnast det eit krav på 100 % satellittsporing og observatørdekning i NAFO sitt område.

Norge var vert for årsmøtet i NAFO i 2009, som vart arrangert i Bergen. I tillegg sitt Noreg med det noverande presidentskapet i organisasjonen.


Meir informasjon finst på NAFO sine heimesider: <http://www.nafo.int>.

NEAFC

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen har som formål å sørge for ei langsiktig bevaring og optimal utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Kommisjonen skal vidare leggje til rette for ei berekraftig, samfunnsøkonomisk optimal og miljøvennleg utnytting av fiskeressursane. For å oppnå formålet skal kommisjonen sørge for at forvaltninga er basert på den best tilgjengelege vitskapelege kunnskapen og ei føre-var tilnærming. Samtidig skal forvaltninga ta omsyn til fiskarianes påverknad på marine økosystem og behovet for å bevare den marine biologiske biodiversiteten.

NEAFC har dei siste åra arbeidd for å tilpasse organisasjonen til utviklinga i internasjonal havrett, i tråd med m.a. prinsippet om føre-var og økosystemforvaltning. Noreg har vore ein sentral pådrivar for denne utviklinga.

Partane har slutta seg til endringar i konvensjonsteksten for å gi organisasjonen mandat til å gjennomføre ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning av ressursane i konvensjonsområdet. Forslaget inneber at konvensjonsteksten vert oppdatert i høve til den utviklinga som har skjedd på dette området sidan 1982, så som havrettstrak-



Figur 3.3 NEAFC sitt konvensjonsområde merka i blått, myndigheitsområde er merka i oransje.

taten, FN-avtalen om fiske på det opne hav mv. Partane har også slutta seg til ei erklæring der dei forpliktar seg til å tolke konvensjonsteksten i tråd med dei vedtekne konvensjonsendringane fram til desse trer i kraft. Noreg og EU har ratifisert endringa i konvensjonen. Dei andre partane har varsla at dei er i gong med prosess med sikte på ratifisering i 2010.

NEAFC sin viktigaste funksjon i dag er derfor å bidra til utviklinga av gode regionale kontrollregime og ei utvikling mot ei meir økosystembasert forvaltning av havområda. NEAFC sine myndigheitsområde er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor 200-milssonene. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor 200 nautiske mil, har kommisjonen i første rekkje ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part, dersom vedkomande part ønskjer det og støttar at eit reguleringstiltak vert sett i verk. NEAFC-konvensjonen gjeld i utgangspunktet for alle fiskeresursar i konvensjonsområdet, med unnatak av sjøpattedyr og langtmigrerande artar i den utstrekninga dei er omfatta av andre internasjonale avtalar (for eksempel tunfisk). Partane til NEAFC er Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), EU, Island, Noreg og Russland. Sekretariatet ligg i London.

Fiskerireguleringar

NEAFC har i første rekkje ein samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partane sine økonomiske soner og oppe hav. Det gjeld makrell, kolmule, norsk vårgytande sild og uer. Det vert gjort kyststatsavtalar for desse bestandane.

I desember 2005 vart kyststatane for første gong samde om ei regulering av fisket etter kolmule. Kvoten i NEAFC sitt reguleringsområde var i 2007 268 550 tonn, der Russland var tildelt 137 000 tonn og Grønland 10 000 tonn. Resten bleifordelt mellom kyststatane etter fordelinga fastsett i kyststatsavtalen. For 2008 inngjekk kyststatane ein avtale som var ei vidareføring frå 2006 og 2007, men med ein monaleg redusert TAC. Kvoten i NEAFC sitt reguleringsområde var i 2008 181 748 tonn, der Russland vart tildelt 92 718 tonn og Grønland 6768 tonn. Det ligg vidare i NEAFC-reguleringa at den relative delen dei ulike partane er tildelt, skal gjelde i framtida. For Russland sin del betyr det at deira kvote for 2008 inneheldt eit tillegg på 16 282 tonn, som skal fasast ut innan 2012. Den særskilte overføringa til Russland er 16 237 tonn i 2009, 8000 tonn i 2010 og 4000 tonn i 2011. Ingen tilleggskvotet vil bli tilgjengeleg i 2012.

Frå 2008 til 2009 vart totalkvota på kolmule redusert frå 1250 000 tonn til 590 000 tonn. Reduksjonen heng saman med den dårlege bestanssituasjonen etter sviktande rekurttering dei seinare åra Noreg, EU, Færøyane og Island vart einige om forvaltninga av kolmule for 2010. åra. Totalkvoten for kolmule for 2010 er på 540 000 tonn. Kvoten i NEAFC reguleringsområde for 2010 er på 78 516 tonn, og innanfor denne er Russland tildelt 40 054 tonn (i tillegg kjem den særskilte overføringa på 8000 tonn) og Grønland 2924 tonn.

NEAFC vedtok i 1996 for første gong eit avgrensa uttak på pelagisk uer i Irmingerhavet. Island, Færøyane og Grønland er rekna som kyststatar. Partane i NEAFC vart på årsmøtet i 2006 samde om reguleringstiltak for fiske av uer i Irmingerhavet i 2007 og fastsette ein totalkvote på 46 000 tonn, mot 62 416 tonn i 2006. Etter ei postavstemming vart partane samde om ei NEAFC-regulering på 46 000 tonn for 2008. Vidare skulle partane etablere eigne forvaltningstiltak ut i frå totalkvota.

I 2009 vart det vedteke ei regulering som i hovudsak var ei vidareføring av reguleringa frå 2008, men utan at det vert satt nokon eksplisitt totalkvote i reguleringa og med marginale justeringar i

tid- og områdeavgrensingane. Det vart vedteke at kvar part skulle etablere forvaltningstiltak og fastsette ei totalkvote som ikkje var høgare enn totalkvota i 2008. Under årsmøtet i 2009 vart det vedteke å vidareføre reguleringa frå 2009 for 2010 med nokon justeringar. EU stemte i mot anbefalingen, og vedtaket er difor ikkje bindande for EU. Den norske kvoten er sett til 1 691 tonn for 2010.

Dei siste års reguleringar er gjort trass i rådet frå ICES sidan 2008 om at det ikkje bør fangast meir enn 20 000 tonn. Delar av uerbestanden i Irmingerhavet, som vart forvalta av NEAFC, har dei seinaste åra vore observert og delvis utnytta i NAFO-området.

Noreg foreslo på årsmøtet i november 2006 eit forbod mot å fiske uer i Norskehavet i 2007, men med høve til å ha inntil 15 % bifangst. Forslaget fekk ikkje tilslutning, men partane i NEAFC slutta seg til ei regulering som forbod fiske av uer i ICES statistikkområde I og II i perioden 1. januar til 30. juni 2007. NEAFC behandla saka på eit ekstraordinært årsmøte i juni 2007 og vedtok ein TAC på 15 500 tonn for 2007. For Noreg var det avgjerande at det vart fastsett ei regulering for 2007 slik at ein unngjekk eit uregulert fiske, og Noreg aksepterte difor ein TAC som ikkje var i samsvar med vårt primære ønske om eit forbod mot fiske av uer i 2007. På årsmøtet i 2007, 2008 og 2009 foreslo Noreg igjen eit forbod mot fiske av uer i 2008 og 2009 og 2010 basert på den best tilgjengelege vitskaplege rådgevinga i alle tre åra, etter fleire diskusjonsrundar der nullfiske ikkje var aktuelt, fikk ikkje Noreg gjennomslag for sitt syn og det vart fastsett ein kvote på 14 500 tonn for 2008, 10 500 tonn for 2009 og 8600 tonn for 2010. I reguleringa for 2010 var det i tillegg tatt ut eit punkt om å ha et felles forskningsprogram organisert av ICES, og fiskeperioden vart utvida frå 16. november til 1. desember.

Noreg, EU, Færøyane, Island og Russland har inngått ein avtale om forvaltninga av norsk vårgytande sild for 2010. Totalkvoten i 2010 er 1 483 000 tonn. Den norske delen på 61 % ligg fast og utgjør 904 630 tonn. Kvoten er fastsett i tråd med råd frå ICES for 2010 og inneber ein reduksjon samanlikna med kvoten i fjor. Den norske kvoten i fjor var på 1 002 230 tonn. Partane er einige om å vidareføre den felles forvaltningsplanen som har som mål å sikre eit høgast mogleg langtidsutbytte. Ifølgje ICES er forvaltningsplanen i tråd med føre-var-prinsippet.

På årsmøtet i NEAFC i 2000 vedtok partane for første gong ei regulering av fisket etter makrell i internasjonalt farvatn. Kvoten for dette området vart for 2007 fastsett til 47 939 tonn og

for 2008 sett til 43 629 tonn. Island har reservert seg mot denne reguleringa. For 2009 gjev avsetninga til NEAFC ein makrellkvote på 57 884 tonn. Denne kvoten vart fordelt etter fastsette prosentar. Kyststatane får 50 % til fordeling, dvs. 26.440 tonn, Russland får 47 % som tilsvarar 29 706 tonn og Island 3 % – 1 738 tonn. Kyststatane overførte 2500 tonn frå deira felleskvote til Russland i 2009. Dette kvantumet vil bli redusert til 1500 tonn i 2010, og det vart ingen tilleggskvoter tilgjengeleg i 2011. Island kravde også på årsmøtet i 2008 å bli behandla som kyststat på makrell, og har difor reservert seg mot NEAFC-reguleringa. Det vart ikkje fastsett nokon kyststatsavtale for makrell for 2010 hausten 2009. Representantar frå Noreg, EU, Færøyane, Island og Russland møttes i Ålesund den 15.-18. mars 2010 for kyststatsforhandlingane av makrell. Partane vart i etterkant av møtet einige om å få på plass ei ad hoc regulering for makrell i 2010 der den enkelte part fastset ein totalkvote for 2010.

NEAFC har hatt ein prosess med sikte på å etablere eit forvaltningsregime for djuphavsressursane utanfor jurisdiksjonsområda til kyststatane. I 2004 vedtok NEAFC å redusere innsatsen i fisket etter djuphavsartar med 30 %. På årsmøtet i november 2006 var det semje om ein ytterlegare reduksjon av innsatsen med 5 %, til 65 % for 2007. Denne vart ført vidare for 2008, 2009 og 2010. Det siste ICES-tilrådingane for djupvassartar erer frå 2008. I 2008 fekk kvar avtalepartnar kvote på orange roughy på 150 tonn. Det vart ikkje vedteke tilrådingar om orange roughy for 2009. For 2010 vart det vedteke ei regulering på 150 tonn. Noreg er prinsipielt for eit nullfiske på arten, men støtta forslaget om ei kvote på 150 tonn for å få ei regulering på plass. Noreg har ikkje noko fiske på denne bestanden.

På årsmøtet i 2005 tok Noreg opp spørsmål knytt til tapte og etterlatne garn i djuphavsfiske. Som følge av dette vart det vedteke eit mellomtids forbod mot fiske med garn på djupare vatn enn 200 meter inntil NEAFC har utvikla eit teknisk regelverk for garnfiske, mellom anna med reglar om røking av garn. Seinare er dette forbodet vidareført og det gjeld også for 2010.

Områdeforvaltning

NEAFC vedtok i 2004 å stengje fem område for botntråling og fastståande reiskapar, for perioden 1. januar 2005 til 31. desember 2007. Denne stenginga vart på årsmøtet i 2007 forlenga til å gjelde også i 2008. På årsmøtet i 2006 vart det vedteke å

stengje ytterlegare fem område for botntråling og fastståande reiskapar for å verne korallrev, og stenginga gjeld ut 2009.

På bakgrunn av tilråding frå ICES fremma Noreg eit forslag om å revidere dei stengde områda. Det norske forslaget vart behandla på eit ekstraordinært årsmøte i NEAFC i juli 2008, der Noreg foreslo at dei eksisterande verneområda med forbod mot botnfiske, oppretta i 2004, skulle opphevast og erstattast av fem nye område, tre større og to mindre.

Partane sendte det norske forslaget vidare til ICES for vurdering. ICES tilrådde å halde fast på dei lukka områda med ein del justeringar mellom anna utvidingar av områda.

Noreg fremma på årsmøtet i november i 2008 nytt forslag om lukking basert på rådgevinga frå ICES, men sidan partane framleis ikkje hadde klart å førebu seg tilstrekkeleg til å ta standpunkt vart saka utsett, og dei eksisterande verneområda vart forlenga til 31.mars 2009. Noreg sitt reviderte forslag vart behandla på nytt i eit ekstraordinært møte i NEAFC i mars 2009. Forslaget vart vedteke med nokre mindre justeringar og avgjort gjennom postavstemming.

Under årsmøtet i 2009 ble det vedteke å utvide eit område stengd for botntråling på Hattonbanken og å stengje eit område for fiske på blålange utanfor Islands økonomiske sone. I tillegg vart det avgjort at eit forslag frå EU om utviding av dei stengde områda på den midtatlantiske ryggen skal sendes til ICES for vurdering.

Etter forslag frå Noreg ble det under årsmøtet i 2008 vedteke operasjonelle reglar for fiske i sårbare områder. Desse reglane blei justert under årsmøtet i 2009. Da blei grenseverdiane for samanstøyt med sårbare marine økosystem redusert frå 100 til 60 kg for korallar og frå 1000 kg til 800 kg for svamp per fangst. I reglane er det stilt strenge krav når det gjeld rapportering og plikt til å ha ein vitskapeleg inspektør om bord i nye områder. Fartøy plikter ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst to nautiske mil frå staden med sårbare marine økosystem.

Alle tiltaka som er vedteke om marine verneområder og botnfiskeri er elementar i NEAFC si oppfølginga av FN's fiskeriresolusjon frå 2006 og FAO sine retningslinjer om botnfiskeri, vedtekne i august 2008.

Kontroll og handhevingsregimet

På årsmøtet i 2005 oppretta NEAFC for første gong ei såkalla svarteliste. Det vil seie ei liste over

fartøy som ikkje har rett til å fiske i NEAFC sitt reguleringsområde eller som har motteke fisk frå slike fartøy. Med det nye regelverket er grunnlaget for å svarteliste fartøy betra. Reglane gjeld for fartøy som ikkje fører flagget til eitt av medlemslanda i NEAFC. Fram til 1. mai 2007 omfatta regelverket berre aktivitet i internasjonalt farvatn, men etter regelendringa gjeld det også aktivitet i medlemslanda sine økonomiske soner. Svartelista fartøy skal ikkje få løyve til å gå i hamn eller ta i mot sørvis eller forsyningar, føreta mannskapsbyte og liknande i hamnene til medlemslanda. På årsmøtet i 2007 vedtok NEAFC at fartøy som står på svartelistene til NAFO, CCAMLR og SEAFO og som ikkje er flagga i nokon av NEAFC-landa, skal inkluderas i svartelista til NEAFC. Det vart også vedteke at NEAFC skal sirkulere si svarteliste til desse organisasjonane.

NEAFC har, som første regionale fiskeriforvaltningsorganisasjon, etablert reglar for hamnetatskontroll (Scheme of Control and Enforcement) som har vist seg å vere eit effektivt verktøy i kampen mot ulovleg fiske. Det nye regelverket vart sett i kraft 1. mai 2007. NEAFC har også sett i verk eit omfattande opplegg for satelittovervaking av fiskeria i Nordaust-Atlanteren.

Under årsmøtet i 2009 vedtok NEAFC eit forbod mot utkast i NEAFC reguleringsområde for dei viktigaste artane som regulerast av NEAFC i aneks I A i kontroll og handhevingsregimet. Vedaket har formelt trådd i kraft 3. mars 2010. EU stemte i mot anbefalingen, og vedtaket er difor ikkje bindande for EU.

Meir informasjon finst på NEAFC sine heimesider: <http://www.neafc.org/>

IWC og NAMMCO

IWC

Noreg er medlem av Den internasjonale kvalfangstkommissjonen, IWC, som regulerer fangst av større kvalartar. IWC vart oppretta for å sikre ei berekraftig forvaltning av kvalressursane, og Noreg deltek på årsmøta og andre møte om forvaltning av kval. I 1982 vedtok IWC eit totalforbod mot all kommersiell kvalfangst. Noreg har reservert seg mot dette forbodet, og er difor ikkje bunden av det. Frå 1994 til 2006 arbeidde IWC utan å lukkast med å få på plass eit revidert forvaltningsregime. Det var tanken at eit revidert forvaltningsregime skulle opne for kommersiell kvalfangst.

Hovudsaka i IWC er no diskusjonen om kva som skal vere IWC si oppgåve i framtida. Det er uklart om det kan bli semje om noko som helst.

Noreg kan vanskeleg gå med på kompromiss som ikkje opnar for at IWC igjen tek til med å forvalte kvalressursane.

Forskarane i IWC har etablert spesielle prosedyrar for vurdering av dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Kvoteutrekningsmodellen, som er svært konservativ, er utvikla slik at han kan brukast til å rekne ut kvotar for alle bardekvalartar. Den norske kvoten vert fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i IWC sin vitskapskomité. For 2010 har Noreg fastsett ein norsk kvote på 1 286 dyr.


Under vitskapskomiteen sitt møte i 2008 var det ein gjennomgang der all ny kunnskap (teljingar, genetiske data, etc.) vart oppsummert og diskutert. Den norske delegasjonen presenterte eit forslag til nytt bestandsestimat basert på teljingane for perioden 2002-2007. Det nye estimatet er 103 000 dyr for totalområdet, 79 000 for den austlege delen og 24 000 for Jan Mayen-området. Dette estimatet er veldig nær estimatet frå førre teljeperiode (107 000), men er nok omeir usikkert. Det står att noko utregningsarbeid for å redusere usikkerheita før estimatet kan godkjennast for bruk i IWC sin reviderte forvaltningsprosedyre, RMP. Punktestimaten (103 000) er akseptert. Under diskusjonen av forslaget vart det fremma ei liste med forslag til kva som bør gjerast før endelig godkjenning. Modellen som vert brukt til å rekne ut usikkerheita til bestandsstorleiken, er tidlegare akseptert, men det ligg føre ei rekkje forslag til korleis han kan gjerast betre. Det nye bestandsestimatet vil difor først bli ferdigbehandla på IWC sitt årsmøte i juni 2010.

Meir informasjon finst på IWC sine heimesider: <http://www.iwcoffice.org/>

NAMMCO

Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen, NAMMCO, vart etablert i 1992. Hovudoppgåva var å arbeide for vern og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren basert på vitskapelege råd. Arbeidet er konsentrert om småkval, sel og kvalross, men studiane og samarbeidet omfattar òg dei store kvalartane. Noreg er saman med Færøyane, Grønland og Island medlem i kommissjonen. Danmark, Russland, Canada og Japan møter regelmessig som observatørar, og Canada og Russland tek aktivt del i arbeidet i arbeidsgrupper.

NAMMCO har lukkast godt i arbeidet med å forbetre jaktmetodar, eit arbeid som har interesse langt utover medlemslanda i NAMMCO. Representantar frå alle dei nordiske landa, Russland,



Figur 3.4 CCAMLR sitt konvensjonsområde.

Japan, Canada og USA deltek i dette arbeidet. Resultata gjev grunnlag for å forbetre jaktmetodane og setje nye standardar for jakt på sjøpattedyr.

NAMMCO sin vitskapskomité driv forskning på sjøpattedyr i Nord-Atlanteren

Arbeidet med å utvikle fleirbestandsmodellar går sakte fordi ein ventar på framdrift i nasjonale forskingsprosjekt. Dette arbeidet er viktig for forvaltninga av dei marine ressursane, og Noreg går inn for at NAMMCO skal prioritere arbeidet med økosystembasert tilnærming til forvaltning av sjøpattedyra i våre havområde.

Meir informasjon finst på NAMMCO sine heimesider: <http://www.nammco.no/>

CCAMLR

Kommissjonen for bevaring av marine levande ressursar i Antarktisk, CCAMLR, vart oppretta i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane. Målsettinga om «Bevaring av dei levande marine ressursane» er i konvensjonen definert slik at det omfattar rasjonell utnytting. I byrjinga vart CCAMLR omtala som krill-konvensjonen. Utanom fisket etter krill føregår det eit direkte fiske etter antarktisk tannfisk, patagonisk tannfisk og makrell-isfisk i området.

CCAMLR vedtek årleg tilrådingar av totalkvotar for dei ulike artane i konvensjonsområdet, som utgjer det meste av Sørishavet. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemmane. Det er såleis ope for eit «olympisk» fiske, der alle fiskar inntil fisket vert stogga når totalkvo-

tane er tekne. Kvotane er likevel delt på fleire mindre underområde. Føremålet med det er å hente inn informasjon frå nærast heile området gjennom å spreie fangstane.

Noreg fastsette 13. mars 1998 ei føresegn om regulering av fiske med norske fartøy i Antarktis (CCAMLR-området). Føresegna gjeld for norske statsborgarar og personar busette i Noreg som driv fiske med norske fartøy i havområda på den sørlege halvkula, som er underlagt konvensjonen av 20. mai 1980 for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. Det er forbod mot å drive fiske utan at det er innhenta løyve frå norske styresmakter. Alt fiske med norsk fartøy gjennomførast med vitskaplege observatørar frå andre CCAMLR-partar om bord. På dette viset hjelper fiskefartøya til med innsamling av data som kan nyttast av CCAMLR sin vitskapskomite.

Det er innført eit fangstdokumentasjonssystem for å overvake internasjonal handel og vise at patagonisk tannfisk som vert importert til eit medlem av organisasjonen, er fanga i samsvar med CCAMLRs regelverk eller teken utanfor CCAMLR-området. Det skjer ei kontinuerleg evaluering for å betre systemet og tette eventuelle smothol. Noreg sette i verk dette systemet i mars 2000. Noreg har dei siste åra ikkje hatt fartøy i fisket etter patagonisk tannfisk.

Det er store krillressursar i Sørishavet. Ein reknar biomassen til 44 millionar tonn i eit statistisk avgrensa område der det vert fiska i dag. I dette området er det tilrådd ein fangst på 3,47 millionar tonn. For å gjennomføre den tilrådde fangsten er det eit vilkår at det vert oppretta område for forvaltninga som har mindre geografisk utstrekning enn dei fire underområda. Den maksimale fangsten for heile område 48 er delt på mindre kvoter i dei statistiske underområda 48.1 – 48.4, og samla ikkje meir enn 620 000 tonn inntil desse særlege forvaltningsområda er etablerte. Dei siste åra har totalfangsten vore mellom 100 000 og 150 000 tonn. For sesongen 2009/2010 (1. desember 2009 – 30. november 2010) har Noreg meldt på tre fartøy for krillfiske i CCAMLR. Noreg har gjort avtale om vitskapleg observasjon av dette fisket med andre land.

Noreg deltok på CCAMLR sitt årsmøte i 2009. Estimata for ulovleg, urapportert og uregulert fiske er usikre, men det er teikn som tyder på at omfanget no er monaleg mindre enn for få år sidan. Nye tiltak vedtekne dei siste åra er særskilde tiltak for vern av sårbare marine økosystem. Her må det gjerast ei vitskapleg vurdering av korleis fiske med reiskapar som kjem i kontakt med botnen, verkar på slike økosystem. Fartøy som fiskar med

slike reiskapar må flytte seg og melde frå om dei kjem i kontakt med sårbare habitat under fiske. Fleire nye tiltak med særleg omsyn til sårbare økosystem er på plass for å svare til krava om vern i FN-fiskeriresolusjonen 61/105 frå 2006.

Meir informasjon finst på CCAMLRs heimesider: <http://www.ccamlr.org/>

ICCAT

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk, ICCAT, vart etablert i 1969. Denne regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen har ansvar for bevaring og forvaltning av tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet. ICCAT har 48 kontraherande partar (medrekna EU som part). Organisasjonen sitt kompetanseområde omfattar omkring 30 artar, mellom anna makrellstørje som særleg i 1950-åra vart fiska i store kvanta langs norskekysten. Overfiske har ført til ein kraftig reduksjon i bestanden og førekomstane i våre farvatn er i dag nærast ikkje-eksisterande.

Frå slutten av 1990-talet tyda førekomstane av makrellstørje i norske farvatn på at bestanden kunne komme til å ta opp att sitt gamle beitevandringmønster og igjen bli tilgjengeleg for fiske i norske farvatn. Som følge av dette møtte Noreg som observatør i ICCAT frå 1998 til 2003. I tråd med våre havrettslege plikter til samarbeid med dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane som forvaltar bestandar som opptrer i våre farvatn og for å sikre oss høve til eit framtidig fiske på makrellstørje, vart Noreg medlem av ICCAT i 2004. Føremålet med den norske deltakinga har i første rekkje vore å søkje å bidra til ei forvaltning som sikrar gjenoppbygging av makrellstørjebestanden i det austlege Atlanterhavet. Deltakinga i ICCAT er også viktig for Noreg fordi organisasjonen spelar ei aktiv rolle internasjonalt når det gjeld utforming av regelverk.

ICCAT fastset kvotar for periodar på fire år. I samband med kvotefastsettinga for denne perioden fekk Noreg for første gong forhandla fram ein kyststatskvote på austleg makrellstørje (bestandskomponent som dekkjer Middelhavet og det austlege Atlanterhav) som gjenspeglar ein fast del. Kvoten for 2007 var på 53,34 tonn og skal i tråd med gjenoppbyggingsplanen, jf. nedanfor, reduserast årleg. Fram til 2007 hadde Noreg høve til å fiske på ein samlekvote på 1000 tonn for land utan kvote.

Makrellstørjebestanden er i svært dårleg forfatning på grunn av høgt overfiske over lang tid og dårleg vern av ungfisken i Middelhavet. På års-



Figur 3.5 SEAFO sitt konvensjonsområde

møtet i 2005 la Noreg fram eit forslag om betre vern av ungfisk i Middelhavet. Mange land støtta forslaget, men det vart ikkje vedteke. Betre vern av ungfisken i Middelhavet er nødvendig for at bestanden på nytt kan bli så stor at han kjem ut i Atlanteren på beitevandring i større omfang.

På årsmøtet i 2006 vedtok ICCAT ein gjenoppbyggingsplan for austleg makrellstørje som eta-

blerer eit omfattande kontrollregime og tilhøyrande forvaltningstiltak. Planen inneber ei gradvis nedtrapping av totalkvoten (TAC) i kvoteperioden. TAC vart likevel sett dobbelt så høgt som tilrådd av ICCAT sin vitskapskomité (29 500 tonn for 2007 med nedtrapping til 25 500 tonn i 2010 – mot tilrådd 15 000 tonn kombinert med innføring av andre tiltak, inkludert stans i fisket i heile gyte-

sesongen og kontroll av uttaket). Noreg støtta innføringa av dei foreslått kontrolltiltaka, men gjekk i mot gjenoppbyggingsplanen fordi forvaltningselementa var utilstrekkelege.

Den stadig dårlegare bestandssituasjonen og mangelen på oppfølging av kontrolltiltaka i gjenoppbyggingsplanen førte også til at nedjustering av dei fastsette kvotane på makrellstørje vart hovudtema under årsmøtet hausten 2008. Noreg støtta eit forslag om å setje TAC til 15 000 tonn, som er i tråd med den vitskaplege tilrådinga. Fleirtalet i ICCAT gjekk likevel inn for ein mindre reduksjon av TAC for 2009. Denne vart sett til 22 000 tonn (mot 27 500 tonn som følgjer av gjenoppbyggingsplanen frå 2006). På årsmøtet i 2009 vart det vedteken ein rekke nye tiltak for å betre forvaltninga av makrellstørje i 2010. TAC var set til 13500 tonn, mens vitskapskomiteen råd var på 8 500 tonn. Noreg støtta rådet frå vitskapskomiteen.

På bakgrunn av bestandssituasjonen har Noreg fastsett forbod mot fiske og landing av makrellstørje i norske og internasjonalt farvatn.

Meir informasjon finst på ICCAT sine heimesider: <http://www.iccat.int/>

SEAFO

Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen, SEAFO, vart etablert 20. april 2001 og har sitt hovudsete i Namibia.

Det overordna målet til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i det søraustlege Atlanterhavet. Partane pliktar å innføre tiltak som skal sikre ein langsiktig berekraftig bruk av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Konvensjonsområdet er avgrensa til det opne hav, og omfattar såleis ikkje dei økonomiske sonene til kyststatane i området.

SEAFO-konvensjonen vart underteikna av dei fire kyststatane Angola, Namibia, Storbritannia (på vegne av St. Helena) og Sør-Afrika, og dessutan EU, Island, Noreg, Sør-Korea og USA. Noreg ratifiserte konvensjonen 12. februar 2003. Japan er nytt medlem etter at dei ratifiserte konvensjonen i fjor. Konvensjonen er elles ratifisert av Angola, Namibia, Sør-Afrika og EU-kommisjonen.

SEAFO-konvensjonen tok til å gjelde 13. april 2003. Namibia signerte i fjor ein hovudkvarteravtale med SEAFO.

Dei norske kommersielle interessene i SEAFO-området er relativt små. Kartlegginga av fiskeripotensialet er mangelfull, og det er såleis vanskeleg å vurdere kva for interesser norske fiskarar kan få i området i framtida. Ein viktig grunn til at Noreg ratifiserte SEAFO-konvensjonen er at Noreg prinsipielt er ein sterk tilhengar av regionalt samarbeid om felles fiskeriressursar, og at Noreg også deltek aktivt i ei rekke andre regionale fiskeriorganisasjonar. Norsk deltaking i SEAFO kan både gi innsyn i statspraksisen i området og høve til å påverke den. Vidare vil Noreg sitt to- og fleirsidige bistandsengasjement i regionen kunne styrkjast ved å delta i SEAFO.

Som vi veit vert UUU-fartøy svartelista av regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar, og Noreg har no gjort opptaket til ein prosess som skaper ei global svarteliste ved at dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane godkjenner svartelistene til kvarandre. På årsmøtet i SEAFO i oktober 2007 vart det bestemt at SEAFO skal godkjenne listene frå CCAMLR, NAFO og NEAFC. Systemet for hamnestatskontroll i SEAFO inkluderer no utpeiking av spesielle hamner, etablering av eit SEAFO-register over slike hamner, krav om notifisering før ein kjem til hamna, forbod mot mottak av UUU-fangstar, inspeksjonsprosedyrar og krav om utfylling av ein harmonisert inspeksjonsrapport.

På møtet i 2009 vedtok SEAFO strengere tiltak for vern av sårbare marine økosystem etter den modellen som NAFO og NEAFC nyttar. Her må det gjerast ei vitskapleg vurdering av korleis fiske med reiskapar som kjem i kontakt med botnen, verkar på slike økosystem. Fartøy som fiskar med slike reiskapar må flytte seg og melde frå om dei kjem i kontakt med sårbare habitat under fiske. Fleire nye tiltak med særleg omsyn til sårbare økosystem er på plass for å svare til krava om vern i FN-fiskeriresolusjonen 61/105 frå 2006.

Noreg sitt med det noverande presidentskapet i SEAFO.

Meir informasjon finst på heimesidene til SEAFO: www.seafo.org

Del III
Tilstanden til dei viktigaste bestandane
Noreg fiskar på

4 Bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltingsplanar

4.1 Bestandsutrekning og rådgjeving

I dette kapitlet er det først ei kort oversikt over metodar for å måle fiskebestandar i felten, utrekningsverktøy (modellar), forvaltingsplanar, rådgjeving og dei såkalla referansepunkta. Deretter vert det gjort greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane som Noreg deler med andre land, i tillegg til tilrådd TAC, avtalt TAC og fangstar.

4.2 Bestandsutrekning

Bestandsutrekning («assessment») inneber vanlegvis å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fangststatistikk og data frå vitskaplege tokt. Ved hjelp av ulike matematiske modellar reknar ein ut kor stor bestanden er i dag ved å sjå på kor store årsklassane var i fjor, og så trekkje frå dei individane som har døydd på grunn av fiske og naturleg død (blitt etne av andre, sjukdom, matmangel, alderdom) i løpet av året. Dei viktigaste datakjeldene i slike modellar er

- fangststatistikk med stikkprøver av alderssamansetjing (skal fortelje kor mykje som er blitt fiska i løpet av året av dei ulike årsklassane)
- toktdata (fortel om relative endringar i talet på fisk i kvar aldersgruppe i forhold til året før)

Fangststatistikk

Det er viktig å halde oversikt over kor mange individ som vert tekne ut av ein bestand. I nokre tilfelle kan ein sjå om bestanden veks eller minkar ved å samanlikne kor stor fiskeinnsats som ligg bak kvart tonn med fanga fisk frå år til år. Fisket gjev forskarane opplysningar om når, kva artar, kvar og kor mykje det vert fiska, viktig informasjon som vert mata inn i modellane til forskarane. Desse opplysningane må difor vere så nøyaktige som mogleg.

Toktdata

Havforskningsinstituttet brukar vanlegvis fleire ulike metodar for å måle mengda av fisk i havet:

- ekkolodd/akustikk
- trål
- måling av eggproduksjon
- merking/gjenfangst av fisk

Akustisk mengdemåling

Metoden baserer seg på at objekt i havet reflekterer lyd (ekko). Styrken, tidslengda, og forholdet mellom styrken ved ulike lydfrekvensar på ekkoet frå ein fisk eller fiskestim er avhengig av art og storleik på fisken, og av kor stor og tett stimen er. Desse samanhengane er etter kvart vorte rimeleg godt fastlagde gjennom eksperimentelle og kontrollerte målingar. Ved å måle og lagre ekkostyrke og ekkotidslengd langs kurslinjene og observere kva slags artar og storleikar som medverkar til dei akustiske målingane ved å ta prøver (trålfangstar), kan ein rekne ut kva slags fisketettleik, art og storleik ekkomålingane svarar til. Dei akustiske målingane og analysane vert utførte i LSSS (Large scale survey system), eit relativt nytt system som er utvikla av Havforskningsinstituttet og som etter kvart vert teke i bruk rundt om i verda.

Botntrål

Talet på fisk i kvar botntrålfangst vert rekna om til fisketettleik (tal per flateining) ved å dividere på det arealet botntrålen har fiska over. Ved å ta eit stort tal trålstasjonar fordelt i heile utbreiingsområdet til bestanden, får ein fram ei fordeling basert på trålfangst per arealeining. Talet på fisk i kvar arts- og storleiksgruppe vert justert basert på kunnskap vunnen gjennom eksperiment, om kor mange fisk som vil vike unna trålen eller som vil sleppe gjennom maskene på trålen.

Måling av eggproduksjonen

Metoden her kan kortfatta skisserast slik: Når ein veit kor mange egg som er gytt og kor mange egg ein hofisk gyt, kan ein finne ut kor mange hofisk som har gytt. Feltdelen, eller eggtafestinga i metodikken, er i hovudsak lik botntrålmotodikken. Med planktonhåv tek ein eit stort tal håvtrekk fordelt i heile gyteområdet. Fangstane av egg vert rekna om til eggteettleik (tal per flateining). Multiplisert med tilhøyrande areal og justert for alderen til egg, får vi så totalt tal på egg gytt per dag. Gyteområdet vert dekkja fleire gonger i løpet av gytseasonen. Når eggmengdene frå kvar dekkning vert summerte over heile gytseasonen, får vi det totale talet på gytt egg.

Talet på egg som eit individ gyt er avhengig av art og storleik. Store hoer gyt fleire (og større) egg enn små hoer. Samanhengen er fastlagt, og talet på egg per gram hofisk er talfesta. Total mengd gytt egg, dividert med talet på egg per gram hofisk, gjev til slutt vekta eller biomassen til gytebestanden av hofisk. Prøvetaking syner kor mykje hannfisk og hofisk det er i gytebestanden. Vanlegvis er dette forholdet nær 1:1.

Merkeforsøk

I si aller enklaste form kan formelverket som vert nytta skisserast slik:

Talet på fisk i bestanden/talet på merkte fisk = Talet på fisk i fangst/talet på merkte fisk i fangst.

Dersom ein held greie på kor mange merke som vert sette ut, kor mange merke som vert funne att og kor mange fisk som vert fanga, kan ein ved hjelp av denne formelen rekne ut mengda av fisk i bestanden.

4.3 Metodar for utrekning av bestandsstorleik

Bestandsutrekning inneber som nemnt å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fisket, data frå tokt der relative bestandsendringar vert observert, og beskatningsgraden (fisketrykket). Utfallet er grunnlag for rådgjeving om fiskekvotar, og er elles viktig for meir grunnleggjande forskning på tilhøve som avgjer storleiken på bestanden, rekruttering osv.

For dei fleste bestandar av interesse for Noreg vert desse utrekningane gjort i samarbeid med forskarar frå fleire land i arbeidsgrupper innanfor Det internasjonale råd for havforskning, ICES. Utrek-

ningsverktøyet er matematiske modellar. Det finst ei rekkje slike modellar, og dette er eit forskingsfelt i rask utvikling. Valet av modell vil avhenge av eigenskapane til bestanden og kva slags data som er tilgjengelege. I Noreg brukar ein hovudsakleg modellar der føresetnaden er at både fangstane og toktdata ligg føre som tal på fisk fordelt på alder. Medan talet på fisk i fangstane er eit absolutt tal, er talet på fisk målt på tokt eit relativt tal; ein indeks. Det gjer at målingane kan knytast til årsklassar, og at kvar årsklasse kan følgjast over tid.

VPA (Virtuell Populasjons Analyse)

Dette er ein metode for å rekne ut kor stor ein årsklasse må ha vore bakover i tid og kor mykje fisk som har dødd som følgje av fiske (s.k. fiskedød, dvs. den delen av bestanden som er hausta i fiskeria), ved hjelp av opplysningar om fangst ved alder over ein del år. Dette er ikkje nok for ei fullstendig bestandsutrekning, men mange utrekningsverktøy tek utgangspunkt i denne metoden.

Om ein veit kor mange fisk som har vore fanga av ein årsklasse gjennom ein del år, veit ein også at det må ha vore minst så mange fisk i årsklassen frå starten av. Faktisk må det ha vore endå fleire, fordi ein også må rekne med eit fråfall av andre årsaker enn fiske (naturleg død). Når ein skal setje opp ein slik rekneskap, startar ein i praksis med den mengda fisk ein trur framleis er til stades og legg til det som vart fanga og det som gjekk tapt siste år på grunn av naturleg død. Då får ein den mengda fisk som må ha vore i årsklassen året før. Slik held ein fram bakover i tid. Den naturlege døden reknar ein som oftast som eit fast relativt (prosentvis) tap kvart år. Fiskedøden får ein ved å samanhalde fangst og bestand år for år.

VPA fortel altså ikkje kor stor bestanden er i augneblinken. Om ein derimot kan gå ut frå at det no er lite att av ein årsklasse, kan ein rekne ut ganske presist kor stor årsklassen har vore i tidlegare år. Utrekninga byggjer på fangststatistikken og vert villeiande om fangsttala ikkje er rette.

For somme artar brukar vi ikkje metodikk basert på fangststatistikk. I våre farvatn gjeld det først og fremst lodda. Her brukar ein den akustiske målinga av bestanden som eit absolutt mål for bestandsstorleiken, og nyttar så modellar som tek omsyn til at den naturlege dødsraten mellom målinga og gytetidspunktet vil variere med kor mykje torsk og andre rovdyr som er i området, som basis for rådgjevinga om kvotar.

For dei fleste artane og bestandane i våre farvatn har ein berre data og relevant informasjon frå

fiskeria å støtte seg til når bestandsstorleiken skal estimerast og evaluerast. Rett kvantifisering av kor stor fiskeinnsats (inkl. endring av effektivitet) som ligg til grunn for eit rapportert fangstkvan- tum er eit nødvendig forskingsområde framover for å kunne relatere fiskeridata til bestandsstor- leik på ein påliteleg måte.

4.4 Forvaltingsplanar og rådgjeving

Det er naturen som set grenser for kor mykje som kan haustast av ein fiskebestand. Innanfor denne avgrensinga er det like fullt mange alternative måtar å nytte ressursen på, avhengig av kva slags mål ein har. Vi snakkar her om ulike forvaltings- målsettingar nedfelt i forvaltingsplanar. Desse kan vere tidsavgrensa eller permanente. Ein per- manent plan kan til dømes vere å fiske med ein gitt utnyttingsgrad. Ein tidsavgrensa plan kan til dømes ta sikte på å byggje opp att ein bestand til eit visst nivå. I begge tilfelle bør det vere mogleg å revidere planen undervegs.

Dei forvaltingsplanane som har eksistert fram til no har som regel vore enkle og ufullsten- dige. Det er difor eit langsiktig mål for norske fis- keristyresmakter at forvaltninga skal baserast på meir heilskaplege forvaltingsplanar enn dei vi har i dag, der det ikkje berre vert teke omsyn til biologiske, men også til økonomiske og andre re- levante faktorar.

I ein forvaltingsplan er berekraft ei grunnleg- gjande norm. Optimal ressursutnytting og stabili- tet er andre kriterium det er rimeleg å ta omsyn til. For å kunne vurdere utnyttingsgrad og be- stand i forhold til slike kriterium, er det utvikla biologiske referansepunkt. Tradisjonelt har des- se vore nytta i forvaltningsrådgjeving både som grenseverdiar og målverdiar. Nedanfor er det eit oversyn over dei vanlegaste referansepunkta og kva dei tyder, men først er det nødvendig å forklar- e enkelte vanlege, faglege omgrep.

Død

Total dødsrate (Z) i ein fiskebestand vert delt opp i naturleg dødsrate (M) og fiskedødsrate (F). Fis- kedødsraten skal omfatte den delen som skuldast fisket. I praksis vil det like fullt vere vanskeleg å få

mål på utkast og død som kjem av kontakt med fiskereiskapar, slik at fiskedødsraten i bestands- utrekningar som regel berre omfattar ilandført re- gistrert fangst. Naturleg dødsrate omfattar då all annan død. Forskarane nyttar «momentane» døds- rater. Ettersom talverdien som oftast ligg mellom 0 og 1, til dømes 0,5, vert dette lett oppfatta som prosentar, slik at 0,5 skulle bety 50 % død. I prak- sis er tilhøvet slik at dødsraten ofte kan overstige 1 utan at dette betyr 100 % død. Dette kjem av at talet står i høve til det gjennomsnittlege talet på fisk til stades gjennom perioden ein nyttar (t.d. eit år), og ikkje til talet ved starten av perioden. Samanhengen er vist i tabell 4.1.

I forvaltningssamanheng er det som regel ber- re fiskedødsrate som vert presentert. Naturleg død kjem i tillegg til dette. Ein fordel ved å bruke «momentan» dødsrate, er at dette ofte er tilnærma proporsjonalt med fangstsinnsatsen. Ei dobling av fangstsinnsatsen tilsvarar omtrent ei dobling av fis- kedødsraten.

Eit haustings- eller utnyttingsmønster syner korleis haustinga/utnyttinga er fordelt på kvar al- dersgruppe. Dette vil mellom anna vere avhengig av reiskapsseleksjon. Som regel vil utnyttinga vere lågare for ung fisk enn for eldre. Utnyttings- mønsteret er uavhengig av utnyttingsgrad (fiske- dødsrate), og refererer berre til det relative tilhø- vet mellom aldersgruppene. Endringar i utnyt- tingsmønsteret kan ha stor innverknad på lang- tidsutbyttet.

Referansepunkt som dannar grunnlag for rådgjeving om fiskekvoter

Føre-var-regelen (eller føre-var-tilnærminga) i for- valting av naturressursar er nedfelt i fleire inter- nasjonale konvensjonar etter Rio-konferansen i 1992. Sidan 1998 har ICES med tida definert og talfesta føre-var-referansepunkt for dei fleste be- standane. Referansepunkta omfattar både utnyt- tingsgrad (fiskedødsrate) og storleik på gytebe- standen.

Berekraftige fiskeri er eit sentralt omgrep i dei før nemnde internasjonale konvensjonane. Ut frå det langsiktige aspektet som ligg i dette, og ut frå den historiske erfaringa med forvaltning av fiske- bestandar, er fiskedødsraten rekna som eit viktig kriterium for føre-var-forvaltning. Ein vil sikre seg

Tabell 4.1 Samanheng mellom dødsrate og % av bestandsstorleik ved starten av året

Dødsrate	0,1	0,2	0,3	0,4	0,5	0,6	0,7	0,8	0,9	1,0	1,5	2,0
% av bestandsstorleik ved starten av året	9,5	18,1	25,9	33,0	39,3	45,1	50,3	55,1	59,3	63,2	77,7	86,5


mot at bestanden vert utsett for ein fiskedød som på lengre sikt kan føre til samanbrot i bestanden. Ut frå historiske bestandsdata og enkle føresetnader om samanhengen mellom gytebestand og rekruttering, har ein for kvar bestand prøvd å definere ei nedre grense for gytebestanden (B_{lim}), der det er stor risiko for dårleg rekruttering om gytebestanden kjem under denne grensa. Tilsvarende er det definert ei øvre grense for fiskedødsraten (F_{lim}) som, dersom ho vert overskriden over lengre tid, svært sannsynleg vil føre bestanden ned på eit nivå der rekrutteringa er venta å verte dårleg.

Når ein tek omsyn til uvisse i bestandsvurderingane, krev ei føre-var-forvaltning at det vert lagt inn ein trygggleiksmargin i høve til desse «absolutte» grensene. Ei føre-var-grense for gytebestanden (B_{pa})¹ må difor vere noko høgare enn B_{lim} , og ei føre-var-grense for fiskedødsraten (F_{pa}) må vere noko lågare enn F_{lim} . Denne trygggleiksmarginen vil altså avhenge av presisjonen i bestandsutrekninga og graden av naturleg variasjon i bestanden. F_{pa} kan sjåast som den høgaste fiskedødsraten som vil vere i samsvar med ei føre-var-forvaltning, men er også knytt til om ho er berekraftig. B_{pa} er først og fremst ei tiltaksgrense. Dersom gytebestanden er lågare enn B_{pa} , bør ein ta det som ei åtvaring og setje inn ekstra tiltak for å få bestanden opp igjen på eit tryggare nivå.

ICES har definert dei «absolutte» grensene (B_{lim} og F_{lim}) ut frå historiske bestandsdata og teori om dynamikken i fiskebestandar. Når det gjeld føre-var-grensene (B_{pa} og F_{pa}), vil verdien på desse mellom anna avhenge av kor stor risiko forvaltninga er villig til å ta. ICES kjem difor berre med framlegg om føre-var-grenser, og det krevst ein dialog med forvaltninga for å fastsetje føremålstenlege verdjar.

Det er verdt å merke seg at ICES sin definisjon av føre-var-referansepunkta er grenseverdjar som tek sikte på at det er svært sannsynleg at bestanden skal halde seg over nivået der rekrutteringa kan svikte. Grensene er altså ikkje tenkt å vere mål for forvaltninga. For dei fleste bestandar, spesielt av botnfisk, er den føreslåtte føre-var-grensa for fiskedødsraten høgare enn fiskedødsraten som gjev maksimalt langtidsutbytte, og forvaltninga kan fritt stile mot eit høgare langtidsutbytte ved å setje eit mål for fiskedødsraten som er lågare enn føre-var-grensa.

Bruken av føre-var-tilnærminga er komen gradvis til syne i ICES si rådgjeving. Frå og med



Figur 4.1 Diagram over fiskedødsrate og gytebestand med referansepunkta F_{lim} , F_{pa} , B_{lim} og B_{pa} . Dei farga felte indikerer ulike tiltakssoner. Grønt: kan utnyttast. Gult: tiltaksområde. Rødt: stopp fisket eller andre drastiske tiltak

hausten 1996 vart det oftare enn før argumentert mot høge fiskedødsrater også for ein del bestandar som var godt innanfor trygge biologiske grenser. Hausten 1997 åtvara ICES om kva slags fangstposisjonar som ikkje vart rekna for å vere føre-var for dei fleste bestandane, og frå 1998 vart føre-var-referansepunkta innførde. Ei anna omlegging hausten 1998 var at ein definerte trygge biologiske grenser ut frå både storleiken på gytebestanden og fiskedødsraten, medan dei tidlegare i hovudsak berre vart definert ut frå storleiken på gytebestanden. Denne omlegginga gjorde at mange bestandar som før vart klassifiserte innanfor trygge biologiske grenser no hamna utanfor, sjølv om det ikkje utan vidare hadde skjedd ei vesentleg endring i bestandssituasjonen. Det er sidan reist innvendingar mot ei slik inndeling, i og med at det kan verke ulogisk at ei høg utnytting er uansvarleg så lenge gytebestanden er på eit forsvarleg nivå. ICES har ei meir langsiktig grunngeving for dette: høgt uttak er ein fare for bestanden på sikt, utan omsyn til noverande storleik på bestanden. Historia stadfestar i høg grad at dette argumentet er relevant.

Frå 2004 har ICES endra omgrepa og snakkar no om å «hauste på ein ikkje berekraftig måte» i dei tilfella der fiskedødsraten er for høg. I dei tilfella der fiskedødsraten er over F_{pa} , men under F_{lim} , seier vi no at «det er risiko for at bestanden ikkje er hausta berekraftig». Når fiskedødsraten er under F_{pa} , seier vi no at «haustinga er berekraftig». Vidare, når det gjeld gytebestanden, seier vi no at om bestanden er i god forfatning og over B_{pa} , har den «god reproduksjonsevne». Om bestanden er under B_{pa} , men over B_{lim} , heiter det at

¹ pa = precautionary approach = føre var

den har «risiko for sviktande reproduksjonsevne», og til sist, om bestanden er i dårleg forfatning og under B_{lim} , har den «sviktande reproduksjonsevne». Ei ytterlegare nyansering i høve til reproduksjonsevna kan illustrerast i eit diagram over fiske dødsrate og gytebestand med referansepunkta teikna inn (Figur 4.1).

Graden av risiko aukar altså nedover og mot høgre i diagrammet. I det grøne feltet er begge kriteria innanfor føre-var-verdiar, og det er rom for ein viss valfridom i kvotefastsetjinga. Innanfor det gule feltet vil, i dei fleste tilfelle, ein moderat reduksjon i fisket vere tilstrekkeleg for å kome raskt tilbake til ei føre-var-forvaltning, medan det i det raude feltet vil krevjast kraftige tiltak.

Ved Havforskningsinstituttet har det ei tid blitt diskutert eit anna referansepunkt som går på talet på fisk i bestanden over ein viss (kjønnsmoden) alder. Grunngevinga for dette er mellom anna at det:

- vil sikre betre at vi har tilstrekkeleg med eldre fisk i bestanden
- vil gjere at vi unngår uvisse knytt til vektmålingar og kjønnsmodning som er nødvendige parameter for å måle gytebestanden i biomasse (tonn)
- vil relatere bestandsstorleik til uttaksgrad (fiskedød) på ein meir direkte måte.

4.5 Rådgjeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES)

Rådgjevinga frå ICES vert frå og med våren 2008 utarbeidd av den nye rådgjevande komiteen, ACOM. ACOM er sett saman av ein forskar frå kvart av dei 20 medlemslanda i ICES i tillegg til leiaren. ACOM vil heretter vere ICES sin einaste rådgjevingsskomité for utarbeiding av vitskaplege råd for kyst-/havressursar og økosystem. ACOM vil basere sitt arbeid og sine råd på ekspertgrupper som vil utføre dei vitskaplege analysane, kvalitetssikringsgrupper («review groups») som også vil bruke uavhengige medhjelparar og grupper som vil lage utkast til råd, Advisory Drafting Groups. Alle desse gruppene vil få støtte og sekretærhjelp av ICES-sekretariatet i København. Det vert også ei viss omlegging av den siste delen av prosessen når sjølve rådet skal utformast. Her vert det lagt opp til ein videokonferanse med ACOM-medlemane, med mål om å leggje til rette for ei meir fagleg ansvarleg tilnærming og ein meir kostnadseffektiv arbeidsmåte. Dr Mike Sissenwine, tidlegare president i ICES, er formann i ACOM. Formennene i dei tidlegare rådgjevingss-

komiteane i ICES (ACFM, ACE og ACME) vart viseformenn i ACOM og saman med formannen utgjer dei ACOM si styringsgruppe. Dette skal sikre ein kontinuitet i rådgjevingssprosessen i omleggingsfasen.

For å sikre ei størst mogleg openheit i prosessane som fører fram til råda frå ICES er det opna for at observatørar frå einsskilde interesseorganisasjonar kan ta del i møta til ACOM og i møta til gruppene som lagar utkast til råd. Observatørar kan også ta del i arbeidet med kvalitetssikring av råda. Observatørane må godkjennast av dei einsskilde nasjonale delegatane.

ACOM kjem med råd fleire gonger om året, men råda for bestandar som Noreg er mest avhengig av kjem på fire ulike tidspunkt – bestandar i Barentshavet (utanom lodde) i juni, bestandar i Nordsjøen litt seinare i juni og dei pelagiske bestandane makrell, NVG-sild, lodde og kolmule i oktober. Rådet på reke i Barentshavet og Skagerak/Nordsjøen vil kome i november. Råda frå ICES inneheld ein omtale av tilstanden til bestanden, forvaltningsmål, opsjonstabell med konsekvensar av ulik utnytting, rådgjeving og dessutan tabellar og figurar som illustrerer historia til bestanden. Råda er offentlege og kan lesast på nettsida til ICES, <http://www.ices.dk>

Havforskningsinstituttet omset rådgjevinga frå ICES til norsk, kommenterer og utdjupar der det trengst, og legg alt ut på sin nettside, <http://www.imr.no>. Dette for at det ikkje skal vere tvil om kva som er ICES si vurdering og kva som er Havforskningsinstituttet si offisielle vurdering av bestandssituasjonen og råd til dei forvaltande styresmakter.

4.6 Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn

Noreg haustar i alt 2-3 millionar tonn årleg frå om lag 90 ulike bestandar til ein førstehandsverdi av 12 milliardar kroner. I dei neste kapitla skildrar vi dei økonomisk viktigaste bestandane.

Nordaustr-arktisk torsk

Bestanden er utbreidd i heile Barentshavet opp til polarfronten. I første halvår er gytetfisk (skrei) fordelt langs norskekysten, for det meste sør til Lofoten, men enkelte år finst skrei heilt sør til Stad.

Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 660 000 tonn. I perioden 1994-1998 var samla årleg fangst over 700 000 tonn, minka så til 415 000 tonn i 2000, og auka etter det gradvis til omlag 640 000 tonn i 2005 inkludert overfiske (Figur 4.2). Frå 2005 til 2007 gjekk fangsten ned frå om lag 640 000 tonn til snaue 500 000 tonn. Her er det lagt til grunn tal for eit urapportert overfiske (sjå under), noko som er omstridd. Norsk fangst har dei siste åra vore om lag 45% av total rapportert internasjonal fangst. Nesten alt utanlandsk fiske på nordaust-arktisk torsk skjer med botntrål, men i det norske fisket er 65-70 % av fangsten teken med andre reiskapar.


For perioden 2002-2005 er det i følge Fiskeridirektoratet berekna eit årleg urapportert overfiske på 100 000 tonn. For 2006 var talet 80 000 tonn, i 2007 på 40 000 tonn og i 2008 på 15 000 tonn. Talet har minka ytterligare for 2009. Dette er ein kraftig nedgang i overfisket, noko som dels heng saman med innføringa av NEAFC sitt hamnestatsregime frå 1. mai 2007, aktivt bilateralt samarbeid og auka merksemd om problemet både i næring og opinion.

Utrekningsmetodar

Grunnlaget for utrekningane er toktresultat, årleg totalfangst (rapportert pluss berekna urapportert fangst) og prøvetaking frå fisket. Bestandsstorleik er tal festa gjennom ein «fangst ved alder analyse» styrt mot toktresultat for dei siste åra. Heile analysen er gjort med ulike modellar som i store trekk har gitt samstemte resultat. For tida er mengda urapportert fangst truleg den største kjelda til uvisse i resultatane.

Bestandsgrunnlaget

Figur 4.2 syner utviklinga av totalbestanden sidan 1946. Bestanden minka frå 1993 til 1999. Den auka att fram til 2003, og var stabil i perioden 2003-2007, før ein fekk ei auke frå 2007 til 2010 (2010 er vist som ein prognose i figur 4.2). Ein viktig grunn til auken etter 1999 er truleg betre ungfiskvern gjennom stenging av område med småfisk og bruk av sorteringsrist i trålfiskeria. Gytebestanden er i dag høg samanlikna med det han var i åra 1950-1990. Tidlegare kjønnsmodning er ein viktig grunn til dette.



Figur 4.2 Utviklinga i bestand og fangst av nordaust-arktisk torsk 1946 – 2010. Bestandsstorleiken i 2010 er usikker sidan dette er ein prognose med ei vurdering av kor stor fangsten vart i 2009

Tabell 4.2 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaust-arktisk torsk sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen gevinst ved å auke F	681	700	740	529
1996	Ingen gevinst ved å auke F	746	700	732	572
1997	Godt under F_{med}	< 993	850	762	589
1998	$F < F_{med}$	514	654	593	386
1999	Minka F til under F_{pa}	360	480	485	293
2000	Auka SSB til over B_{pa} i 2001	110	390	415	240
2001	Høgt sannsyn for SSB > B_{pa} i 2003	263	395	426	355
2002	Minka F til under 0.25	181	395	535	498
2003	Minka F til under F_{pa}	305	395	552	549
2004	Minka F til under F_{pa}	398	486	606	660
2005	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	485	485	641	619
2006	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	471	471	538	621
2007	Minka F til under F_{pa} , ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	309	424	487	692
2008	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	409	430	464	763
2009	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	473	525		1079
2010	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	577,5	607		1353 ¹

¹ Framskrivning.

Tiltrådde reguleringar og avtalar for 2010

I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES bestanden til å ha god reproduksjonsevne, og at fisket er berekraftig. ICES tilrådde ein kvote for 2010 (577 500 tonn, Tabell 4.2), i tråd med den sameinte haustingsregelen med ei grense på maksimalt 10% endring av kvoten frå eit år til eit anna. ICES påpeika og at utøvinga av torskefisket må ta omsyn til behovet for vern av kysttorsk og behovet for redusert bifangst av uer. Etter ei totalvurdering av situasjonen i 2008 kom partane fram til ein kvote for torsk i 2009 på 525 000 tonn, ein auke med omlag 20 prosent, medan det normale skal vere inntil 10 prosent endring frå eit år til det neste. Bakgrunnen for denne avgjerda var at det Det internasjonale råd for havforskning (ICES) har vurdert bestandssituasjonen til å vere langt betre enn det som er lagt til grunn dei siste åra. I 2009 blei partane einige om ein forbetring av haustingsregelen for å kunne bruke denne i periodar med sterk vekst i bestanden. Partane blei då einige om å fastsetje eit kriterium som seier at fiskedødeligheten (F) ikkje skal vere

mindre enn 0,30. TAC for 2010 blei i forhold til dette fastsett til 607 000 tonn. Partane avgjorde å be ICES å stadfeste at denne endringa i forvaltingsregelen er i tråd med føre-var-prinsippet, slik at råd i framtida skal gjevast i samsvar med den reviderte forvaltingsregelen.

Sjølv om kvoten på torsk er høgare enn haustingsregelen tilseier, så vil kvoten for 2010 likevel vere under føre-var-nivået. Basert på rådet frå ICES vil det fangstnivået ein er blitt einige om innebere at gytebestanden veks ytterlegare til 2011, og fiskepresset på bestanden er venta å verte om lag på same nivå som i 2008.

Den sameinte fangstregelen er svært viktig for å oppretthalde ei god forvaltning av denne bestanden. Regelen har ført til at fiskerikommisjonen har avtalt torskeknoten i samsvar med ICES sine råd for 2005 og 2006. I heile perioden 1998-2004 var kvotane høgare enn tilrådingane frå ICES, noko dei også var for 2007-2010. Avvika for 2007 og 2008 skuldast at kommisjonen og ICES nytta ulike tal for urapportert fiske når kvoten vart rekna ut på bakgrunn av forvaltningsregelen. I 2009

og 2010 blei partane einige om auke kvoten meir enn det den etablerte forvaltingsstrategien tilseier. Grunnlaget for dette var ICES si vurdering av bestandssituasjonen.

Nordaut-arktisk hyse

Fisket

Hyse vert fiska gjennom heile året, i hovudsak som bifangst i trålfisket etter torsk, særleg når bestandsnivået er lågt. Historiske rapporterte årsfangstar har variert mellom 21 000 og 322 000 tonn sidan 1950. Gjennomsnittleg årsfangst er 125 000 tonn. Dei siste åra har Russland og Noreg stått for meir enn 90 % av landingane. Dei rapporterte fangstane i 2008 var 156 000 tonn. Totalkvoten er auka frå 194 000 tonn for 2009 til 243 000 tonn for 2010.


Utrekningsmetodar

I utrekningane av kor stor hysebestanden er har ein tradisjonelt brukt same reknemodell som for nordaut-arktisk torsk. Utrekningane er basert på fangststatistikken, men også tre seriar av indeksar (relative mål) frå forskingstokt inngår. Bestandsutrekningane tek også omsyn til den mengda hyse som torsken et. Dette reknar ein ut frå mageprøver

av torsk. Toktindeksane som inngår er botntrålindeks og akustisk indeks frå det norske toktet i Barentshavet i februar (i seinare år har som oftast også eit russisk fartøy teke del i dette toktet), og botntrålindeks frå det russiske toktet i Barentshavet i november/desember. Det har vore eit problem at området dekkja av tokt har variert i ulike år. Særleg har dekkinga av russisk sone vore for dårleg i nokre år, og det har spesielt innverknad for den yngre hysa (1-3 år) som ofte har stor utbreiing i russisk sone. Likevel har vi god grunn til å rekne med at indeksane frå tokt fangar opp hovudtrekka i bestandssvingingane godt.

Bestandsgrunnlaget

Bestanden av nordaut-arktisk hyse var nede på eit svært lågt nivå i 1983-1984 (Figur 4.3). Etter dette gav årsklassane 1982 og 1983 ein auke i bestanden, men dei svake årsklassane 1985-1987 førte til ein ny nedgang fram til 1990. Rekrutteringa vart seinare sterkt forbetra. Spesielt var 1990-årsklassen svært sterk, og den er, saman med 1950-, 1969- og 1983- årsklassane, ein av fire svært sterke årsklassar etter 1945. Frå 1998 ser det ut til at vi har kome i ein ny situasjon med meir stabilt god rekruttering. Alle årsklassane etter 1998 ser ut til å ha rekruttert godt til den delen av bestanden



Figur 4.3 Utviklinga i bestand og fangst av nordaut-arktisk hyse 1950-2010. Bestandsstorleiken i 2010 er usikker sidan dette er ein prognose med ei vurdering av kor stor fangsten vart i 2009.


Tabell 4.3 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaust-arktisk hyse sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen langtidsgevinst for $F > F_{med}$	122	130	142	170
1996	Ingen langtidsgevinst for $F > F_{med}$	169	170	178	214
1997	Hald F godt under F_{med}	< 242	210	154	195
1998	Hald F under F_{med}	< 120	130	101	146
1999	Minka F til under F_{pa}	< 74	78	83	114
2000	Minka F til under F_{pa}	< 37	62	69	105
2001	Minka F til under F_{pa}	< 66	85	90	131
2002	Minka F til under F_{pa}	< 64	85	115	150
2003	Minka F til under F_{pa}	< 101	101	139	179
2004	Minka F til under F_{pa}	< 120	130	158	191
2005	Minka F til under F_{pa}	< 106	117	159	208
2006	Minka F til under F_{pa}	< 112	120	153	187
2007	Avgrens totalfangst	< 130	150	162	206
2008	Avgrens totalfangst	< 130	155	156	216
2009	Bruk forvaltningsregel	< 194	194		241
2010	Bruk forvaltningsregel	< 243	243		363 ¹

¹ Framskrivning.

som overlever til 3-års alder, og 0-gruppeundersøkinga av 2009 årsklassen indikerer sterk rekruttering etter to år der denne indeksen var under mid-

dels. Grunnlaget for ei svært positiv bestandsutvikling er framleis til stades, om bestanden vert forvalta etter vedtekne reglar.



Figur 4.4 Utviklinga i bestand og fangst av sei nord for 62°N 1960 – 2010. Bestandsstorleiken i 2010 er usikker sidan dette er ein prognose med ei vurdering av kor stor fangsten vart i 2009

Tilrådde reguleringar

I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES bestanden til å ha god reproduksjonsevne og berekraftig fiskepress. ICES tilrådde ein kvote for 2010 på 243 000 tonn (Tabell 4.3) i tråd med den sameinte haustingsregelen.

Dei totalkvotane som har vore avtalte mellom norske og russiske styresmakter har generelt sett vore høgare enn tilrådde kvotar i heile perioden sidan 1990 (Tabell 4.3). Unntaka er 1997, 2003 og 2009-2010. Utrekningane er usikre, mellom anna på grunn av ikkje-rapporterte fangstar.

Norsk-arktisk sei*Fisket*

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 212 000 tonn i 2006, 199 000 tonn i 2007 og 183 000 tonn i 2008 (Figur 4.4), medan gjennomsnittsutbyttet for 1960-2007 var på 162 000 tonn. Kvoten for 2009 vart fastsett til 225 000 tonn. Noreg dominerer fisket (ca. 95 %), og det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960-2008 var på 136 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 % av dei

norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og jukse 15 %.

Utrekningsmetodar

For sei nord for 62°N brukar ein metoden XSA (eXtended Survivors Analysis) til å rekne ut bestandsnivået. I utrekningane inngår fangststatistikken (tal landa fisk fordelt på aldersgrupper), ein tidsserie med data for fangst per eining innsats frå trålfisket og indeksar for ulike aldersgrupper frå eit akustisk tokt.

Bestandsgrunnlaget

I april 2009 gjennomførte ICES nye bestandsutrekningar. Seibestanden nord for 62°N er i god forfatning. Låg utnyttingsgrad etter 1995 har verka positivt på rekruttering og utvikling i bestanden (Figur 4.4). 1999- og 2002-årsklassene var gode, elles har rekrutteringa i seinare år vore middels eller lågare. Bestanden var på eit historisk høgt nivå i 2000-2005, men det er sidan registrert ein bratt nedgang i både umoden bestand og gyte-

Tabell 4.4 Tilrådd TAC, fastsett TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av norsk-arktisk sei sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen auke i F	221	165	168	404
1996	Ingen auke i F	158	163	171	514
1997	Minka F til F_{med} eller lågare	107	125	144	535
1998	Minka F til F_{med} eller lågare	117	145 ¹	153	647
1999	Minka F til under F_{pa}	87	144 ²	150	680
2000	Minka F til under F_{pa}	<89	125 ³	136	821
2001	Minka F til under F_{pa}	<115	135	136	898
2002	Minka F til under F_{pa}	<152	162 ⁴	155	1031
2003	Halde F til under F_{pa}	<168 ⁴	164	160	959
2004	Halde F til under F_{pa}	<186	169	162	1040
2005	Halde F til under F_{pa}	<215	215	176	918
2006	Halde F til under F_{pa}	<202	193,5	212	966
2007	Halde F til under F_{pa}	<247	222,5	199	849
2008	TAC i.h.t. HCR eller lågare	<247	<247	183	776
2009	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanlig uer	225	225		690
2010	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanlig uer	204	204		569 ⁵

¹ TAC først sett til 125 000 tonn, auka i mai 1998 etter ekstraordinære bestandsanalysar.

² TAC sett etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1998.

³ TAC sett etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1999.

⁴ TAC først sett til 152 000 tonn, auka til 162 000 tonn etter bestandsanalysane i april 2002, opphavleg råd frå ICES for 2003 på 168 000 tonn følgjeleg redusert til 164 000 tonn.

⁵ Framskriving.

bestand. Indeksane frå kysttoktet hausten 2009 var mellom dei lågaste sidan 1991.

Tilrådde reguleringar

ICES klassifiserte bestanden til å ha god reproduksjonskapasitet og til å vere hausta berekraftig. Fiskedødsraten er stabil og har sidan 1995 vore under føre-var-nivået ($F=0,35$), og gytebestanden har sidan 1994 vore godt over føre-var-nivå (220 000 tonn). ICES evaluerte i 2007 den føreslegne haustingsstrategien (HCR) til å vere i tråd med føre-var-tilnærminga. For 2010 tilrådde ICES at utnyttingsgraden vart sett i høve til denne haustingsregelen, noko som tilsvarer ein kvote for 2010 på 204 000 tonn.

Norske styresmakter har ved fastsetjinga av kvoten for 2010 på 204 000 tonn (Tabell 4.4) lagt til grunn den nye haustingsstrategien med ei utnyttingsgrad på føre-var-nivå ($F=0,35$). Kvoten er 9 % lågare enn kvoten for 2009 men om lag 50 % over gjennomsnittsutbyttet for 1960- 2008. Gytebestanden er venta å verte vidare redusert i 2010-2011 ved eit uttak på føre-var nivå.

Lodde i Barentshavet


Utrekningsmetodar

Totalbestanden av lodde vert målt akustisk kvar haust. Toktet er eit samarbeid mellom Noreg og

Russland. Disse undersøkingane gjev eit overslag over mengda av lodde som er eitt år og eldre. Eit loddelarvetokt i juni (ikkje utført i 2006-2009) og undersøkingar av 0-gruppe under eit økosystemtokt i august–september gjev tilleggsinformasjon om rekruttering.

Storleiken på loddebestanden og framlegg til kvote basert på haustingsregelen (max 5% sannsyn for SSB < 200 000 tonn) vert utarbeidde av norske og russiske forskarar etter økosystemtoktet i august-september. Delingsforholdet mellom Noreg og Russland for denne kvoten er 60% til Noreg. Frå og med 2005 har denne gruppa rapportert til ICES' Arctic Fisheries Working Group.

Bestandsestimater frå dette toktet vert brukt direkte som mål for bestandsstorleiken, og prognosar og kvotetilrådingar vert rekna ut i spesielle modellar der også modning, vekst og naturleg dødsrate inngår. Estimata for naturleg død tek omsyn til mellom anna mengda og storleiks-samansetjinga av torsk i Barentshavet, og kor mykje av loddebestanden ein meiner at denne torsken kjem til å ete. I det reknestykket inngår også temperaturen i dei områda torsken beitar på lodda, då dette påverkar kor fort torsken fordøyer lodda, og difor også kor mykje han kan ete. I prognosane tek ein omsyn til uvisse i dei ulike målingane og i føresetnadane som inngår.



Figur 4.5 Utviklinga i bestand og fangst av lodde frå 1973-2009.

Tabell 4.5 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og modnande bestand hausten før (tusen tonn) av lodde i Barentshavet sidan 1998.

År	Råd frå ICES SSB=gytebestand	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Modnande bestand
1998	Ikkje fiske	0	0	1	931
1999	SSB > 500 000 t	< 79	80	105	1718
2000	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	< 435	435	410	2099
2001	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	< 630	630	575	2019
2002	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	< 650	650	659	1290
2003	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	< 310	310	282	280
2004	Ikkje fiske	0	0	0	294
2005	Ikkje fiske	0	2 ¹	1	174
2006	Ikkje fiske	0	0	0	437
2007	Ikkje fiske	0	4 ¹	4	844
2008	Ikkje fiske	0	10 ¹	10	2468
2009	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	390	390	390	2323
2010	5 % sannsyn for SSB < 200 000 t	360	360		

¹ forskingskvote

Bestandsgrunnlaget

Figur 4.5 viser utviklinga i bestand og fangst frå 1973 til 2009. Biomassen til loddebestanden vart mykje redusert frå 2002 til 2003, og situasjonen må kallast eit bestandssamanbrot. I 2004 og 2005 held han seg på eit lågt nivå, men har sidan vore i vekst. Rekrutteringa har svikta dei siste åra, men teke seg opp etter 2004.


Samanbrotet i bestanden etter 2002 skuldast først og fremst to faktorar: Svake rekrutterande årsklassar (trass i stor larveproduksjon kvart år) og auka naturleg død. Samanbrotet skuldast ikkje fisket. Dei siste åra har det vorte målt store silde-mengder (hovudsakleg 2002-årsklassen, men no også 2004-årsklassen) i det sørlege og austlege Barentshavet. Det er difor grunn til å tru at den dårlege overlevinga av loddelarvar i denne perioden kan henge saman med dette. Auka naturleg dødsrate for eldre lodde kan, i alle fall langt på veg, skuldast at ein veksande torskebestand beita på ein sterkt minkande loddebestand. Silda er no på det næraste ute av Barentshavet. Hausten 2009 vart det målt gode verdiar for 0-gruppe noko som indikerer at denne årsklassen er sterk. Samtidig vart det målt berre i underkant av halvparten så mykje 1-åringar som året før.

Reguleringar

Den modne delen av bestanden vart hausten 2009 målt til 2,3 millionar tonn, og basert på det fastsette Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen ein totalkvote for vinteren 2010 på 360 000 tonn, i tråd med tilrådinga frå ICES.

Norsk vårgytande sild

Den vaksne bestanden av norsk vårgytande (NVG) sild er på årlege vandringar som dekkjer store deler av det nordlege Atlanterhavet. Gytinga i februar går føre seg på norskekysten i hovudsak frå Stad til Vesterålen. Beitevandringa frå mai til august er i havområda mellom Noreg, Færøyane, Island, Jan Mayen og Svalbard, medan overvint-ringa frå september til januar har skjedd i Vestfjorden, Ofotfjorden og Tysfjord frå tidleg på 1990-talet til 2001. Frå vinteren 2001/2002 til vinteren 2006/2007 endra dette seg og bestanden har i aukande grad overvintra i havet nord og nordvest for Vesterålen. Denne endringa er no fullført ved at heile bestanden overvintrar i havet. Bestanden har dermed endra vandringsmønsteret sitt og vil truleg halde fram med å overvintra i havet. Det er Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland som fiskar på denne sildebestanden. Silda oppheld seg for det meste i norske farvatn, og Noreg er også største fiskerinasjonen.



Figur 4.6 Utviklinga av bestand og fangst av NVG-sild 1950 – 2010. Bestandsstorleiken i 2010 er usikker sidan dette er ein prognose med ei vurdering av kor stor fangsten vart i 2009

Bestandsgrunnlaget

Etter det totale bestandssamanbrotet på slutten av 1960-talet vart bestanden bygd opp att til det som

kan kallast historiske nivå (Figur 4.6). Oppbygginga gjekk sakte, og først rundt 1997 var fangsten tilbake på eit nivå som likna situasjonen før samanbrotet. I 2010 er gytebestanden rekna å

Tabell 4.6 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og storleiken på gytebestanden (tusen tonn) av norsk vårgytande sild sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Ingen auke i F	513	Ikkje avtalt	906	4976
1996	Hald SSB over 2,5 millionar tonn	1	Ikkje avtalt	1217	6545
1997	Hald SSB over 2,5 millionar tonn	1	1500	1420	7887
1998	Ikkje gå over haustingsregelen	2	1300	1223	7290
1999	Ikkje gå over haustingsregelen	1263	1300	1235	6852
2000	Ikkje gå over haustingsregelen	1500	1250	1207	5837
2001	Ikkje gå over haustingsregelen	753	850	776	4794
2002	Ikkje gå over haustingsregelen	853	850	808	4928
2003	Ikkje gå over haustingsregelen	710	Ikkje avtalt	789	6298
2004	Ikkje gå over haustingsregelen	825	Ikkje avtalt	794	7149
2005	Ikkje gå over haustingsregelen	890	Ikkje avtalt	1003	7715
2006	Ikkje gå over haustingsregelen	732	Ikkje avtalt	970	11580
2007	Ikkje gå over haustingsregelen	1280	1280	1271	11836
2008	Ikkje gå over haustingsregelen	1518	1518	1544	12437
2009	Ikkje gå over haustingsregelen	1643	1643		13335
2010	Ikkje gå over haustingsregelen	1483	1483		12200 ³

¹ Gytebestanden må haldast større enn 2,5 millionar tonn.

² Må haustast innafor haustingsregelen.

³ Framskriving.

vere om lag 12,2 millionar tonn, ein liten reduksjon i forhold til året før.

Fisket

Dei norske fangstanevert tekne i overvintringsområda og på gytefeltet med varierende fordeling mellom dei to områda frå år til år. Russland fiskar det meste av sin kvote i norske farvatn, på gytefeltet i februar og i havet mellom Svalbardsona og Troms i august– oktober. I 2008 fiska Island store deler av kvoten sin i islandsk og færøysk sone i mai-august og gradvis inn i internasjonal sone og seinare norsk sone i Norskehavet i løpet av hausten. EU og Færøyane har fiska på gytefeltet og i Norskehavet. I 2009 fiska Island meir i eiga sone, men også i norsk sone.

Rådgjeving

ICES har tilrådd eit fiske på 1 483 000 tonn for 2010. Bakgrunn for kvotetilrådinga er ein utnyttingsgrad som kyststatane (EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland) vart einige om i 1999 ($F = 0,125$). Det vart semje mellom kyststatane om ein totalkvote på 1 483 000 tonn for 2010 og ei fordeling av den totale årlege fangsten. Dei vart også samde om å føre vidare utnyttingsgraden frå tidlegare i 2010. Ikkje avtalt

Nordsjøsild

Fisket


Noreg og EU forvaltar nordsjøsilda i fellesskap. Det finst nordsjøsild i Nordsjøen og Skagerrak-Kattegat (ungfisk). Fisket går føre seg i eit direkte fiske med ringnotfartøy og trålarar og som bifangst i industritrålfisket. Utviklinga i det internasjonale fisket frå 1960 er vist i figur 4.7. Fangsttala er henta frå sildearbeidsgruppa til ICES i 2009, og er ikkje heilt i samsvar med offisielle tal. Etter eit samanbrot i bestanden og stopp i fisket på midten av 1970-talet, auka fangstane jamt utover 1980-talet og nådde ein topp på ca. 890 000 tonn i 1988. Tidleg på 1990-talet var årleg oppfiska kvantum på 600 000-700 000 tonn. Dette førte til ei negativ utvikling i bestanden, og det vart tilrådd å avgrense fisket. Kvoten vart difor redusert og halden på eit lågt nivå i 1996-1997. Etter dette auka fangstane til 664 000 tonn i 2005. Deretter har fangstane gått ned til om lag 230 000 tonn i 2008.

Noreg og EU har ein avtale om forvaltning av nordsjøsilda frå 1998. Avtalen vart revidert i 2004. ICES har i dei siste åra åtvare mot ei negativ utvikling i bestanden, og sju år med dårleg rekruttering gav stor grunn til uro. Som følgje av dette, vart forvaltningsavtalen oppdatert i 2008. Den reviderte avtalen seier at fiskedødsraten for ungsild ikkje skal overskride 0,05, og ikkje over 0,25 for vaksen sild når gytebiomassen er over 1,5 mill tonn. Det er også avtalt ein reduksjon av fiskedødsraten når gytebiomassen er under 1,5 millionar tonn, men over 800 000 tonn. Avtalen har fastsett årlege endringar av TAC på +/- 15 %, nå gytebiomassen er over 800 000 tonn. Når forvaltningsregelen fører til ein gytebiomasse lågare enn 1,5 millionar tonn vert fiskedøden sett etter gitte formlar.

Den avtalte kvoten for vaksen sild til konsum i Nordsjøen (Tabell 4.8) har lenge vore lågare enn kvantumet som vert fiska. Dei siste åra har dette kvantumet lege 10-15 % over kvoten. Dette kjem hovudsakleg av utstrekt feilrapportering. Det vil seie at det vert fiska nordsjøsild som vert rapportert som fangstar tekne i andre område. Bifangstane av småsild var tidlegare på eit svært høgt nivå (100 000-200 000 tonn). Dette fisket var i prinsippet uregulert. Etter innføringa av den nye ordninga vart bifangstane av småsild reduserte til under 20 000 tonn årleg.

Bestandsgrunnlag

Hardt fiskepress gjennom fleire år førte til at gytebestanden av nordsjøsild vart kraftig redusert i perioden 1989-1993: frå ca. 1,2 millionar tonn til ca. 470 000 tonn (Figur 4.7). Fiskepresset på den vaksne delen av bestanden auka kraftig utover i 1990-åra, og det vart fiska store mengder småsild i industrifisket. Kvotane låg på eit jamt nivå, samtidig som bestandsnivået gjekk kraftig nedover. Dette førte til ei vesentleg dårlegare rekruttering til den vaksne bestanden enn det som skulle til for å halde storleiken på bestanden oppe med eit slikt fiskepress. Strenge reguleringar av både bifangstfisket og fangstar av vaksen sild vart innførte i midten av 1990-åra (EU-Noreg avtalen). Dette førte til ein auke i gytebestanden til ca. 860 000 tonn i 1998-2000. I dei neste åra steig gytebestanden til ca. 1,75 millionar tonn i 2004, men med ein reduksjon til under 1,0 millionar tonn (Føre-var-gytebiomasse = 1,3 mill tonn) i 2007. Etter dette har gytebestanden lagt på dette nivået og i 2009 er den berekna til 971 000 tonn.



Figur 4.7 Utviklinga av bestand og fangst av nordsjøsil 1960 – 2009. Fangst og bestand i 2009 er prognosar.

Rådgjeving

Etter innføringa av eit strengt forvaltningsregime (Noreg-EU) i 1998 vart det god vekst i bestanden. Først i 2002 vart den estimerte gytebestanden (biomassen) klassifisert til å vere over føre-var-nivået. På grunn av låg middelvekt og sein modning av 2000-årsklassen, fekk vi ein nedgang i gytebestanden fram til 2009. Det har vore ein serie av svært låge rekrutteringar frå 2001 til 2008. Føre-bels berekning av rekrutteringa i 2009 tyder på at 2008 årsklassen er den sterkaste sia 2000, men fortsett svak. Den sterke årsklassen frå 2000 er framleis godt representert i bestanden. I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES bestanden til å ha risiko for ha redusert reproduksjonskapasitet og at fiskedødsraten er over avtalt mål.

EU og Noreg har i nokre år vedteke kvoter som ligger over råda frå ICES. Forvaltningsstrategien Noreg og EU er samde om seier at F for vaksen sild ikkje skal overstige 0,25. For ungsild skal F ikkje overstige 0,05. Dette kjem mellom anna av forvaltningsplanen som seier at kvoten skal reduserast med maksimalt 15 % frå år til år. I 2008 vedtok Noreg og EU likevel ein kvotereduksjon på 40 %. Den nye planen er i følgje ICES i tråd med føre-var prinsippet. Dei to siste åra har EU og Noreg heldt seg til råda og totalkvoten for 2010 vart sett til 164 446 tonn i det direkte fisket og EU sin

bifangstkvote til 13 587 tonn. I følgje avtalen har Noreg 29 % av totalkvoten for direkte fiske av sild. Eventuelle bifangstar i det norske industritrålfisket vert trekte frå denne kvoten. EU innførte i 1997 ein eigen bifangstkvote for industrifisket. Denne bifangstkvoten har ikkje vorte fiska opp.

Makrell

Den nordaustatlantiske makrellbestanden består av tre gytekomponentar: sørleg makrell, vestleg makrell og nordsjømakrell. Vestleg og sørleg makrell er på eit relativt høgt nivå, medan nordsjøkomponenten framleis er på eit lågt nivå. Gytebestanden har auka med 40 %, frå 1,7 millionar tonn i 2002 til rundt 2,5 millionar tonn i dei siste åra. Bestandsmålingar vert utførte kvart tredje år, og i 2008 vart nordsjøbestanden målt til å vere berre 5 % av nivået på 1960-talet. Sidan 2001 har makrellfisket vore regulert i heile utbreiingsområdet.

Fisket

Fisket etter makrell føregår hovudsakleg i eit direkte fiskeri med snurpenot og trål. I Biscaya og utanfor Portugal vert makrellen stort sett teken som bifangst av trålarar. Det norske fisket føregår for det meste med snurpenot, men trål og tradisjonelle reiskapar som garn og snøre vert også brukt.

Tabell 4.7 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordsjøisild frå 1995-2010.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Bifangst kvote	Fangstar ³ IV, VIIId	Gytebestand
1995	Langsiktig gevinst forventet med lågare F	429 ¹	440		510	461
1996	50 % reduksjon av avtalt TAC ¹	156 ¹	156 ²	44	207	462
1997	F = 0,2	159 ¹	159	24	175	560
1998	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	254 ¹	254	22	268	734
1999	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	265 ¹	265	30	290	858
2000	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	265 ¹	265	36	284	865
2001	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,2	Scenarier	265	36	296	1301
2002	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	Scenarier	265	36	304	1587
2003	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,12	Scenarier	400	52	414	1709
2004	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,1	Scenarier	460	38	484	1753
2005	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,1	Scenarier	535	50	568	1616
2006	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,12	Scenarier	455	43	490	1234
2007	Få gytebestanden tilbake til B _{pa} innan 2008	Scenarier	341	32	361	953
2008	F(vaksen) = 0,17 F(juv) = 0,08 (MP)	Scenarier	201	19	228	999
2009	Ny forvaltningsregel	Scenarier	171	16		971 ⁴
2010	F(vaksen) = 0,15 F(ungfisk) = 0,05	Scenarier	164,4	14		

¹ Fangst i direkte fiske i IV og VIIId² Revidert i juni 1996, ned frå 263³ Landingar gitt av arbeidsgruppa (HAWG) og vil ikkje i alle høve korrespondere med offisiell statistikk⁴ Framskrivning

I byrjinga av 1990-åra auka dei internasjonale makrellfangstane frå ein stabil årsfangst på 600 000–650 000 tonn til over 800 000 tonn i 1993 og 1994. Dette førte til nedgang i bestanden, og fangstnivået måtte ned. Strenge reguleringar med lågare kvotar førte til at fangstane fall til høvesvis 563 000 og 573 000 tonn i 1996 og 1997 (Figur 4.8). Dei viktigaste fangstområda er Nordsjøen (område IV), Norskehavet (område IIa) og vest av 4oV (områda VI og VII) (sjå Fig. 3.1).

Uttaket frå bestanden er større enn det som vert landa, i og med at det vert dumpa og sleppt makrell på feltet. Det fører til auka dødsrate. I og med at det nesten ikkje finst data for dette, kan det ikkje gjevast gode overslag over kor stort utkastet er. Analysar viser at dette uttaket har vore så stort at totalfangsten sannsynlegvis har vore minst 60 % høgare enn oppgjeve. Innan pelagisk sektor tyder tilbakemeldingar frå norske og samarbeidande lands kontrollstyresmakter på at det urapporterte fisket av makrell er sterkt redusert, spesielt dei siste åra. Ein har med eksperimentelle forsøk på fiskefeltet dei siste åra kvantifisert nedreping grunna trenging av makrell før slepping. Denne dødsraten er potensielt mykje større enn


tidligere rekna med. Frå norsk side vil det verte jobba grundig framover med problemstillinga for å redusere denne uønska dødsraten. Fangstane frå kyststatane er venta å verte tett på 650 000 tonn for 2009. Island har i tillegg rapportert fangstar på 112 000 tonn makrell i islandske farvatn i 2009. Men ICES har ikkje uavhengige kjelder som kan stadfeste artssamansetjinga i dei islandske fangstane.

Bestandsgrunnlaget

Makrellen som vert fiska i Nordsjøen, Skagerrak og Norskehavet stammar frå tre gyteområde:

- Nordsjøen
- Sør og vest av Irland
- Utanfor Portugal og Spania.

Makrell frå det sørlegaste gyteområdet vart fram til 1994 behandla som ei eiga eining. Norske og internasjonale merkeforsøk viser at makrell som gyt i dei sørlege og vestlege områda vandrar til Norskehavet og Nordsjøen for å beite etter gyttinga. Vandringane til makrellen er altså så omfattande at fisk frå alle tre gyteområda vert blanda og



Figur 4.8 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustatlantisk makrell. Fangst og bestand i 2009 og 2010 er prognosar.

fiska på i Nordsjøen, Skagerrak og Norskehavet i andre halvår. Det er uråd å skilje desse tre komponentane i fangstane. Difor vert makrellen forvalta som ein bestand, den nordaustatlantiske makrellbestanden. Utviklinga av bestanden og oppfiska kvantum sidan 1972 er vist i figur 4.8.

Gytebestanden vert målt ved eggtokt kvart tredje år, sist i 2007 i dei vestelege og sørlege gyteområda og i Nordsjøen i 2008. Desse gytebestandsmåla har til 2003 vore brukt som absolutte verdiar i utrekningane, men ICES har no nytta dei som relative verdiar. Eggtokta viser at gytebestanden har gått ned sidan 1998, medan dei innmelde fangstane ikkje er store nok til å gje ein slik reduksjon. Gytebestanden vert no berekna slik at ein nyttar trenden i gytebestanden frå eggtokta, slik at utrekningane passar med fangstane. Dette fører til ei anna oppfatning av bestandsnivået. Gytebestanden i 2003 og 2004 vart rekna til 1,7 og 1,9 millionar tonn, som er 40 % lågare enn det 2003- og 2004-gytebestanden vart rekna til når eggtokta vart nytta som absolutte verdiar. Den vestelege komponenten utgjør ca. 85 %, og nordsjøkomponenten har vore låg (1-5 %) heilt sidan han vart fiska ned på byrjinga av 1970- talet. På grunn av dei nemnde problema med fangsttala vert utrekningane av gytebestanden svært usikre. Gytebestanden vart vurdert til 2,4 millionar tonn i 2009.

Rådgjeving

Noreg, EU og Færøyane har sidan 1999 vore einige om at uttaket av bestanden skal tilsvare ein fiskedødsrate på 0,15-0,2 som tilsvarar eit årleg uttak på 14-18 % av gytebestanden. Avtalen mellom kyststatane vart revidert hausten 2008. Til grunn låg eit omfattande forskararbeid for å kartleggje moglege reglar for kvoteberekning med tanke på fangstnivå, stabilitet og låg risiko for bestanden. Norge, EU og Færøyane vart einige om at dersom den samla fangsten ikkje fører til ein mindre gytebestand i kvoteåret enn 2,2 millionar tonn, skal fangsten svare til ein fiskedødsrate på mellom 0,20 og 0,22. Likevel skal ikkje kvoten endrast meir enn 20 % frå eitt år til det neste, sjølv om dødsraten då fell utanfor det vedtekte intervallet. Dersom slike fangstar fører til ein mindre gytebestand enn 2,2 millionar tonn skal mindre fiskedødsrate leggjast til grunn. Den reviderte forvaltingsplanen blei i 2009 evaluert av ICES og funnet å vere i samsvar med føre-var-prinsippet viss TAC svarar til totalt uttak frå bestanden. ICES har ut frå dette tilrådde ein kvote for 2010 på inntil 572 000 tonn som tilsvarar $F = 0,22$.

For å verne makrellen i Nordsjøen vert det framleis tilrådd å stenge den sørlege delen for makrellfiske heile året, og den nordlege delen i perioden februar–juli.

Tabell 4.8 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk makrell sidan 1995


År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Råd gitt for kvar gytekomponent		645	756	2424
1996	Betydeleg reduksjon av F		452	564	2448
1997	Betydeleg reduksjon av F		470	570	2561
1998	F = 0,15-0,2 (Noreg-EU avtalen)	498	549	667	2470
1999	F = 0,15	437	562	616	2486
2000	$F_{pa} = 0,17$	642	612	675	2222
2001	$F_{pa} = 0,17$	665	670	687	2158
2002	$F_{pa} = 0,17$	694	683	727	1766
2003	$F_{pa} = 0,17$	542	593	617	1776
2004	$F_{pa} = 0,17$	545	532	611	1909
2005	F = 0,15 til 0,20	420	422	543	2378
2006	F = 0,15 til 0,20	487	444	429	2476
2007	F = 0,15 til 0,20	509	500	579	2505
2008	F = 0,15 til 0,20	456	456	600	2492
2009	F = 0,15 til 0,20	578	605		2591
2010	Haustingsregel	572			2440

Sei i Nordsjøen og vest av Skottland

Fisket

I dei siste åra har landingane i snitt lege rundt 110 000 tonn (Figur 4.9). Fangstane frå vest av Skottland har i dei seinare åra utgjort ca. 7-8 % av totalfangstane. Ein reknar med at landingane frå

Nordsjøen for 2009 er 110 000 tonn. Det er ca. 16 000 tonn mindre enn avtalt TAC. Den norske delen av totalfangsten dei siste ti åra har vore like over 50 %. Førebelse oppgaver for 2009 tyder på at norsk fangst i Nordsjøen, inkludert bifangst til oppmaling, har vore ca. 59 000 tonn. Dette er om lag 11 000 tonn mindre enn kvoten på 70 668 tonn.



Figur 4.9 Utviklinga i bestand og fangst av sei i Nordsjøen og vest av Skottland. Tala for fangst og bestand i 2009 og 2010 er prognosar

Tabell 4.9 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av sei i Nordsjøen/Skagerrak sidan 1995.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand ²
1995	Ingen auke i F	107	107	113	135
1996	Ingen auke i F	111	111	110	154
1997	Ingen auke i F	113	115	103	194
1998	Reduser F med 20 %	97	97	100	193
1999	Reduser F til F _{pa}	104	110	107	202
2000	Reduser F med 30 %	75	85	88	188
2001	Reduser F med 20 %	87	87	90	210
2002	F < F _{pa}	135	135	116	203
2003	F < F _{pa}	< 176	165	102	233
2004	F < F _{pa}	< 211 ¹	190	100	276
2005	F < F _{pa}	< 150 ¹	145	112	279
2006	F < F _{pa}	< 123,3 ¹	123	117	277
2007	I samsvar med forvaltingsplan	< 123,8 ¹	123	94	264
2008	I samsvar med forvaltingsplan	< 137	136	112	261
2009	I samsvar med forvaltingsplan	< 126	126		263
2010	I samsvar med forvaltingsplan	< 107	107		235 ³

¹ Forvaltninga av sei må sjåast i samanheng med tilstanden til bestanden av torsk.

² Gytebestanden er kombinert for Nordsjøen og vest av Skottland.

³ Framskriving

Av det norske fisket er det trålarflåten som tek mesteparten (om lag 80 %). Notfisket inkluderer også ungsei nær kysten. Noreg disponerer 52 % av totalkvoten i Nordsjøen.

Frå og med 1999 er det laga ei felles utrekning for seibestandane i Nordsjøen og vest av Skottland. Nordsjøbestanden er svært stor samanlikna med bestanden vest av Skottland, så alle utrekningar vert styrte av data frå nordsjøbestanden. Eit av dei største problema med bestandsutrekninga er manglande rekrutteringsdata. Det vart sett i gang 0-gruppetokt på sei i 1999. Denne tidsserien viste seg å vere lite eigna og i 2006 vart det starta opp eit tokt på norskekysten sør for 62°N som skal undersøkje to- og treåringar.

Bestandsgrunnlaget

I byrjinga av 1970-åra var totalbestanden av sei i Nordsjøen og vest av Skottland opptil 1 million tonn. Han vart redusert til ca. 260 000 tonn kring 1990 (Figur 4.9), for så å auke til vel 500 000 tonn i 2005. Etter dette har den gått noko ned igjen til kring 450 000 tonn i dei siste åra. Gytebestanden, som i 1974 var på 555 000 tonn, nådde eit minimum på 100 000 tonn i 1991, men er no utrekna til 235 000 tonn i byrjinga av 2010. Fiskedødsraten gjekk ned i heile perioden frå 1986 til 2004, men

har auka noko igjen fram til 2008 då den vart berekna til å vere 0,30. 2004 årsklassen av sei var om lag 40 % sterkare enn tidlegare årsklasser, medan 2005 var svak. Gode mål for 2006 og 2007 årsklassane fins enno ikkje, så for desse årsklassane er det brukt langtids gjennomsnitt.

Det er gjort framlegg om at B_{pa} for sei i Nordsjøen og vest av Skottland skal vere 200 000 tonn (under dette nivået er det hovudsakleg produsert middels og dårlege årsklassar), og F_{pa} er sett til 0,40 (33 %). Gytebestanden har sidan 1997 hatt godt reproduksjonspotensial.


Rådgeving

ACFM har tilrådd at forvaltningsplanen som EU og Noreg er blitt einige om skal brukast (F=0,30). Dette tilsvarar ein fangst i Nordsjøen på 107 000 tonn. Noreg og EU vart einige om ein totalkvote på 107 044 tonn for 2010. Av dette kan Noreg disponere 55 613 tonn, der alt kan fiskast i EU-sona (sjå tabell 4.10).

Torsk, hyse, kviting og raudspette i Nordsjøen

Fisket

I botntrål- og snurrevadfisket til konsum tek ein ei blanding av torsk, hyse og kviting. Industritrålfis-



Figur 4.10 Utviklinga i bestand og fangst av torsk i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2009 og 2010 er prognosar

ket og bomtrålfisket etter flatfisk fører til ein auke i fiskedøying av torskefisk, særleg for dei yngre årsklassane. Det er et stort utkast av undermåls fisk i alle fiskeria.

Torskelandingane fall frå 300 000 tonn i 1981 til ca. 24 000 tonn i 2007 og gjekk litt opp att i 2008 til 27 000 tonn. Ein skal vere merksam på at det i det berekna totale uttaket er medrekna utkast og «svarte landingar». Det var då ca. 70 000 tonn i 2007 og 91 000 tonn i 2008 (Figur 4.10). Norsk fiske i 2008 var vel 4 000 tonn. I 2007 og 2008 vart om lag halvparten (vel 20 000 tonn) av all torsk som vart fiska kasta ut att. Vi reknar med at lite av dette overlevde. Sjå kapittel 2.7 for ei nærmare omtale av utkastproblematikken.

Årsfangstane (inkludert utkast) av hyse låg på kring 220 000 tonn i åra 1980-1986 og fall gradvis til eit nivå på 100 – 170 000 tonn i tiårsperioden 1991 – 2002 (Figur 4.11). Etter dette har fangstnivået vorte ytterlegare redusert til kring 60 000 tonn. I 2008 vart det fanga 44 000 tonn, der 13 000 tonn vart kasta ut. Prognosen for utkast i 2010 er om lag 8 000 tonn, medan den norske kvoten er 8 073 tonn. Noreg disponerer 23 % av total TAC.

Utbyttet av kviting har vore stabilt dei siste ti åra (Figur 4.12), men er monaleg lågare enn i perioden 1960 – 1980. Storbritannia tek om lag 80 % av totalfangsten. Dei norske landingane er ho-

vudsakleg bifangst i industritrålfisket. Noreg hadde ein kvote på 1 517 tonn i 2009. Førebels fangsttal indikerer at den norske fangsten vert rundt 129 tonn. Noreg disponerer 10 % av total TAC.

Utbyttet av raudspette har vore minkande og landingane er no på ca. 50 000 tonn mens dei i ei lang periode fram mot midten av 1990-talet var på over 100 000 tonn (Figur 4.13). Noreg hadde ein kvote på 2 885 tonn i 2009. Noreg disponerer 7 % av total TAC.

Bestandsgrunnlaget

Gytebestanden av torsk vart redusert frå ca. 250 000 tonn i 1970 til langt under B_{lim} , som er 70 000 tonn, sidan 1999. ICES var ikkje i stand til å rekne ut storleiken på bestanden fordi fangsttala for dei seinare åra er svært usikre, men alle metodar tilseier at gytebestanden framleis er godt under B_{lim} . Grensa for god reproduksjonsevne (B_{pa}) er vurdert å vere 150 000 tonn. Dagens fiskemønster fører til høg fiskedøying for eitt- og toåringar, slik at berre ca. 15 % av eittåringane overlever til dei er tre år. 1996-årsklassen har vore sterk, men på grunn av stort fiskepress har det ikkje lukkast å få bygd opp att gytebestanden. Sidan 1997 har alle årsklassar vore svake eller middels, og årsklassane 1997, 2000, 2002, 2004 og 2006 er dei sva-

Tabell 4.10 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av torsk i Nordsjøen sidan 1995¹

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Kraftig reduksjon i innsatsen		120	223	96
1996	80 % av F(94) = 0,7	141	130	199	104
1997	80 % av F(95) = 0,65	135	115	173	91
1998	F(98) burde ikkje overstige F(96)	153	140	179	76
1999	F = 0,60 for å byggje opp att SSB	125	132	139	74
2000	F mindre enn 0,55	< 79	81	96	49
2001	Lågast mogleg fangst	0	48,6	76	39
2002	Lågast mogleg fangst	0	49,3	82	47
2003	Ikkje fiske	0	27,3	77	44
2004	Ikkje fiske	0	27,3	54	40
2005	Ikkje fiske	0	27,3	52	37
2006	Ikkje fiske	0	23,2	53	34
2007	Ikkje fiske	0	20	70	42
2008	Utnyttast i tilhøve til føre-var grenser	< 22	22,2	91	57
2009	Ikkje fiske	0	28,8		60
2010	Forvaltingsplan F (65% av F2008)	< 40,3	33,5 ²		66 ³


¹ Fangst inkluderer totalt estimert uttak, og gytebestand i Subarea IV, Divisjon VIIId og IIIa

² Ei tilleggskvote på totalt 1 677 tonn (Noreg har av desse 285 tonn) er tilgjengeleg som ein del av avtale om fullt dokumentert fiskeri

³ Framskrivning

kaste som er registrert. Det er difor ikkje venta at gytebestanden vil auke over 150 000 tonn i næraste framtid, sjølv om fiskedødsraten vert kraftig redusert.

Etter dei gode årsklassane av hyse i 1999 og 2000 har det blitt lenger mellom dei gode, og berre 2005- årsklassen kan reknast som ein god årsklasse. Dei andre er til dels svært svake. Gytebe-



Figur 4.11 Utviklinga i bestand og fangst av hyse i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2009 og 2010 er prognosar

Tabell 4.11 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av hyse i Nordsjøen (ICES Subarea IV) sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand ¹
1995	Kraftig reduksjon i innsats; blanda fiskeri		120	140	163
1996	Må ta omsyn til blanda fiskeri		120	154	203
1997	Må ta omsyn til blanda fiskeri		114	138	227
1998	Ingen auke i F	100,3	115	128	205
1999	Reduser F(95–97) med 10%	72	88,6	111	159
2000	F mindre enn F _{pa}	< 51,7	73	100	138
2001	F mindre enn F _{pa}	< 58	61	165	315
2002	F mindre enn F _{pa}	< 94	104	101	518
2003	Ingen fangst av torsk	0 torsk	52	76	506
2004	Blandingsfiske vurderingar	0 torsk	85	65	434
2005	Blandingsfiske vurderingar	92	66	57	375
2006	Blandingsfiske vurderingar	39	52	55	299
2007	Blandingsfiske vurderingar	55,4	55	61	215
2008	Blandingsfiske vurderingar	49,3	46	42	203
2009	Blandingsfiske vurderingar	44,7	42		229
2010	Blandingsfiske vurderingar	38	35,8		204 ²

¹ Gytebestanden er kombinert for Nordsjøen og Skagerrak.

² Framskriving

standen er i 2009 vurdert til å vere omlag 229 000 tonn, og såleis over B_{pa} på 140 000 tonn. Fiskepressnivået i 2008 vart vurdert til å vere 0,25 og dette er mindre enn den F som er lagt til grunn i forvaltingsregelen mellom Noreg og EU ($F=0,3$).


Det er ikkje nok informasjon om kvitingbestanden til å vurdere gytebestand og fiskedødsrate. Dei fleste analysar indikerer at bestanden er på eit svært lågt nivå. Fiskedøying på raudspette har vorte kraftig redusert dei siste åra og gytebestanden aukar. Uttaket av bestanden reknast som berekraftig og gytebestanden er over grensa for god reproduksjonsevne.

Rådgeving

For torsk tilrår ICES på basis av den sameinte forvaltingsplanen at F i 2010 ikkje må vere høgare enn 65% av F (2008), det vil seie $F(2010) = 0,51$. Det gjev ein totalfangst på 66 400 tonn. Ved å bruke same utkast deler som i 2008 gjev dette ein TAC som må vere mindre enn 40 300 tonn. Gjeve

den lave bestandsstorleiken og dei seinaste års dårlege rekruttering så vil ikkje det vere mulig å byggje opp igjen gytebestande til over B_{pa} i starten av 2011, sjølv med ingen fangst i 2010 i det heile. Den vedtekne forvaltningsplanen for hyse ($F=0,3$) gjev ein fangst på omlag 46 000 tonn, der 38 000 tonn av dette er sett av til konsumlanding og 8 000 tonn til utkast. For kviting bør konsumfangsten ikkje vere høgare enn 6 800 tonn. ICES har basert sitt kvoteråd på 63 825 tonn raudspette på EU sin forvaltningsplan åleine. Ettersom raudspette er ein fellesbestand har Noreg på prinsipielt grunnlag protestert overfor ICES. Det er nå semje om at EU og Noreg skal utarbeide ein felles forvaltningsplan.

Noreg og EU er samde om desse totalkvotane for 2010: 33 552 tonn torsk, 35 794 tonn hyse, 12 897 tonn kviting og 63 825 tonn raudspette (sjå tabellane 4.11 – 4.14). Noreg disponerer 5 704 tonn torsk, 8 073 tonn hyse, 790 tonn kviting og 4 268 tonn raudspette. Alt kan fiskast i EU-sona.




Figur 4.12 Utviklinga i bestand og fangst av kviting i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2009 og 2010 er prognosar. ICES har ikkje definert føre-var grense for denne bestanden.

Tabell 4.12 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av kviting i Nordsjøen (ICES Sub-area IV) sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Kraftig reduksjon i innsats; blanda fiskeri		81	98	254
1996	Blanda fiskeri; ta omsyn til rådet for torsk		67	69	219
1997	Blanda fiskeri; ta omsyn til rådet for torsk		74	54	188
1998	Ingen auke frå 1996 nivået	54	60	40	157
1999	Minst 20 % reduksjon av F(95–97)	40,4	44	55	163
2000	Lågast mogleg fangst	0	30	55	211
2001	60 % reduksjon av F(97–99)	19,4	30	43	229
2002	F ikkje større enn 0,37	< 33	32	40	222
2003	Ingen fangst av torsk		16	38	179
2004	Ingen fangst av torsk	Inga auke	16	25	160
2005	Ingen fangst av torsk	52	28,5	22	133
2006	Ingen fangst av torsk	< 17,3	23,8	27	120
2007	Ingen fangst av torsk	< 15,1	23,8	24	98
2008	Ingen fangst av torsk	< 15,1	17,9	22	87
2009	Ingen fangst av torsk	< 11,0	15,2		94
2010	Ingen fangst av torsk	< 6,8	12,9		89 ¹

¹ Framskrivning

Fiskeriatvalane Noreg har inngått med andre land for 2010 og fisket etter avtalane i 2008 og 2009



Figur 4.13 Utviklinga i bestand og fangst av raudspette i Nordsjøen. Tala for fangst og gytebestand i 2009 og 2010 er prognosar

Tabell 4.13 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av raudspette i Nordsjøen (ICES Sub-area IV) sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Kraftig reduksjon i F	87	115	98	208
1996	Reduksjon i F på 40%	61	81	82	180
1997	Reduksjon i F på 20%	80	91	83	197
1998	$F=0,3$	82	87	72	227
1999	$F=0,3$	106	102	81	202
2000	$F=0,3$	95	97	81	231
2001	$F=0,26$	78	78	82	271
2002	$F < F_{pa}$	< 77	77	70	197
2003	$F=0,23$	604	73	67	222
2004	Gjenoppbyggingsplan		61	61	203
2005	Gjenoppbygg SSB $> B_{pa}$ i 2006	35	59	56	236
2006	Gjenoppbygg SSB $> B_{pa}$ i 2007	48	57	58	248
2007	Gjenoppbygg SSB $> B_{pa}$ i 2008	< 32	50	50	254
2008	Gjenoppbygg SSB $> B_{pa}$ i 2009	< 35	49	49	345
2009	Avgrens totale landingar til 55 500 tonn	$< 55,5$	55,5		388
2010	Avgrens totale landingar til 63 825 tonn	$< 63,8$	63,8		442 ¹

¹ Framskrivning

Kolmule

Kolmulebestanden i det nordaustlege Atlanterhavet består truleg av to hovudkomponentar; ein nordleg som har si utbreiing i Norskehavet og sørover til sørvest av Irland, og ein sørleg som held til i Biscaya og vidare sørover mot Gibraltar og Nord-Afrika. Det er uklårt kor mykje desse komponentane blandar seg under gyting og beiting, difor vert all kolmule sett på som ein felles bestand i bestandsutrekningane og rådgjevinga i ICES.

Fisket

Hovudfisket føregår om våren på gytefelta langs eggakanten vest av Dei britiske øyane og ved Færøyane. Noreg opererer her med ringnotsnurparar utstyrte for flytetråling. Fangst av kolmule har og føregått på beiteområda i Norskehavet om sommaren, også då med flytetrål. Dette fisket har dei seinare år praktisk talt falle bort. Elles tek industritrålflåten kolmule gjennom heile året i Norskerenna.

Internasjonal fangststatistikk frå 2009 er enno ikkje ferdig, men fisket er venta å verte om lag 606 000 tonn (Figur 4.14). Den norske flåten fiska om lag 226 000 tonn kolmule i 2009. Kolmuletrålarane tok den største delen av fangsten, over 90 %,


resten vart fiska av industritrålarane i Nordsjøen og langs kysten nordover. Noreg sin del av totalfangsten i 2009 var om lag 37 %.

Utrekningsmetodar

For kolmule brukast ein SMS (Stochastic Multi-Species) modell til å rekne ut bestandsnivået. I utrekningane inngår fangststatistikken (tal landa fisk fordelt på aldersgrupper) og aldersgrupper frå tre akustiske tokt. Denne modellen har vore brukt dei siste fire åra.

Bestandsgrunnlaget

Kolmulebestanden nådde toppen i 2003, og er nå raskt på veg nedover (Figur 4.14). På midten av 1990-talet byrja kolmulebestanden å produsere ei rekkje årsklasser som var fleire gonger sterkare enn det som tidlegare var observert. Dette førte til ei mangedobling av bestandsstorleiken og ei tilsvarende auke i fangstkvantumet. Situasjonen med sterke årsklasser år etter år ser ut til å vere dramatisk endra og årsklassene som vart gytt i 2005 – 2008 ser ut til å vere blant dei svakaste som er observert. Gytebestanden er venta å vere litt høgare enn føre-var-grensa på 2,25 millionar tonn i starten av 2010.



Figur 4.14 Utviklinga i bestand og fangst av kolmule. Tala for fangst og gytebestand i 2009 og 2010 er prognosar.

Rådgjeving

Etter ein svært langvarig forhandlingsprosess vart kyststatane (Noreg, EU, Færøyane og Island) den 16. desember 2005 samde om forvaltninga og fordelinga av kolmule frå 2006 og framover. Denne sameinte planen vart revidert i 2008 og evaluert av ICES i 2009. Den reviderte forvaltingsplanen blei stadfesta av ICES å vere i samsvar med

føre-var-prinsippet. Målet er at gytebestanden skal vere høgare enn føre-var-grensa (2,25 mill. tonn).

Tilrådinga frå ICES for 2010 er eit samla uttak på 540 000 tonn, som er i samsvar med forvaltingsplanen. Totalkvoten i 2010 er den same som tilrådinga. Etter overføringar kan norske fartøy fiske 205 792 tonn kolmule i 2010. Det er uråd å unngå nedgang i bestanden dersom rekrutteringa ikkje vert høgere.

Tabell 4.14 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusent tonn) av kolmule sidan 1995

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1995	Føre-var TAC for kombinert bestand	518	650 ¹	579	2315
1996	Føre-var TAC for kombinert bestand	500	650 ¹	646	2164
1997	Føre-var TAC for kombinert bestand	540		672	2250
1998	Føre-var TAC for kombinert bestand	650		1125	3240
1999	Fangstar over 650 000 t vil ikkje vera 'berekraftig i det lange løp	650		1256	3939
2000	F må ikkje overstige foreslått F_{pa}	800		1412	4261
2001	F må ikkje overstige foreslått F_{pa}	628		1780	4729
2002	Gjenoppbyggingsplan	0		1556	5869
2003	$F < \text{foreslått } F_{pa}$	600		2321	7352
2004	Oppnå 50% sannsyn for at $F < F_{pa}$	925		2378	7445
2005	Oppnå 50% sannsyn for at $F < F_{pa}$	1075		2027	7049
2006	F gamal forvaltingsplan	1500	2100 ²	1966	7129
2007	$F < \text{foreslått } F_{pa}$	980	1847 ³	1612	5995
2008	$F < F_{pa}$	835	1250 ⁴	1246	4749
2009	Halde bestanden over B_{pa}	384	606 ⁵		3586
2010	Følg den avtalte forvaltingsplanen	540	540		3059 ⁶

¹ NEAFC forslag for NEAFC region 1 og 2

² Avtalt TAC mellom kyststatene på 2 mill t og i tillegg tildeling til Russland i int.farvann på 100 000 t

³ Avtalt TAC mellom kyststatene på 1,7 mill t og i tillegg tildeling til Russland og Grønland på 147 000 t

⁴ Avtalt TAC mellom kyststatene på 1,1 mill t og i tillegg tildeling til Russland og Grønland

⁵ Avtalt TAC mellom kyststatene på 0,59 mill t og i tillegg tildeling til Russland 16 000 t

⁶ Framskrivning

Del IV
Fisket etter avtalane i 2008 og 2009

5 Fisket etter avtalane i 2008 og 2009

5.1 Den felles forvaltninga

I omtalen av fisket etter avtalane for 2008 og 2009 er hovudvekta lagt på i kva grad Noreg og dei partane som får tildelt kvotar i norske område, faktisk utnyttar desse kvotane. Først presenterer vi dei norske kvotane i sonene til andre statar og utnyttinga av desse, jf. pkt. 5.1 nedanfor. Deretter, i punkt 5.2, presenterer vi kvotane andre statar har i norske område og utnyttinga av desse. Kommentarene til kvoteutnyttinga omfattar berre åra 2008 og 2009.

I dei neste avsnitta vert omgrepet «felles forvaltning» nytta om ein del sentrale fiskebestandar. Felles forvaltning tyder at to eller fleire land/samanslutningar av land har avtala å forvalte ein bestand saman, fordi bestanden finst i sonene til fleire land. Dette inneber at det i dei årlege kvoteforhandlingane vert avtalt ein totalkvote for bestanden, som vert fordelt på dei aktuelle avtalepartane.

5.2 Norsk hausting av kvotar

I avsnitt 5.1 og 5.2 er kvotane henta frå dei årlege kvoteavtalane, med eventuelle oppdateringar. Fangsttala er baserte på landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet eller på det fartøya har rapportert fiska frå dei ulike jurisdiksjonsområda, anten til Fiskeridirektoratet eller til ansvarlege i tredjeland, det vil seie styresmaktene i kyststaten. Symbolet (–) i tabellane tyder anten ingen fangst eller ingen kvote.

Noreg – Russland

Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning av artane torsk, hyse og lodde. Noreg sine kvotar (etter overføringar til tredjeland) og fangstar av desse bestandane går fram av tabell 5.1. Delar av dei norske kvotane for desse bestandane kan fiskast i russisk økonomisk sone, sjå tabell 5.2.

Torskeknoten nord om 62°N blei godt utnytta i 2008 med ei utnyttingsgrad på vel 103 % (inkludert forskning). Utnyttingsgraden for hyse var på om lag 95 % i 2008, mens den i 2009 var på heile 110 %. Kvoten blei altså noko overfiska. Bakgrunnen for dette er samansett. Mellom anna vart tilgjengelegheita betre enn forventta, og trålarane og dei konvensjonelle havfiskefartøya kunne i større grad enn tidlegare gå på eit reint hysefiske.

Generelt har trålarane og andre havfiskefartøy fastsette kvotar praktisk talt utan overregulering, og dei held seg stort sett innanfor desse kvotane. Kystfiskeflåten består av mange fartøy som stadig vert meir effektive. Varierende grad av deltaking i fisket i kystflåten gjer det nødvendig å regulere fisket med såkalla overregulering. Overregulering er differansen mellom summen av maksimalkvotane og gruppeknoten. Overreguleringa vert uttrykt i prosent av gruppeknoten. Når eit fiskeri er regulert med maksimalkvotar er summen av maksimalkvotane større enn gruppeknoten. Differansen vert omtalt som overregulering. Der som summen av maksimalkvotane er 13 000 tonn og gruppeknoten er 10 000 tonn, er overreguleringa 30 %. Tilgangen på fisk kan variere frå år til år, mellom anna på grunn av vêrforhold langs kysten. Dersom fiskeristyresmaktene bommar med graden av overregulering for kystfiskeflåten og

Tabell 5.1 Oversikt over norske kvotar (etter overføring til 3. land) og fangst på fellesbestandane i Barentshavet

Art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	195 413	237 100	209 605	237 121
Hyse	76 500	95 050	72 553	104 931
Lodde	5 000	233 000	5149	232 569

¹ Kvotetala for lodde inneheld forskingsfangst. For åra 2008 & 2009 vart det avsett 5 000 tonn torsk til forskingsfangst. Avtalen med Russland for 2008 (2009) opna for å avsette 11 000 (9000) tonn torsk til forskings- og forvaltningsføremål, men ein fann det tilstrekkeleg å vidareføre kvoten på 7000 tonn. Avtalen for 2008 og 2009 opna vidare for å avsette 4000 tonn hyse til forskings- og forvaltningsføremål. Noreg avsette 2000 tonn hyse og 2000 tonn gjekk såleis inn i disponibel kvote for norskefartøy.

² Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 11.02.2010 og inneheld forskingsfangst. Når det gjeld lodde for 2008 er alt forskingsfangst. I 2009 vart det opna for eit kommersielt fiske.

Tabell 5.2 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	140 000	140 000	1505	4245
Hyse	20 000	20 000	1227	4420
Reker	3000	2500	570	1
Grønlandssel	10 000	7000	-	-
Lodde	-	-	-	21 268
Steinbit	1500	1200	447	105
Flyndre	1000	500	-	-
Bifangstkvote	500	500	27	56

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 11.02.2010.

ikkje greier å korrigere dette i tide, kan det føre til at dei fastsette kvotane vert overfiska. Ulike forhold kan også føre til at kvotane ikkje vert fiska eller utnytta fullt ut.

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone (RØS) går fram av tabell 5.2. Av dei norske fangstane nord om 62° N i 2008 fiska Noreg 0,7 % av torskefangstane og 1,7 % av hysefangstane i RØS. Tilsvarende tal for 2009 var 1,8 % for torsk og 4,2 % for hyse. Noreg tek altså små fangstar av torsk og hyse i RØS sett i høve til dei totale norske fangstane. Noreg kunne fiska heile loddekvota i RØS.

I 2008 deltok 2 rekefartøyar i fisket etter reker i RØS, medan berre 1 fartøy er registrert med rekefangst i 2009. Når det gjeld grønlandssel var det ingen norske fartøyer som gikk til østisen for å fangste i 2008 og 2009.

Noreg – EU

Fellesbestandane

Noreg og EU har felles forvaltning av artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell i Nordsjøen, sjå tabell 5.3. Delar av dei norske kvotane for konsumfiskbestandane kan fiskast i EU si sone av Nordsjøen, sjå tabell 5.4.

Makrell- og sildekvotane vert fordelte mellom ringnotfartøya, trålarane og kystfartøya. Fangsttala inneheld ikkje norsk bifangst frå industritrålfisket. Bifangstane varierer frå år til år i storleik og art.

Tabell 5.3 Norske kvotar (etter overføringar til EU og tredjeland) og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen¹

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	3384	4514	4129	4233
Hyse	7375	7978	1473	1277
Sei	68 376	63 881	61 264	57 708
Kviting	1595	1327	92	73
Raudspette	1105	2885	1051	1116
Makrell	120 450	190 802	121 496	121 228
Nordsjøesild	63 960	53 400	63 843	53 766

¹ Norsk totalkvote og fangst inklusive forskingsfangst.

² Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 19.02.2010. Fangsttala for sei og sild er både frå ICES-område IIIa og IV, medan makrelltala er frå ICES-område IIa, IIIa ,IV og VIa.

Norske kvotar i EU sitt farvatn (EUF) og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn (EUGRL), med tilhøyrande fangstar

Noreg fekk i 2008 og 2009 tildelt kvotar av blåkeveite, kveite og uer for fiske i grønlandsk sone både av EU og Grønland. I 2009 fekk Noreg i tillegg tildelt kvoter av torsk frå EU for fiske i grønlandsk sone. For desse artane er det i denne meldinga berekna at EU-kvoten utnyttast først. Noreg nyttar desse kvotane i såpass stor grad at med denne føresetnaden kan talet for fangst i enkelte tilfelle vere lik kvotetala slik dei er viste i tabell 5.4. Eventuelle fangstar ut over EU-kvotane vert avrekna mot Noregs kvotar tildelte av Grønland (sjå tabell 5.6).

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar i EUs farvatn og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn, med tilhøyrande fangstar, går fram av tabell 5.4. I EU-sona i Nordsjøen kunne norske fartøyer berre fiske 1000 tonn augepål i 2008 og 2009. EU og Noreg vart i samband med kvoteforhandlingane for 2009 samde om å gjennomføre eit samordna forsøksfiske etter tobis i perioden 1. april til 6. mai 2008. Av ein kvote på 27 500 tonn i EU-sona, fiska norske fartøyer 27 418 tonn tobis i 2009.

Etter at kyststatane vart samde om forvaltning av kolmule i desember 2005, fekk Noreg auka tilgang i EU-farvatn. I tillegg til fiske i EU-sona, fiska norske fartøyer desse åra kolmule i internasjonalt farvatn vest av dei britiske øyane, i færøysk sone

Tabell 5.4 Oversikt over Noreg sine kvotar (etter overføringar til EU og tredjeland) og fangstar i EU sitt farvatn, og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
EUF, Nordsjøen ¹ :				
Torsk ²	3384	4514	1303	1205
Hyse ²	7375	7979	482	386
Sei ²	68 376	63 881	28 950	17 920
Kviting ²	1785	1517	17	39
Raudspette ²	1105	2885	987	1078
Makrell	31 134	41 307	29 390	55 501
Sild ²	50 000	49 590	41 934	43 095
Augepål	1000	1000	522	1289
Tobis	20 000	27 500	21 835	27 418
Brisling	10 063	10 000	1266	7956
Reker	-	-	3	1
Hestmakrell	1600	3600	553	3734
Sjøtunge	90	90	14	1
Andre artar	2720	2720	670	-
EUF, vest om 4°V ³ :				
Makrell	9300	12 300	3948	121
Kolmule	304 269	158 458	307 567	155 655
Blålange	150	150	99	121
Lange	5638	5638	5219	5207
Brosme ⁴	3350	3350	2450	2608
Pigghå ⁴	50	50	4	1
Håbrann	-	-	1	0
Kombinert kvote	140	140	199	174
Blåkveite	350	350	15	5
EUGRL, Vest-Grønland ⁵ :				
Blåkveite	800	800	800	800
Kveite	100	75	17	59
Skolest/Isgalt o.a. ⁶	60	60	11	6
Torsk ⁷	-	250	-	250
EUGRL, Aust-Grønland ⁵ :				
Reker	3250	3500	1530	979
Blåkveite	824	824	119	116
Kveite	100	75	100	20
Uer	3500	3000	-	-
Lodde	-	-	-	-
Skolest/isgalt o.a. ⁶	60	60	11	13
Torsk ⁷	-	250	-	250

¹ Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 20.02.2010.

Alle artar er fangst i EU-sona i ICES-område IV bortsett frå:

Makrell ICES-område IIa, IIIa & IV, og sei & sild ICES-område IIIa & IV.

² For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

³ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 22.02.2010. Fangsttala på artane blåkveite, blålange, lange og brosmme inneheld også fangst i EU-sona i ICES-område IV og IIa.

⁴ Av den samla kvoten for lange og brosmme kan inntil 25 % være bifangst (maksimalt 3 000 tonn).

⁵ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 20.02.2010.

⁶ For begge åra har Noreg ein felles kvote ved Vest- og Aust-Grønland på 120 tonn skolest/isgalt.

⁷ For 2009 har Noreg ein felles kvote ved Vest- og Aust-Grønland på 500 tonn torsk.

⁸ Av den samla kvoten for lange og brosmme kan inntil 25 % være bifangst (maksimalt 3000 tonn i 2008).

⁹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 12. mars 2009.

¹⁰ For 2008 har Noreg ein felles kvote ved Vest- og Aust-Grønland på 120 tonn skolest/isgalt.

og i NØS sør om 62° N. I følge norske sluttseteltal fiska dei norske fartøya totalt 539 585 tonn kolmule i 2007 og 418 289 tonn i 2008 i desse områda.

Det var høve til å overføre 2000 tonn mellom kvotane for lange, brosme og blålange i 2008 og 2009. Desse kvotane kunne berre fiskast med line vest av 4° V (ICES område Vb, VI og VII). I dette fiskeriet kunne norske fartøy ha bifangst av andre fiskeslag med inntil 25 % til kvar tid. Den totale bifangsten av andre fiskeslag var avgrensa til 3000 tonn begge åra, og vart rekna mot den totale kvoten av lange, blålange og brosme, som var på 9138 tonn i både 2008 og 2009.

Blålange, lange, brosme, pigghå, brugde og håbrann kunne også fiskast i Nordsjøen. Kombinerterkvoten gjaldt linefiske etter havmus, mora, skjelbrosme og isgalt.

100 % av uerkvoten vart overført til og fiska i internasjonalt farvatn. Kvoten «andre artar» i Nordsjøen omfattar fiske på artar det ikkje er fastsett kvotar for til Noreg i EU-sona.

Loddefisket ved Jan Mayen/Island/Grønland omtalast nærare i punkt 5.1.6.

Når det gjeld dei tildelte kvotane i grønlandsk farvatn, blir desse slått saman med kvotane som Noreg får tildelt av Grønland. I denne meldinga blir den norske fangsten kvoteavrekna kvoten tildelt frå EU først, men det er ingen avtale som seier at det er slik det skal gjerast.

Noreg – Færøyane

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i færøysk sone går fram av tabell 5.5.

Fisket etter bunnfisk kunne drivast med garn og line, men sei kunne også fiskast med trål. Kvoten av andre artar kunne berre fiskast som bifangst. Samla vart det fiska 2465 tonn botnfisk i færøysk sone i 2008, tilsvarende tal for 2009 var 1864 tonn botnfisk. Dette gir ein utnyttingsgrad på om lag 46 % i 2008 og 35 % i 2009.

I 2009 hadde Noreg en enda lågare utnytting av kvotane i færøysk sone enn i 2008. Dette kan mellom anna sjåast i samanheng med høge torske- og hysekvoter i norsk sone samt at kvoteavtalen ikkje blei inngått før i februar 2009 slik at lineflåten allereie hadde valt andre alternativ.

Norske ringnotfartøy pleier å fiske kolmule i færøysk sone mot slutten av kolmulesesongen, det vil seie i april/mai. Norske fartøy fiska 11 978 tonn i 2008 og 3355 tonn i 2009.

Tabell 5.5 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Lange/blålange	2525	2525	1201	819
Brosme	1847	1847	1095	939
Sei	105	105	53	24
Blåkveite	-	-	-	-
Håbrann/Pigghå	-	-	-	-
Breiflabbb	-	-	-	-
Makrell	1625	2157	-	-
Hestmakrell	230	50	-	-
Kolmule	15 060	11 300	11 978	3355
Andre artar	891	891	116	84

¹ Vaktar- og Bjargingartænastan på Færøyane per 02.11.2009

Noreg – Grønland

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i grønlandsk sone i 2008 og 2009 går fram av tabell 5.6.6. I tillegg kan norske fartøy fiske i grønlandsk sone på kvote tildelt av EU (sjå tabell 5.4). Fisket etter blåkveite med trål ved Vest-Grønland måtte skje sør om 64°30' N eller nord om 68° N, og med ei avgrensing på 6 fartøy i fiske samstundes i sona. Det deltok 3 trålarar i fisket både i 2008 og 2009. I fisket etter blåkveite ved Aust-Grønland deltok 2 linefartøy og 2 trålarar i 2008, medan berre eit linefartøy og ein trålar deltok i 2009.

Tabell 5.6 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandsk sone

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Vest-Grønland:				
Blåkveite	650	700	535	715
Aust-Grønland:				
Blåkveite	425	375	-	-
Kveite	250	235	45	-
Uer	700	700	31	89
Vest- og Aust-Grønland:				
Torsk	750	750	770	502

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 20.02.2010. Heile kvoten frå Grønland kunne også fiskast i internasjonalt farvatn, sjå punkt 5.1.9.

I 2008 var det 17 fartøy som tilfredsstilte krava til deltaking i rekefisket ved Aust-Grønland, mens det i 2009 var 16 (kvoten er tildelt av EU, sjå tabell 5.4). Maksimalt 15 fartøy kunne fiske etter reker samstundes i grønlandsk sone. Totalt 5 fartøy deltok i rekefisket i 2008, medan berre to deltok i 2009.

I 2008 vart det fiska 31 tonn uer av ein kvote på til saman 4100 tonn. Kvoten vart altså dårleg utnytta, noko som også var tilfellet i 2009 da det vart fiska 89 tonn uer av ein kvote på til saman 3 700 tonn. Heile kvoten frå Grønland kunne fiskast i internasjonalt farvatn, medan halve kvoten frå EU kunne fiskast i internasjonalt farvatn.

I fisket etter kveite ved Aust-Grønland er det berre høve til å fiske med line. I 2008 deltok 2 linefartøy, medan i 2009 berre eit. I begge åra kunne dei fiske fritt innanfor totalkvoten.

Før 2003 har det ikkje vore mogleg å utnytte torskekvoten som følgje av den dårlege bestands-situasjonen for torsk ved Grønland. I 2008 og 2009 vart desse kvotene godt utnytta.

Noreg – Island, om fisket etter botnfisk og lodde i islandsk sone

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i islandsk sone går fram av tabell 5.7. I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy også høve til å ha inntil 25 % bifangst av andre artar. Noreg utnytta botnfiskkvotane ved Island godt i både 2008 og 2009.

I følgje den gjeldande trepartsavtalen (fiskeriavtalen) for lodde varer sesongen for loddefisket frå 20. juni til 30. april. Det er likevel ikkje tillete for norske fartøy å drive fiske etter 15. februar i islandsk sone.

Tabell 5.7 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i islandsk sone

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Brosme, lange, blålange	500	500	491	386
Kveite		-	4	2
Uer		-	21	19
Anna		-	65	141
Lodde		-30 031	-	28 252

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 09.03.2010.

Tabell 5.8 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar på lodde i sesongane 2008/2009 og 2009/2010

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008/2009	2009/2010	2008/2009	2009/2010
Lodde	-	30 031	-	28 252

¹ Noregs Sildesalslag per 11.03.2010.

Noreg – Grønland – Island: lodde ved Jan Mayen, Grønland og Island

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvoter og fangstar på lodde i sesongane 2007/2008 og 2008/2009 går fram av tabell 5.8.

På grunn av låg gytebestand vart det ikkje opna for loddefiske i 2008/2009. I følgje avtalen mellom Noreg og Island om fiske i Barentshavet skulle Noreg fiske 14 592 tonn lodde av Islands kvote for sesongen 2008/2009. Sidan endeleg TAC vart satt lågare enn foreløpig TAC, fiska norske fartøy 4704 tonn over kvote sesongen 2007/2008. Dette kvantumet skulle trekkjast frå Noregs kvote neste sesong. Etter forhandlinga mellom Noreg og Island våren 2009 vart denne differansen kompensert ved at Noreg fekk tildelt Islands kvote på 334 tonn reke i NAFO-område 3L i 2009.

På grunn av at 2007-årsklassa vart estimert til å vere svært låg, tilrådde ikkje ICES at det vart opna for eit loddefiske sesongen 2009/2010. På bakgrunn av bestandsmålingar gjort vinteren 2009/2010 fant det islandske havforskningsinstituttet det likevel tilrådeleg å anbefale ei opning av loddefiske den 29. januar 2010.

Det blei fastsett ein TAC på 130 000 tonn lodde og det norske loddefisket vart opna 29. januar 2010. Noreg hadde ein førebels kvote på totalt 28 431 tonn og heile kvoten kunne fiskast i Island si økonomiske sone (IØS).

Førebels TAC for 2009/2010 vart 21. februar auka til 150 000 tonn lodde. Den norske totalkvoten vart då auka med 1600 tonn. Kvoten var samansett av 12 000 tonn frå trepartsavtalen og 18 031 tonn frå avtalen mellom Noreg og Island om fisket i Barentshavet. Heile kvoten kunne fiskast i IØS.

Til saman vart det fiska 28 252 tonn lodde i sesongen 2009/2010 av totalt 31 ringnotfartøy. Manglande fiskemoglegheit som følgje av at TAC blei auka etter 15. februar 2010 vil verte kompensert neste sesong.

Noreg – EU (Sverige – Danmark), om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan fiskast i Skagerrak. Dei andre artane i Skagerrakavtalen kan fiskast både i Skagerrak og Kattegat.

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 5.9. Dei viktigaste fiskeria for Noreg i Skagerrak er fisket etter reker og sild. Fangstane av torsk i tabellen omfattar berre fisket utanfor grunnlinja. I 2008 vart det fiska 494 tonn torsk innanfor grunnlinja, medan det tilsvarande talet for 2009 var 343 tonn.

For sild og makrell vart kvotane fastsette i den bilaterale kvoteavtalen mellom Noreg og EU. I 2008 og 2009 var det høve for norske fartøy til å fiske inntil 3000 tonn makrell i Skagerrak.

I 2008 vart sildekvoten delt med 3000 tonn til kystgruppa og det resterande kvantumet til ringnotgruppa. Same fordelinga gjaldt i 2009. Kystbrislingflåten fiska om lag 23 % i 2008 og 17 % i 2009 av brislingkvoten. Kystreke-trålarane tok rekekvoten i 2008, medan dei i 2009 har utnytta 79 % av kvoten.

Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet

Kommentarar til oversikta

Noregs kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet går fram av tabell 5.10. Det har ikkje vore fastsett loddekvote i NAFO-området 3NO sidan 1992. Då hadde Noreg ein loddekvote på 9000 tonn. Dei seinaste åra har det også vore for-

Tabell 5.9 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	102	133	281	78
Hyse	120	109	170	121
Kviting	19	19	14	10
Raudspette	187	187	79	60
Sild ²	6892	5032	4024	3296
Makrell	-	-	625	1406
Brisling	3900	3900	895	672
Reker	5415	5415	5744	4268

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 02.03.2010.

² Inntil 30 % (20 %) av sildekvoten i Skagerrak kunne fiskast i Nordsjøen i 2008 (2009).

Tabell 5.10 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	-	-	-	-
Lodde	-	-	-	-
Uer	-	-	-	-
Reker 3M	-	-	261	-
Reker 3L	284	668	345	672

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 02.03.2010.

bod mot torskefiske. I 2000 fiska norske fartøy for første gong uer i NAFO-området 1F. Det er ikkje fastsett uerkvote i dette området. Noreg har også høve til å fiske mellom anna blåkveite i NAFO-området 3LMNO under «others-kvoten».

Rekefisket i NAFO tok til våren 1993, då norske reke-trålarar saman med reke-trålarar frå Færøyane og Grønland starta fiske på rekefeltet ved Flemish Cap. Rekefisket ved Flemish Cap utvikla seg på 90-tallet til å verte eit viktig driftsalternativ for rekeflåten ved sida av fisket ved Grønland. Rekefisket vart innsatsregulert i 1996. Omfanget av dette fisket har vorte mindre då tal på norske trålarar med reke-tråling som einaste driftsalternativ i mellomtida har gått sterkt attende. Både i 2008 og 2009 hadde norske fartøy høve til å fiske reker i 1985 døgn i NAFO-området 3M. Dette fisket kunne utøvast med opptil 32 fartøy. Norske fartøy hadde i tillegg høve til å fiske 284 tonn i 2008. I 2009 var den norske kvoten i 2L i utgangspunktet satt til 334 tonn, men som kompensasjon for manglande loddekvote frå Island blei Noreg i tillegg tildelt den islandske rekekvoten i 3L på 334. Den totale norske kvoten i 3L i 2009 vart dermed på 668 tonn.

I 2008 fiska ein reke-trålarar i 3M til saman 261 tonn, medan ingen fartøy fiska i 3M i 2009. I 2008 fiska to norske fartøy 345 tonn i 3L, medan eitt norsk fartøy fiska 672 tonn i same område i 2009.

Norsk fiske i Irmingerhavet

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i Irmingerhavet går fram av tabell 5.11. Tala inkluderer ikkje norsk fiske i Smothavet (internasjonalt farvatn i ICES-området IIa). Fisket etter uer i Irmingerhavet var ikkje kvoteregulert før i 1996. Ved berekning av fangstuttak på uer i Irmingerhavet nytta norske fiskarar i 2007 norske omrekningsfaktorar som

Tabell 5.11 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i Irmingerhavet

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn) ¹	
	2008	2009	2008	2009
Uer	4141	5291	486	-

¹ Inkluderer også fangstar under kvote tildelt av EU og Grønland, jf. tabell 5.4 og 5.6

låg noko høgre enn det andre land i NEAFC nytta. For 2008 vedtok NEAFC ein felles faktor på 1,7.

Norske fangstar gjekk drastisk ned frå 486 tonn i 2008 til inga fangst i 2009. Årsaka til dette var redusert deltaking på grunn av høge drivstoffprisar, og at det vart funne lite uer.

Det har utvikla seg eit større fiske etter snabeluer i internasjonalt farvatn i ICES statistikkområde II (Smøthavet), og fartøy frå Noreg har òg delteke i dette fisket. I 2007 rapporterte norske fartøy 1813 tonn og i 2008 778 tonn frå dette området.

Norsk vårgytande sild

Noreg sine kvotar og fangstar av norsk vårgytande sild går fram av tabell 5.12 og 5.13.

Kommentarar til oversikta (tabellane 5.12, 5.13, 5.14 og 5.15)

12. november 2008 vart det undertteikna ein kyststatsavtale mellom EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland om forvaltning av norsk vårgytande sild for 2009. Kyststatsavtalen gav ein totalkvote på 1 518 000 tonn. Kyststatane vart også einige om å innføre kvotefleksibilitet over årsskiftet for 2008. Det vart høve til å føre over inntil 10 % av ubrukt kvote til neste år. Det vart også høve til å forskottere inntil 10 % på neste års kvote. Alt fiske utover kvote skal trekkjast frå kvoten neste år.

Noreg fiska i 2008 heile 38 003 tonn meir enn den norske kvoten på 925 980 tonn. Dette kvantumet ble trekt frå norsk kvote for 2009. Både i 2008 og 2009 vart kvoten fiska i NØS, internasjonalt farvatn og ved Jan Mayen. I 2009 fiska Noreg heile 53 406 tonn sild i internasjonalt farvatn, mot 12 532 tonn i 2008.

I 2008 og 2009 fiska russarane eit betydeleg kvantum norsk vårgytande sild i internasjonalt farvatn og i vernesona rundt Svalbard. Det russiske hovudfisket føregjekk i NØS nord for 62.

Islendingane fiska i 2008 og 2009 heile 130 447 tonn og 207 024 tonn sild i si eiga sone. I 2008 nytta dei heile sonetilgangen til NØS nord for 62°N,

Tabell 5.12 Oversikt over kvotar og fangstar¹ (tonn) før og etter overføringer i 2008

STAT	Kvote	Overføring	Kvote etter overføring	Fangst	Balanse
EU	98 822		98 822	101 399	-2 577
Færøyane	78 329	-	78 329	76 372	1 957
Island	220 262	-	220 262	222 800	-2 538
Noreg	925 980	-	925 980	963 983	-38 003
Russland	194 607	-	194 607	193 119	1 488
Totalt	1 518 000	-	1 518 000	1 557 673	

¹ Fangsttala er førebelse og innrapporterte frå deltakande land. Norske tal er frå landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

Tabell 5.13 Oversikt over kvotar og fangstar¹ (tonn) før og etter overføringer i 2009

STAT	Kvote	Balanse 2008	Overføringer	Kvote etter overføring og fleksibilitet	Fangst 2009	Balanse 2010
EU	106 959	-2577	-	104 382	109 736	-5354
Færøyane	84 779	1957	1957	86 736	91 066	-4330
Island	238 399	-2538	-	235 861	265 480	-29 619
Noreg	1 002 230	-38 003	-	964 227	1 016 671	-52 444
Russland	210 633	1488	1488	212 121	204 049	8072
Totalt	1 643 000			1 603 327	1 687 002	

¹ Fangsttala er førebelse og innrapporterte frå deltakande land. Norske tal er frå landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010

Tabell 5.14 Oversikt over fangstar¹ av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2008

STAT	Kvote etter overføringer	Fangst fordelt på soner (tonn)									Balanse 2009
		INT	EU	FRO	IØS	NØS	JM	VS	RØS	Totalt	
EU	98 822	20 355	-	-	-	71 281	9763	-	-	101 399	-2577
Færøyane	78 329	19 368	-	5768	8493	35 097	7646	-	-	76 372	1957
Island	220 262	19 277	-	4536	130 447	42 604	25 936	-	-	222 800	-2538
Noreg	925 980	12 532	-	-	-	948 764	2687	-	-	963 983	-38 003
Russland	194 607	23 118	-	793	-	134 138	9334	25 709	27	193 119	1488
Totalt	1 518 000	94 650	-	11 097	138 940	1 231 884	55 366	25 709	27	1 557 673	

¹ Fangsttala er dels innrapporterte frå deltakande land og dels frå landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

Tabell 5.15 Oversikt over fangstar¹ av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2009

STAT	Kvote etter overf./ balanse	Fangst fordelt på soner (tonn)									Balanse 2010
		INT	EU	FRO	IØS	NØS	JM	VS	RØS	Totalt	
EU	104 382	3904	-	-	-	89 956	-	15 876	-	109 736	- 5354
Færøyane	86 736 ²	5958	-	1570	5921	61 982 ²	1883	13 752	-	91 066	-4330
Island	235 861	15 100	-	3780	207 024	35 946	3630	-	-	265 480	-29 619
Noreg	964 227	53 406	-	-	-	963 146	119	-	-	1 016 671	-52 444
Russland	212 121	30 545	-	717	-	112 929	3994	55 864	-	204 049	8072
Totalt		108									
	1 603 327	913	-	6067	212 945	1 263 959	9626	85 492	-	1 687 002	

¹ Fangsttala er dels innrapporterte frå deltakande land, kvotekontrolldata per 9. mars 2010 og dels frå landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

² Inkludert kvote og fangst tatt av Grønland

norske styresmakter stoppa derfor det islandske fisket 1. desember 2008. I 2009 vart sonetilgangen til NØS ikkje fullt nytta.

Alle landa med unntak av Russland har i 2009 fiska på forskot på 2010-kvoten. Noreg og Island fiska heile 52 444 tonn og 29 619 tonn over kvotane sine (etter overføringar/balanse) i 2009. Dette kvantumet trekkjast frå Noregs og Islands kvote i 2010.

5.3 Utanlandsk hausting av kvotar i norske havområde i 2008 og 2009

Russland – Noreg

Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning av torsk, hyse og lodde i Barentshavet. Oversikta for 2008 og 2009 viser Russland sine kvotar og fangstar av

desse bestandane etter overføring frå Russland til Noreg, men før kvotetildeling frå Russland til tredjeland (sjå tabell 5.16). Russisk forskingsfangst går ikkje fram av tala.

Kvotetala inneheld ikkje murmanskorsk og kvote disponibel for forskings- og forvaltningsformål. For åra 2008 og 2009 vart det avsett ein kvote på 21 000 tonn murmanskorsk. Fangsttala er førebelse og rapportert frå russiske styresmakter til norsk styresmakter og inkluderar fangst av murmanskorsk.

Tabell 5.16 Russiske kvotar og fangstar på fellesbestandane i Barentshavet etter overføring til Noreg og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	158 650	201 100	190 225	229 360
Hyse	65 500	84 050	68 792	85 612

Tabell 5.17 Oversikt over Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
NØS N 62°N:				
Torsk	140 000	140 000	52 823	57 608
Hyse	20 000	20 000	14 000	20 124
Sei	15 000	15 000	11 125	10 923
Blåkveite	-	-	529	1099
Steinbit	2000	3000	2146	1926
Uer	1000	1000	1219	1327
Snabeluer	1000	1000	1098	950
Kolmule	21 755	10 268	1364	2800
Norsk vårgytende sild	194 607	210 633	136 077	112 929
Lodde	-	152 000	-	276
Andre artar	3000	3000	771	233
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Sild	-	-	10 332	3994
Kolmule	-	-	786	387

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

Kommentarar til oversikta

Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.17. Av torsk kvoten i NØS i 2008 vart 38 % fiska. Tilsvarende tal for 2009 var 41 %. Russland hadde ei utnytting av si kvote av hyse i NØS på 70 % i 2008. I 2009 fiska Russland opp heile hysekvoten si.

Snabeluer- og uerkvotane kunne berre nyttast til bifangst i 2008 og 2009, medan steinbitkvoten skulle dekkje både direktefiske og bifangst. I 2008 kunne russiske fartøy fiske 5000 tonn sei innanfor kvoten på 15 000 tonn i eit direktefiske. I 2009 kunne dei fiske inntil 7000 tonn av kvoten på 15 000 tonn sei i eit direktefiske, dette fisket vart stoppa 28. august 2009. Kolmulekvoten kunne også fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen. Russland si sildekvote i NØS nord om 62°N kunne også fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen.

Kvoten av andre artar for 2008 og 2009 er ikkje spesifisert.

EU – Noreg

Fellesbestandane

I Nordsjøen har Noreg og EU felles forvaltning av torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og ma-

Tabell 5.18 EU sine kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen etter overføring frå Noreg til EU, og før overføring til tredjeland

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	18 386	23 902	15 063	17 681
Hyse	38 362	33 425	20 500	24 479
Sei	65 232	60 448	43 149	36 927
Kviting	16 065	13 656	9880	10 049
Raudspette	47 875	52 615	34 254	38 016
Makrell	17 432	22 518	17 625	16 188
Nordsjøesild	142 871	121 410	107 480	94 735

¹ Fangsttala for heile 2008 og 2009 per 31. oktober 2009 vart utdelt under forhandlingane mellom Noreg og EU hausten 2009. Fangsttala for makrell i 2009 er per 15. oktober 2009

krell. Delar av EU sine kvotar på konsumartane kan fiskast i NØS, sjå tabell 5.19. EU sine kvotar og fangstar av desse bestandane etter overføring frå Noreg til EU, men før kvotetildeling frå EU til tredjeland i 2008 og 2009, går fram av tabell 5.18.

Kvoten for sild og makrell omfattar Nordsjøen og Skagerrak. Med omsyn til makrell er EU og Noreg samde om ei fleksibel ordning som gjer det mogleg for EU å fiske 105 000 tonn av makrellkvoten i EU-sona i Nordsjøen i staden for vest av 4°V.

Kommentarar til oversikta

EU si kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde går fram av tabell 5.19. Frå og med 1998 har EU ein kvote av torsk nord om 62°N som tilsvarende 4,14 % av TAC for nordaustarktisk torsk. I åra 2008 og 2009 har EU nytta torske-, sei- og hysekvotane nord om 62°N godt.

EU si sildekvote nord om 62°N kunne fiskast i område under norsk jurisdiksjon nord for 62°N.

EU si makrellkvote nord om 62°N kunne også fiskast sør om 62°N i ICES-område IVa i 2008 og 2009. Dette forklarar avvika mellom kvote og fangsttal for Nordsjøen. EU si kvote av uer, blåkveite og samlekvoten for andre artar nord om 62°N er bifangstkvotar.

EU si kolmulekvote bestod av kvantum gjennom EU-avtalen og kolmuleavtalen. I 2008 kunne EU fiske 228 089 tonn gjennom kolmuleavtalen i heile NØS og i fiskerisona ved Jan Mayen. I tillegg kunne EU fiske 8800 tonn sør for 62°N. I 2009 kunne EU fiske 4000 tonn gjennom EU-avtalen og 110 781 tonn gjennom kolmuleavtalen. Kvotene kunne fiskast i heile NØS og i fiskerisona ved Jan

Fiskeritavtalan Noreg har inngått med andre land for 2010 og fisket etter avtalan i 2008 og 2009

Tabell 5.19 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
NØS, N 62°N:				
Torsk	17 057	20 074	16 987	19 753
Hyse	2500	2500	2312	2155
Sei	3852	3000	3287	2872
Blåkveite	50	50	16	30
Uer	750	750	172	96
Snabeluer	750	750	187	226
Kolmule	228 089	114 781	115	50
Makrell	9300	12 300	-	-
Sild	88 939	96 263	79 927	89 956
Andre artar	350	350	228	149

NØS, Nordsjøen²:

Torsk ³	16 362	21 157	5049	6658
Hyse ³	29 242	25 570	9260	7087
Sei ³	66 112	61 328	22 817	26 117
Kviting ³	11 074	9442	742	678
Raudspette ³	19 653	21 590	2135	2224
Makrell ³	17 674	22 760	13 116	6457
Nordsjøsiltd ³	50 846	50 846	1740	2055
Augepål	5 000	1000	2	45
Kolmule	236 889	115 581	70	14
Tobis	20 000	-	4675	603
Reker	664	664	206	373
Andre artar	8880	8780	7708	7666

Fiskerisona ved Jan Mayen:

Sild	-	-	-	-
Kolmule	-	-	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

² EU sine kvotar i NØS i Nordsjøen er både i 2008 og 2009 sett saman av tre kvoteavtalar: avtalen mellom EU og Noreg, avtalen mellom Sverige og Noreg og «kolmuleavtalen».

³ Avtalen mellom Sverige og Noreg er presentert under 5.2.7. For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebytte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

Mayen. I tillegg kunne EU (Sverige) fiske 800 tonn industrifisk sør for 62°N.

EU sine fangstar i NØS sør om 62°N som del av deira samla fangstar i høve til kvote, utgjer i 2008 og 2009 desse prosentane: for torsk 31 % og 32 %, for hyse 32 % og 28 %, for sei 35 % og 43 %, for kviting 7 % og 7 % og for raudspette 11 % og 10 %.

EU utnytta 87 % av kvoten på andre artar i Nordsjøen i 2008 og i 2009.

Færøyane – Noreg

Kommentarar til oversikta

Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.20. Færøyane sine kvotar på torsk, hyse, sei og uer nord om 62°N er samansett av kvotane frå Noreg og tildelingar frå Russland. Etter avtale med Noreg kan delar av Færøyane sine kvotar i russisk økonomisk sone (RØS) fiskast i NØS. I 2008 utgjorde kvotane frå Noreg 1854 tonn torsk, 1340 tonn hyse, 1550 tonn sei og 100 tonn andre artar, medan kvotane frå Noreg i 2009 var på 1951 tonn torsk, 1460 tonn hyse, 1550 tonn sei og 100 tonn andre artar. Færøyane fekk

Tabell 5.20 Oversikt over Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar ¹ (tonn)		Fangstar ² (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
NØS, N 62°N:				
Torsk	4634	4251	4686	3964
Hyse	1340	1460	1340	1455
Sei	1550	3550	1542	1501
Blåkveite	-	-	9	2
Sild	34 392	67 224	34 422	60 495
Kolmule	-	12 107	44	398
Makrell	14 814	24 973	-	-
Andre artar ³	450	450	143	186
NØS, Nordsjøen:				
Sei	487	50	115	911
Nordsjøsiltd	442	442	637	710
Kolmule	23 010	12 107	25	10
Brisling	500	500	-	0
Makrell	14 814	24 973	5771	1360
Hestmakrell	1000	200	75	0
Håbrann/ pigghå	-	-	-	-
Andre artar	100	100	68	152
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Makrell	13 680	23 468	-	-
Kolmule	-	12 107	90	-
Sild	46 252	50 061	7370	1792

¹ Kvotar etter overføringar frå RØS til NØS.

² Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

³ Inkludert kvote på snabeluer på 150 tonn.

hausten 2009 auka seikvota si frå 1550 til 3550 tonn, tilleggskvota kunne også fiskast sør om 62°N. Differansen mellom kvotane i oversikta i tabell 5.19 og kvotane frå Noreg syner altså det kvantum Færøyane fekk fiske i NØS av kvotane dei hadde i russisk økonomisk sone. I 2008 fiska Færøyane kvotane av torsk, hyse og sei i NØS nord om 62°N. I 2009 utnytta dei kvotane på torsk og hyse godt. Færøyane utnytta ikkje tilleggskvoten på 2000 tonn sei nord om 62°N i 2009.

Færøyane kunne fiske totalt 46 252 tonn norsk vårgytande sild i norsk havområde i 2008, av desse kunne 34 392 tonn fiskast nord for 62°N. I 2009 kunne Færøyane kunne fiske totalt 50.061 tonn i norsk havområde i 2009, av desse kunne maksimalt 37 224 tonn fiskast nord for 62°N. I tillegg fekk Færøyane gjennom kolmuleavtalen og kyststatsavtalen for norsk vårgytande sild 11. februar 2009 lov til å fiske ytterligere 30 000 tonn sild i NØS.

I 2008 og 2009 kunne 23 010 tonn og 12 107 tonn av kolmulekvoten fiskast nord for 62°N og i fiskerisona ved Jan Mayen.

Makrellkvota til Færøyane kunne også fiskast i NØS i den nordlege delen av Nordsjøen (ICESs område IVa). I 2008 og 2009 kunne 13 680 tonn og 23 468 tonn av makrellkvota også fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen. I praksis har fisket dei siste åra vore i Nordsjøen.

Færøyane si seikvote sør om 62°N inkluderer bifangst av sei i andre fiskeri. Det same gjeld for sildekvoten. I 2008 utnytta Færøyane 24 % av kvoten. I 2009 fekk Færøyane auka seikvoten nord om 62°N, frå 1550 tonn til 3550 tonn, tilleggskvoten kunne også fiskast sør om 62°N. Færøyane fiska 911 tonn sei sør for 62°N i 2009.

Kvoten på hestmakrell kan også fiskast nord om 62°N.

Grønland – Noreg

Kommentarar til oversikta

Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.21. Grønland har nytta torske- og hysekvotane godt i 2008 og 2009. Grønland fiska 64 % og 95 % av seikvoten i 2008 og 2009.

Grønland overførte torske- og hysekvotar til delte frå Russland til NØS tilsvarende 3100 tonn og 4500 tonn i 2009.

I 2008 og 2009 fiska eitt fartøy botnfisk i NØS i Nordsjøen.

Tabell 5.21 Oversikt over Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
NØS, N 62°N:				
Torsk	4025	5075	3230	4977
Hyse	1060	1410	1010	1407
Sei	800	730	511	697
Sild	-	4000	-	2920
Andre artar	150	150	92	84
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	-	-	17	10
Sei	925	925	864	933
Andre artar	110	110	14	23

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

Island – Noreg

Island fekk ein torskekvote i NØS nord om 62°N på 3820 tonn i 2008 og 4720 tonn i 2009 som eit resultat av Smottholsavtalen. Sjå tabell 5.22.

Kommentarar til oversikta

Island kunne fiske til saman 220 262 tonn og 238 399 tonn sild i 2008 og 2009 i fiskerisona ved Jan Mayen. Av desse kunne 40 986 tonn og 44 361 tonn fiskast i NØS nord av 62°N.

Tabell 5.22 Oversikt over Island sine kvotar og fangstar i 2008 og 2009 i NØS nord for 62°N

Art	Kvoter (tonn)		Fangst ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	3820	4720	3827	4493
Hyse ²	-	-	412	302
Sei ²	-	-	131	67
Sild	40 986	44 361	41 699	38 715
Anna ²	1146	1416	60	98
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Sild	220 262	238 399	29 970	4672
Kolmule	-	-	-	-
Annet	-	-	405	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

² Bifangst inntil 30 %.

EU (Sverige – Danmark) – Noreg, om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan berre fiskast i Skagerrak. For dei andre artane gjeld kvotane både Skagerrak og Kattegat.

Kommentarar til oversikta

EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 5.23. Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men for enkelte artar har også andre EU-land mindre kvotar.

Tabell 5.23 syner at EU nyttar kvotane på torsk og nordsjøsild best. På autonomt grunnlag kvoteregulerer EU også andre bestandar enn dei det er fastsett kvotar på gjennom avtalen om regulering av fiskebestandane i Skagerrak/Kattegat. Desse bestandane er tunge, skolest, lysing og sjøkreps.

Sverige – Noreg

Kommentarar til oversikta

Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.24. Industrifiskkvoten til Sverige omfatta kolmule, augepål, tobis, brisling og hestmakrell, av dette kunne det fiskast maksimalt 400 tonn hestmakrell. I tabellen er fangstane av augepål, kolmule, tobis og hestmakrell samla under industrifisk. I 2008 fiska svenske fartøy 756 tonn industrifisk, medan dei i 2009 fiska 621 tonn.

Tabell 5.23 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
Torsk	3063	3981	2451	2850
Hyse	2736	2481	1244	1317
Kviting	1031	1031	91	93
Raudspette	9163	9163	6922	5677
Nordsjøsild	44 781	32 690	39 082	26 768
Brisling	48 100	48 100	6097	6955
Reker	6205	6205	3558	3250

¹ Fangsttala for heile 2008 og 2009 per 31. oktober 2009 vart utdelt under forhandlingane mellom Noreg og EU hausten 2009.

Tabell 5.24 Oversikt over Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2008	2009	2008	2009
NØS, Nordsjøen:				
Torsk	382	382	382	345
Hyse	707	707	76	140
Sei	880	880	880	675
Kviting	190	190	44	32
Industrifisk	800	800	756	621
Makrell	242	242	242	242
Nordsjøsild	846	846	782	846
Reker	164	164	122	164
Andre artar	-	-	266	104

¹ Fangsttala er basert på innrapporterte tal frå Det Svenske Fiskeriverket.

I samband med at Sverige vart medlem i EU frå 1. januar 1995, fekk svenske fartøy høve til å fiske i NØS i Nordsjøen på EU sine kvotar av torsk, hyse, sei, kviting, makrell og sild i medhald av avtalen mellom EU og Sverige.

I hovudsak er det svenske fisket retta mot kvotane deira av torsk, sei, makrell, sild og reker.

Rekefisket ved Svalbard

I 1996 vart rekefisket ved Svalbard regulert ved å setje grenser for innsatsen i fisket. Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard delta i dette fisket med eit avgrensa tal på fartøy (Canada, Fær-

Tabell 5.25 Oversikt over fangst av reker ved Svalbard

Land	Fangstar ¹ (tonn)		Maksimalt tilletne fiskedøgn	
	2008	2009	2008	2009
EU	315	662	1080	1080
Færøyane	278	388	922	922
Grønland	-	-	450	450
Noreg	3951	8034	5795	5795
Island	-	-	70	70
Russland	-	-	3256	3256
Canada	-	-	108	108

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 9. mars 2010.

øyane, Grønland, Island, EU, Noreg og Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, vart rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa også regulert med fiskedøgn. Av same årsak vart maksimalt tal tilletne fiskedøgn redusert med 30 % frå 1. januar 2006.

Fiskeri- og kystdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 4. juni 2010 om fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2010 og fisket etter avtalane i 2008 og 2009 blir send Stortinget

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post- og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
www.publikasjoner.dep.no

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Omslagsbilete: Departementsråd Jørn Krog og leiar for Den
russiske føderasjonen sitt fiskeribyrå Andrej Krajnij plantar eit
vennskapstre under 38. sesjonen av Den blanda norsk-russiske
fiskerikommisjonen i 2009.

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Oslo AS – 06/2010

